KRISTOFER JANSON

NORSKE EVENTYR

NORSKE EVENTYR

SOM TALETEKSTER

KRISTOFER JANSON

NORSKE EVENTYR

SOM

TALETEKSTER

ANDRE UPPLAGET



GYLDENDALSKE BOGHANDEL
KRISTIANIA OG KØBENHAVN
1920

A/S RISØR BOKTRYKKERI

TIL ALLE NORSKE UNGDOMSLAG

INNHALD

Fyreord.

Eg hev dei siste aari faret vida kring i vaart land og haldet fyredrag paa folkeakademiom. Paa desse ferderna hev eg ofta freistat aa tala um folkeeventyri vaare. Og folk hev likat desse fyredragi vel, so vel, at mange hev talt meg til aa lata deim prenta. Eg etlar deim helst til bondeungdomen og til ungdomslagi. Derfor prentar eg deim paa *landsmaal,* som det høver norske folkeeventyr. Eg trur, at desse fyredragi vil vera laglege til aa lesa høgt paa møtom aat sovorne lag.

Paa same tid lyt eg bera fram mi takk til Christopher Bruun, for han er den, som fyrst hev opnat augo mine for dei skattar, me eig i eventyri vaare, og kor høvelege dei er til taletekster. Eg maa takka honom for fleire av eventyr-utleggjingarne i denne samlingi, daa dei er grunnlagde paa fyrelesingar han hev haldet yver desse emni paa folkehøgskulen.

Detta gjeld serlegt um: dei tri morsyster og Lurvehetta; Austanfor sol og vestanfor maane, Fylgjesveinen, Manndotteri og kjeringdotteri. Og dermed gjev eg desse fyredragi til den norske ungdomen og vonar, at dei vil verta til gagn og gleda for sume.

Kristofer Jansen.

Innleiding.

Det er mange, som trur det, at folkeeventyri vaare det er berre vas for born. Og det er sant, at me hava ein heil brote med slike reglor og rispor, som er gjorde berre til aa moroa born med. Men dei fleste av eventyri vaare gøyma under den droplutte kaapa si ein livsvisdom, som ætt paa ætt av folket vaart heve huglagt. Paa annan maate var det umogelegt aa tyda det sersynet, at desse eventyr, som er mange tusund aar gamle, hev fylgt med folket vaart fraa dei gamle bustadom dei hadde i austerlandet gjenom vidderna i Russland og skogarne i Tyskland og upp til fjelli her i Noreg. Paa annan maate var det umogelegt aa tyda den elsken, som folket heve lagt paa deim, soleides at dei hev gjevet deim fraa seg som ein heilag arv fraa bestefar til barnebarn, ættled paa ættled nedetter, og du kann finna same eventyret fortalt i nokot nær same ordlaget sud med Lindesnes som nord med Nordkapp. Det kann vera sant, at denne livsvisdomen i eventyret er gløymd i dei fleste bygdelag, elder løynd soleides at forteljaren inkje lenger kann utgreida honom. Men meiningi ligg gøymd der likavel, og baade dei, som fortelja, og dei som lyda paa, kjenna seg dregne til eventyret av nokot løyndomsfullt, um dei inkje kann gjera greida for, kvat det er, som dreg

deim. So staa me daa framfor eventyri vaare som framfor ei gomol langgodmor. Ho heve set mangt, og ho heve røynt mange i sitt lange liv. Og det, ho heve set og røynt, heve ho sveipt inn i denne eventyr-hamen sin. Og ho samlar endaa ungdomen kring seg um vetrakveldarne, naar elden sprakar paa peisen. Og augo til borni vert lika blanke og store, som hennar augo vart, daa ho fyrste gongen høyrde Austan for sol og vestan for maane elder Soria Moria slott.

Kven er det, som heve diktat eventyri? Ja det er det ingen, som veit.

„Dei hev gjort seg sjøl,
dei kom hitrekande paa ei fjøl",

syng stevet. Men at det er ein, anten det no er mann elder kvinna, som hev diktat kvart eventyr, det er sjølvsagt. Og at denne diktaren hev meint nokot med det, han hev diktat ihop, det er og sjølvsagt. Dei gamle hev lagt ned i eventyri livsrøynsla si, sin song og si klaga, si gleda og si sorg, si tru elder sine svikne voner. Og dei hev valt denne eventyrformi, av di ho laag nærast innpaa deira draumleik, og dei daa kunde vera tryggast for, at inkje ureine tankar sulkad til det, som for deim var so høgt og heilagt.

Eg skal no her freista aa avduka nokre av desse eventyri. Eg vil byrja med „dei tri morsyster" og „Lurvehetta". Eg slær deim ihop, av di dei fylla ut kvarandre.

Dei tri morsyster.

Det var ein gong ein mann, som budde i ein skog, og som livde av veiding. Han hadde ei

dotter, som var so væn, at maken hennar inkje fanst i sju kongerike. Men ho hadde ingen ting lært stakkaren annat enn aa ribba og steikja fugl. „Kor skal det gaa med deg dotter mi", sa' faren ofta med henne. Men gjenta meinte, ho skulde nok klara seg, for ho var so naudande væn. Og daa ho var vaksi, strauk ho strakst av til kongsgarden og baud seg fram til tenasta.

Jau, daa dronningi saag, kor fin ho var, stedde ho henne strakst. Men dei andre tenestgjentunn vart arge. Og dei sa': „Denne nye gjenta hev sagt seg god for aa spinna eit pund lin i 24 timar ho."

„Ja hev ho sagt det, skal ho og gjera det," sa' dronningi. Og so ropad ho gjenta til seg. Aa — gjenta stakkar vart so hjarterædd, at ho inkje torde vera ved, at ho inkje hadde set so myket som ein rokk ein gong. Og so bad ho berre um aa faa eit rom fyre sjølve seg. Og det fekk ho. Og dit bar dei baade rokk og lin. Der sat daa gjenta reint handfalli, og visste inkje, kor ho skulde byrja og kor ho skulde enda. Daa bankar det paa døri. „Kom inn!" Og inn kom det ei kjering — ja ho var med det fælaste, som gjenta hadde set. „Kvat er det du sit og sipar for, gjenta mi?" spurde kjeringi.

„Aa det nyttar inkje aa segja det med deg, du kann so inkje hjelpa meg lel," svarad gjenta.

„Aa det var 'kje so umogelegt det," meinte kjeringi. Og so klagad gjenta si naud for henne.

„Gakk og legg deg du gjenta mi, so skal eg gjera arbeidet," sa' kjeringi. „Men so skal du lova aa kalla meg morsyster paa din heidersdag." Ja det skulde gjenta meir enn gjerna. Og so la ho seg til aa sova. Og daa ho vaknad um mor-

gonen, laag der det finaste garnet, du kann tenkja deg, paa bordet.

Men dei andre tenestgjentunn vart endaa argare. Og dei sa' med dronningi: „Denne nye gjenta, ho hev sagt seg god for aa veva dette garnet til lereft i 24 timar."

„Ja hev ho sagt det, skal ho og gjera det," svarad dronningi. Detta vart verre og inkje betre. Gjenta stakkar vart so vitskræmd, at ho inkje torde vera ved, at ho inkje hadde høyrt gjetet ein vevstol ein gong. So bad ho berre um eit kammers for seg sjølv. Det fekk ho, og dit bar dei baade vevstol og vevkrakk og vevskeid. Der sat gjenta og skubbad seg paa krakken og visste korkje att elder fram. Daa kakkar det paa døri. „Kom inn!" Og inn kom andre kjeringi. Ho var endaa fælare enn den fyrste. Men gjenta laut lova aa kalla henne morsyster paa sin brudlaupsdag, og so gjorde ho alt arbeidet, med' gjenta sov.

Daa gjenta morgonen etter kom med vevbunken til dronningi, vart denne so glad, at ho slo henderna ihop. Men dei andre tenestgjentunn vart endaa sintare, og dei sa: „Denne nye gjenta hev sagt seg god for aa klippa og sauma denne vevbunken upp til skyrtor i 24 timar." „Ja hev ho sagt det, skal ho og gjera det."

Detta vart upp i same leiken. Gjenta torde inkje vera ved, at ho aldri hadde havt naal i hand. Ho bad berre um ei stova for seg sjølv. Og dit bar dei daa baade vev og saks og naal og traad.

Gjenta stakkar sat der like modlaus som fyrr. Daa dunkar det paa døri. „Kom inn!" Og inn kom tridje kjeringi. Ho var endaa den styggaste av deim alle ihop. Men gjenta lovad aa kalla

henne morsyster paa sin heidersdag. Og so la' ho seg til aa sova.

Og daa ho vaknad morgonen etter, so laag det dei finaste skyrtor paa bordet. Og det var endaatil saumat namnemerkje i deim. Og daa gjenta denne gongen kom til dronningi med sendingi, vart denne so glad, at ho tok kring gjenta og sa': „Vil du no hava prinsen, skal du faa honom, for du er so hæv, du treng inkje leiga burt nokon ting, du kann spinna og veva og sauma all ting sjølv.“ Og daa gjenta var so væn, hadde inkje prinsen nokot mot det, kann du vita.

Som dei no sat med brudlaupsbordet, bankar det paa døri. Og inn kom fyrste kjeringi. Ho hadde ei nasa so lang, ja ho var vist tri alner lang. „God dag morsyster!“ sa' bruri, reis og neig fyre henne.

„Det er daa inkje morsyster di, ho der?“ spurde prinsen og log.

Jau det var daa det.

„Ja so, ja du fær vera velkomi.“ Men prinsen fekk litet vondt fyre bringa.

Ei stund etter bankar det andre gongen. Og inn steig andre kjeringi. Ho hadde eit bak so breidt som ei laavedør, so det var snaudt nok ho fekk rugga seg inn gjenom døragapet. „God kveld, morsyster,“ sa' bruri so blid som ei leika og neig fyre henne.

„Nei det er daa vel inkje morsyster di det der?“ spurte prinsen reint handfallen.

Jau det var vel.

„Ja so, ja du fær sjaa at du kann finna deg sess“ — men han miste reint mathugen.

So drygde det eit litet bil, daa kakkar det tridje gongen paa døri. Og inn kom tridje

kjeringi. Ja ho var endaa den fælaste. Ho hadde augo so sure og rennande, at folk snaudt kunde orka aa sjaa paa henne. „God dag, morsyster!“ sa' bruri med det blidaste mælet og neig fyre henne.

„Nei det kann daa inkje vera morsyster di, ho der,“ ropad prinsen reint forstøkt.

Jau det var nog det.

„Ja so — du fær sitja innpaa.“

Men han smakad inkje matbiten meir. So sat han ei stund og grundad. Men so kunde han inkje tegja seg, og so sa' han: „Men seg meg, korleides kann det rima seg, at du bruri mi, som er so fin og fager, kann hava slike fæle og vanskapte morsyster?“

„Jau det skal eg fortelja“, svarad den fyrste kjeringi. „Daa eg var ung, var eg no visst so væn som denne her. Men so fekk eg inkje lov av foreldri mine til annat enn aa sitja og spinna jamt og samt. Og so sat eg der og spann og dubbad, og dubbad og spann. Og so tøygde nasa seg etter traaden, so ho vart so lang som ho no er.“

„Ja og eg,“ sa' den andre, „eg fekk aldri av mine foreldre lov til annat enn aa sitja og skubba og skura paa denne vevkrakken stødt. Og so fekk eg daa dette baket som du ser, so breidt som ei laavedør.“

„Og eg daa,“ sa' den tridje. „Eg fekk aldri av mine foreldre lov til annat enn aa putla med denne naali fraa morgon tidleg til sein kveld. Og so fekk eg desse augo so sure og leide, at folk vemjast ved aa sitja i lag med meg.“

„Ja er det sant, at dette arbeidet kann gjera folk so fæle og vanskapte,“ sa' prinsen, „so skal bruri mi korkje spinna, veva elder sy i sine livedagar.“

Som de alle kann sjaa, er det her i eventyret ei motsetning millom gjenta paa den eine sida og mosterna paa den andre. Gjenta, som er fødd og uppali i ville skogen, grodd upp der som ein annan blom, er eit bilæte paa kvendeleg ynde og tekkje. Det er og ei naturgaava, som ein inkje kann framtvinga med kunst, kor lenge ein vilde stræva med det. Og denne givnaden hugstel alle, endaatil dronningi, som elles ser ut til aa gjeva mosterna rett.

Og mosterna dei er daa eit bilæte paa det daglege kavet og slitet, som maa til, men som ofta gjerer livet so balsamt, stygt og keidt.

Saman med desse stend daa dronningi — ho held med mosterna — og prinsen — han held med den unge gjenta. Men prinsen er det, som skal raada fyre land og rike, og han gjerer den væne men udugande gjenta til dronning. Det er soleides greidt, at han, som heve diktat eventyret, held med prinsen og med den unge gjenta. Han gjerer seg moro av aa skildra mosterna so motbursame, som det vel er mogelegt. Han driv reint ut gjøn med deim.

Eg synest tru, at eventyrdiktaren hev set seg sint paa, at det væne i livet ofta vert skubbat til sides og trakkat under fot av det nyttige. Og so hev han reist seg i harme og vil verja den retten, som det fagre eig til aa tevla med det nyttige, ja agtast gjævare enn dette. Han vil syna oss, at detta aa lata seg slita ut i daglegt tjaak og kav inkje fører til annat enn ei nasa tri alner lang, til sure, rennande augo og eit bak som ei laavedør. Han vil syna oss, at naar arbeidet vert aandlaust, skil seg ut fraa det fagre, so gjerer det folk berre til maskinverk, til nokre motbursame krøter, som ein snaudt kann

orka aa vera i lag med, minder ein fær kvalme, so som prinsen fekk det ved brudlaupsbordet.

Naar ein skal stad og gifta seg, so spyr ein daa etter annat enn at ho, som kona vert, skal vera god til aa baka og bøta, karda og koka, skura og skubba seg paa vevkrakken. Kona skulde daa helst vera prydnaden i huset. Der ho heve sans fyre det, som fagert er, og der ho steller vænt og pryder heimen, der vert det hyggjelegt aa vera, der trivst mannen. Men der ho berre er ei trælande hand og ein meltande mage, der mannen seint og tidleg berre møter vatsbyttor med skitvatn og karekluter og opne glas og smellande dører og tæsande hudskor, der han jamt maa minnast ordi til Ibsen:

> Og fruentimret med det skidne skjørt,
> med skjæve sko, som klasker under hælerne

der — ja der rømer mannen og gjeng paa klubben elder sit i skjenkjestova. Heimen hans er vorten kald, tykkjer han. Sjæli er liksom burte. Draumen um eit koselegt samliv med ei kvinna, han kunde elska høgre enn alt annat, er burte.

Men likavel er det den raadi, som dei fleste gutar paa landsbygdi faa av møderne sine, naar dei skal ut paa friarferd: "Lat meg no sjaa, du kann finna deg ei, som er hæv til aa greida alt i huset, som kann stella bra i fjos og i kjøk" o. s. v. Og detta er naturlegt, av di velstandet paa ein bondegard i so stor mun kviler paa kona. Men det vert for myket, naar detta kravet aa tenkja berre paa det nyttige vert gjort til *alt*, naar det vert *dronningvilkoret* i landet. "Vil du no hava prinsen, skal du faa honom, for du er so hæv, du treng inkje leiga burt nokon ting, du kann spinna og veva og sauma all ting sjølv."

Men nett av di, at dette livssynet so altfor mykjet raar paa landsbygdi, at kona paa garden skal verdsetjast, etter som ho kann gjera all ting sjølv, nettupp av den orsak sit so mange bondekonor — og helst daa paa dei store bruk — slitne altfor tidlegt, bleike og gamle, skrukkute og med nedbroti helsa. Dei hava inkje kjent annat til livet, enn at det er eit tjaak jamt og samt. Dei hava aldri havt tid til aa lesa elder unna seg nokon hugnad, til aa ganga paa møte og syngja elder samla seg med borni til leik um kvelden. Alltid nokot aa tjaaka med fraa morgon til kveld. Og naar kvelden kjem, so er ein so stupande trøytt, at ein berre lengtar etter aa faa gaa i seng for so aa vakna til same kavet, naar soli spreit. Derfor kviler det so ofta tungsinn paa dei store gardom. Og dei skyna so vel preika um jammerdalen, for det er deira livsrøynslor. Dei hava tynt den unge gjenta i seg, trongi til vænleike og kvila og hyggje, berre med aa lessa for hardt arbeid paa seg. Og det hemner seg.

Skam aa segja det finst det forhold i livet, soleides som samfundet no heve stelt seg, der ein *lyt* kava seg mest i hel, skal ein faa sjæl og kropp til aa hanga ihop. I slike forhold nyttar det litet aa snakka um, at ein lyt halda det vænt ikring seg. Naar eg les um, at sygjentor sit samanstuvad i usunne rom og sauma og sauma til langt paa natt for ei dagløn inkje større enn at dei kann skaffa seg braud og litet tunn te — elder naar eg les um husvære, der huslydar leiga eit rom ihop — ein huslyd i kvar kraa og ein midt paa golvet med kritring til grensa — og at born veksa upp der med lus og lort og vanstell — ja so læt det mest som spott,

naar ein bed slike folk um aa halda livande den unge gjenta i seg, den medfødde sans og trong til vænleike. Dei er heimfalne til mosterna. Men slike forhold burde inkje finnast. Dei er ein skamflekk paa eit samfund, som kallar seg kristet. Kvar menneskja borde hava tid og kvila nog til aa kunna hava det reint ikring seg, kor torveleg denne hugen enn kann te seg. Der skal inkje alltid pengar til. Ein kann pynta med dei enklaste medel. Nokre blomar i vindaugskvarmen kann gjera underverk. Eg heve set husværet til mange fatigfolk, der det var reint og fjelgt. Og dei hadde klipt stjernor og bordor av papir og havt kring blomsterkrusi sine. Elder dei hadde spikrat fast paa veggen nokre bilæte med fargar paa, som dei hadde funnet slengde paa søplekassa kann henda. Det gjerer det alltid livlegt i stova.

Dei syna med detta, at den unge gjenta i deim, sansen til aa hava det vænt ikring seg, endaa liver. Og kor kann inkje slike folk gleda seg i mark og skog ein fin dag. Der gjev Vaarherre deim vænleiken for inkje.

I dei fleste tilfelle nyttar det no litet aa gjeva unge gutar den raadi, at dei skal forelska seg i ei god kokka og gjera henne til dronning. Den væne gjenta i skogen lokkar og dreg, kor udugande ho mun vera. Men likavel kjenner eventyrdiktaren paa seg, at han inkje heve lov til berre aa skumpa mosterna til sides. Dei høyra med til livet dei og. Det er naudsynlegt, at arbeidet deira og vert gjort. Ja dei skal heidrast for arbeidet sitt. Du skal benkja deim med brudlaupsbordet, som vænleiken heve dukat. Og bruri skal takksam reisa seg fraa benken og nigja og kalla dei fæle, slitne kjeringarne for mor-

syster, vedkjenna seg aa vera i ætt med deim. Men korleides desse tvo magterna skal kunna forlikast, korleides ein skal skifta likt millom mosterna og den væne gjenta —, nei det greider inkje denne diktaren. Og det gjerer detta eventyret i grunnen tungsint, um det er aldri so skjemtsamt i formi.

Livsvisdomen i dette eventyret er soleides denne: allting her i livet er tvikløyvt. Anten er det lokkande fagert, men daa duger det inkje stort, elder so er det nyttigt og dugande, men daa er det berre keidt og stygt. Det skulde vera det likaste, um dei kunde semjast og ganga ihop desse magterna. Men daa dei no inkje kann det, og ein er nøydd til aa velja, so vil eg for min part velja det væne og udugande.

Det som denne eventyrdiktaren heve lagt fraa seg som uløyselegt, heve den mannen freistat løysa, som hev diktat eventyret um Lurvehetta. Dette siste eventyret er soleides myket sunnare og djervare enn det fyrste. Det fortel bønderne vaare soleides:

Lurvehetta.

Det var ein gong ein konge og ei dronning, som hadde voret lenge gifte, men hadde inkje aatt born. Det syrgde dei svært paa, for dronningi var barnkjær. Kvar dei fór i det vide riket sitt, saag dei ei Guds velsigning med ungar og allermest var det paa husmannsplassom. Og alltid var kjeringarne framme og skulde skjella paa ungom sine, for no hadde dei gjort *det* galet og no det annat galet. Men dronningi tykte det laut vera hyggjelegt aa hava slik ein unge, um han endaa var so uskikkeleg, at ho laut skjenna paa

honom all dagen. Sistpaa tok dei til seg eit gjentebarn og ol henne upp til prinsessa.

So var det ein dag, daa denne prinsessa sat paa tunet og leikad med eit gulleple, at ei fatigtaus kom rekande. Og daa ho saag prinsessa sitja der og leika seg, sette ho seg attmed, og dei trillad gulleplet millom seg paa sanden. Detta saag dronningi uppe paa svali, og ho gav seg til aa ropa paa dotter si. Ho gjekk, men fatigtausi gjekk med, og hand i hand kom desse tvo inn i salen.

"Det sømer seg inkje deg, som er prinsessa, aa leika med ein fillute unge," sa dronningi kvast. Og ho vilde til aa jaga av tausi. Men daa tok ho til aa sipa og suttra og sa': „Du skulde berre vita det, som mor mi veit du, so vilde du inkje jaga meg."

„Kvat er det mor di veit daa?" spurde dronningi speande.

„Ho veit raad med aa skaffa deg born, ho," svarad ungen.

„Kvat slag?" — dronningi sende paa flekken bod paa gamle kjeringi. Og ho kom.

„Veit du, kvat dotter di her segjer? Ho segjer, du kann skaffa meg born," sa dronningi.

„Iss! meta det, som slik ei gjentetufs segjer," sa' kjeringi, „det er berre tull og tøv."

Ja dronningi vart harm og vilde setja baade kjeringi og ungen paa dør. Men so tok tausi til aa snufsa og sagde: „Du skulde traktera mor mi litet, so kom ho nog ut med det."

Dronningi sette daa fram baade mjød og vin og nokot aa bita i. Og daa kann det vel henda, at munnen til kjeringi kom paa renn.

„Jau det var 'kje so umogelegt, at ho kunde vita greida paa det sa'n. No skal du berre

høyra. I kveld, naar du vaskar deg, skal du tvætta deg i tvo byttor med vatn, og so skal du slaa vatnet ut under sengi. Og naar soli sprett, skal du kika innunder, og daa ser du, at det stend tvo blomar. Den eine er ljos og fin som dagen, og honom kann du eta strakst. Den andre er berre stygg og svart, og honom maa du inkje eta — høyrer du, du maa inkje eta den stygge og svarte."

Nei nei — dronningi skulde vel agta seg fyre det. Ho gjorde som kjeringi hadde sagt. Og du kann vita, det var inkje stor blund ho fekk i augo den natti. Og det fyrste soli spratt, keik ho innunder sengi. Og jau, det var rett det, der stod dei tvo blomarne. Den eine var ljos og fin som dagen, og honom aat ho upp strakst. Og han smakad so vedunderleg søtt, at ho tenkte, det kunde inkje skada aa taka den andre med. Og so aat ho den stygge og svarte og.

Jau, daa eit bil var gjenget, vart dronningi med barn, og det vart tvillingar. Den fyrste kom til verdi ridande paa ein bukk, med grautsleiv i hand og med haartafsarne fljugande kring akslom. Og daa ho sprang fram paa golvet, ropte ho: „mama", som det berre skranglad i stova.

„Gud hjelpe meg, er eg mama di," skreik dronningi, daa ho saag dette kraakeskræmslet.

„Syt inkje for det, det kjem ei etter, som er finare," ropte Lurvehetta.

Og det var sant. Dronningi fekk eit barn til, og det var ei gjenta so bjart som soli. Og henne vart dronningi glad i kann du vita, men Lurvehetta vilde ho skumpa ut til tenestefolket. Nei, Lurvehetta vilde inkje lata seg bjoda slikt, ho vilde vera der den væne systeri var. Og so vart det til di, at dei vart uppalne ihop.

No er det inkje aa fortelja um deim, fyrr dei var vaksne. Daa var det ein jolekveld, at det vart slik forsett ramling ute i svali.

„Kvat er det som ramlar so?“ spurde Lurvehetta.

„Spyr meg inkje, barnet mitt, eg kann inkje fortelja det lel,“ svarad dronningi.

Jau Lurvehetta vilde vita greida paa, kvat det var, som øydelagde jolefreden i kongsgarden. Og so laut dronningi ut med, at det var trollkjeringarne, som dreiv sitt spel jolenatti.

Trollkjeringar i kongsgarden — nei det vilde inkje Lurvehetta vita av. Ho sadlad bukken, tok grautsleiv i hand og ut til aa dengja trollkjeringar. Men i det same ho smatt ut, ropad ho attende: „Agta no den væne syster mi, at ho inkje tek skade“. Og dermed ho til aa sopa trollkjeringar ned yver alle tropperna. Og det vart eit dunder og brak, som huset skulde rjuka sundt i kvart stokkefar.

Den væne systeri, som gjekk og ruslad derinne i stova, høyrde detta staaket. Og ho fekk slik urimeleg hug til aa sjaa paa denne leiken. So stakk ho hovudet ut gjenom dørglytten; men det skulde ho inkje hava gjort, for i det same kom det ei trollkjering farande, nappad hovudet og sette eit kalvehovud i stellet. Og daa Lurvehetta kom inn atter, gjekk den væne systeri og rautad som ein kalv.

„Jau no hava de gjort det godt,“ sa' Lurvehetta. “Er det no einkvar, som kann gjeva henne rette hovudet att?“ — Nei det var inkje det.

„Det lyt vel vera eg, som maa i vegen daa“, sa Lurvehetta. „Høyr no,“ sa' ho med kongen, „no skal du reida meg eit skip, som er baade stort og godt; men skipar og mannskap skal

eg sjølv vera. Og den væne systeri tek eg med meg."

Jau kongen vilde gjera alt det, ho sagde. Og so strauk dei.

Dei sigide baade langt og lenge. Og so kom dei til trollkjeringland. Lurvehetta tok bukken og reid i land. Og jau — det var nog rett, for der stod slottet, og der stod hovudet til den væne systeri og sprikte i vindaugskvarmen. Lurvehetta nappad det. Men i det same urde det av trollkjeringar rundt henne. Men ho vart inkje rædd. Ho vende bukken, han stangad, og Lurvehetta dreiv til deim med grautsleivi, so dei laut røma. Og so gav ho syster si rette hovudet att, og kalvehovudet slepte dei paa sjøen.

Og so fór dei langt og lenger enn langt. Og so kom dei til kongslandet. Daa den gamle kongen saag, at det laag eit framandt skip med bryggja, tiltad han stad og skulde sjaa, kvat som var tids. Men han vart mest rædd, daa han ingen annan saag enn eit skræmelegt kvinnfolk med haartafsar fljugande kring seg, ridande paa ein bukk og med grautsleiv i hand. „Er her ingen annan umbord?" spurde han forbinad.

„Aa jau, her er ei, men ho er so væn, at det er ingen, som fær sjaa henne, minder kongen kjem sjølv." Men han var kongen, han. Ja daa fekk han sleppa umbord. Lurvehetta leidde kongen ned i kajytta, der den fagre systeri var. Og daa kongen saag henne, vart han so hugstolen, at han fridde paa flekken.

„Aa jau, det skulde nog vera utveg til det," meinte Lurvehetta, „men so lyt prinsen taka meg."

Ja det skulde han, berre dei no vilde koma i land. Og daa dei var til slottet komne, so sa'

kongen med son sin, at no laut han gifta seg med Lurvehetta. Men daa prinsen fekk sjaa detta fugleskræmslet, hadde han inkje hug til det, som rimelegt var. Men daa gav kongen seg til aa gnaala paa honom soleides, at han sistpaa gav seg. Og so skulde dei daa fara brudlaupsferd saman desse tvo.

Fyrst so kom kongen køyrande i gullkaret med aatte hestar fyre. Og attmed honom sat den væne systeri og skein, so det lyste lang leid.

Men etter deim reid prinsen, og han saag alt annat enn nøgd ut, for attmed honom traavad Lurvehetta paa bukken sin og med grautsleiv i hand til kyrkja. Dei reid tagalle ei stund. So sagde Lurvehetta: „Snakka no med bruri di litet."

„Eg hev inkje nokot aa snakka med deg um," svarad prinsen so sur som ei edikskrukka.

„Du kunde daa spyrja, kvifyre eg rid paa den stygge bukken," sa' ho.

„Ja kvifyre rid du paa denne stygge bukken daa?" spurde prinsen

„Er det stygg bukk?" Og daa han skulde sjaa aat, so var det den gildaste hesten. Men ho som paa hesten sat, var inkje vænare.

„Snakka litet med meg no," bad Lurvehetta

„Eg hev inkje nokot aa snakka med deg um."

„Du kunde daa spyrja, kvifyre eg hev denne grautsleivi i hand?"

„Ja kvifyre hev du denne grautsleivi daa?"

„Er det grautsleiv?" sa ho. Og daa prinsen saag nærmare aat, so var det den finaste sylvvifta. Men ho som vifta heldt, vart inkje fagrare fyre di. Han vart inkje blid endaa.

„Ver no litet god med bruri di," sa' Lurvehetta og gjorde seg lækker fyre honom.

„Eg heve inkje nokot med deg aa gjera," svarad prinsen arg.

„Du kunde daa spyrja, kvifyre eg hev desse haartafsarne slengjande kring meg," sa' Lurvehetta.

„Ja kvifyre hev du desse haartafsarne slengjande daa?"

„Er det haartafsar?" Og daa han skulde sjaa nærmare aat, so var det blankaste, ramsvarte haaret, og paa det sat det ei gullkruna. Men andlitet under denne kruna var lika graatt og rukkut. Prinsen vart inkje nøgd endaa.

„No maa du prata litet med meg," sa' Lurvehetta.

„Eg hev inkje nokot aa snakka med deg um," svarad prinsen.

„Du kunde daa spyrja, kvifyre eg er so graa og stygg."

„Ja kvifyre er du so stygg og fæl daa?" spurde prinsen og saag paa henne.

„Er eg stygg og fæl?" Og daa prinsen saag meir paa henne — ja den væne systeri var vel fager, men denne var vel mange gonger fagrare. Og daa kann det henda, prinsen fekk munnen paa gong, og kyrkjevegen vart inkje lang. Og so turad dei brudlaup i aatte dagar og so i aatte dagar til, og vil du skunda deg, kann du endaa faa smaka brudlaupsølet.

Det er mange ting i dette eventyret, som eg kunde hava hug til aa dvelja ved. Fyrst den kløkkjande skildringi av dronningi, som lengtar so etter born. Det er det tyngste aa bera før ei kvinna inkje aa faa bruka dei evnorna, som er

dei sterkaste i henne, evnorna til aa elska og uppala born. Og difor vilde dronningi helder hava ein uskikkeleg unge, som ho laut skjenna paa all dagen, enn slett ingen aa hava. Det vil segja, ho vilde helder faa bruka desse evnor i sorg og kvida enn aa sjaa deim berre visna og burtturkast.

So er det det vesle bilætet av prinsessa, som leikar med fatigungen. Og det er ingen av deim, som meiner, at slikt inkje gjeng an. Dei er daa berre tvau mannaborn baae. Sjaa i barndomen er det mannahjarta, som møter mannahjarta, men ettersom me veksa til, byggja me av vaare eigne fordomar og daarskapar ein mur millom oss. Daa gjeng det ikkje an lenger, at den eine heve fri umgang med den andre; for den eine høyrer til *fine* folk og den andre berre til *simple* folk, den eine eig 100,000 krunor og den andre inkje 100 krunor ein gong. Daa høyra me um raseskilnad og standsskilnad, um „fødselsaristokrati“ og „pengearistokrati“ og alt detta andre vaset, som spiller og øydelegg kjærleiken millom oss. Lat kvar og ein verta dømd etter sitt *andlege* verd og inkje etter klæde elder stand elder pengar.

Men lat oss skunda oss til det, som er kjernen i eventyret vaart, um dei døtterna, som dronningi sistpaa fekk paa slik ein vedunderleg maate.

Lurvehetta kom til verdi ridande paa ein bukk og med grautsleiv i neven, fortel eventyret. Bukken leider oss burt aat stallen og sleivi til grautgryta. Det vil soleides segja, at Lurvehetta fraa fødsla av stend reide til aa taka fat paa det daglege arbeid i kjøk og i fjos, alt det vanlege stellet, som krevst paa ein bondegard. Men

det er no inkje det lel, som eventyret mest prisar. Eventyret legg tyngdi paa, at den same dugleiken, som Lurvehetta kann syna i sitt daglege arbeid, den same dugleiken syner ho og, naar det gjeld andleg daad. For ho er det, som reinskar kongsgarden for trollkjeringar. Ho er det, som elskar den væne syster si so høgt, endaa denne alltid skal gjølast fyre, med' Lurvehetta helst skal skumpast ut i kjøket, elskar henne so høgt, at ho vaagar livet fyre henne og legg seg ut i alle faarar berre for aa skaffa henne rette mannahovudet atter, den gongen ho er vorti forgjord til eit dyr. Men nettupp av di det under denne harde skorpa gøymer seg eit rikt og varmt indre, gøymer seg klokskap og friskt mod, raadsnar vilje og praktisk dugleike og eit hjarta so stort og varmt, at det kann sjaa burt fraa smaaleiken hjaa alle dei andre — nett difor er ho tifald vænare og meir verd enn den fine systeri, som inkje kunde annat enn sviva paa golvet og vera væn.

Men sjaa denne indre vænleiken er det inkje so beintfram aa faa auga paa. Du opendagar honom fyrst, naar du vert retteleg kjend med henne, naar du gifter deg med henne, vert liksom eitt med henne. Daa vil du faa augo upplatne for det, at merki etter hennar daglege gjerning: bukken, sleivi, haartafsarne, detta som fyrstundes skræmde deg burt, det er just hennar æremerke. Med andre ord, at det gildaste, som ein kann segja um ei menneskja er det, at han som duger til andleg stordaad, inkje held seg for god til aa taka henderna i det grøvste arbeid, naar det er ærlegt og naudsynlegt.

Det er ei ulukka i Europa, at dei i sine skular hava sett for sterkt skil millom aandlegt og likam-

legt arbeid, at dei hjaa sume stræva med berre aa slipa og skura aandi, so ho kann verta so kvass og fin som mogelegt, med' dei skuva det praktiske arbeid til sides. — og hjaa andre stræva med aa utvikla deira musklar til aa tola slit, med' deira aand fær stella seg sjølv, som ho best kann. Det ser ut til aa vera sant det, som vart peikat paa i det fyrste eventyret, at vænleike inop med dugløysa skal standa paa eine sida, og dei fæle men dugelege mosterna paa den andre, og at inkje nokor semja er mogeleg millom deim.

Daa eventyret vaart berre held seg til kvinnor, lyt eg og halda meg innanfyre dette tronge gjerdet. Og eg skal no røda nokre ord um frøkenutdaning (den væne gjenta i eventyret) og so kvardagsutdaning eller Lurvehetta.

Den fine gjenta i eventyret er skildrad soleides, at ho var so væn, at det lyste av henne paa langan leid; men so iddest ho inkje gjera annat enn aa sviva der paa golvet og vera fin. Ho torde inkje reka ute, for ho kunde faa ein flekk paa den nye kjolen sin elder sulka dei fine skorne sine, elder det kunde koma ein vindpust og forkjøla henne stakar. Ho tolde inkje aa stinga hovudet ut gjenom dørsprunga, fyrr det hende ei ulukka.

Og sjaa denne skildringi kann endaa høva paa døtter fraa fine og rike heimar. Dei ganga rundt der forklussad av foreldri sine. Dei vert uppalne som ein veik blom, som inkje kann tola ein vindblaff, fyrr han folnar elder vantrivst. Og desse kjælne vanar og denne torste etter aa hava det rikt og fint ikring seg, dei smitta nedetter til dei lægre samfundslag. Det er inkje lenger no, som det var millom besteforeldri vaare, at

folk kunde nøgja seg med trestolar og ei dragkista av bjørkeved, naar dei skulde setja bu, og daa unge gjentor inkje fekk læra annat enn religion og koking. Nei, no krev handverkardøtter og arbeidardøtter bolstrad stolar og sofa og hattar med fine fjører og biljettar til teater og traktering med chokolade og kakor av gutarne, som flikra fyre deim. Og av kravet til luksus er vortet so sterkt, so er det mange, som inkje hava raad til aa gifta seg. Og so veks sedløysa — det er den myrke sida av tingen.

Daa no den tid kom, daa embættsdøtter inkje lenger vilde lata seg lita med berre religion og koking, men kravde vidare utdaning, inkje vilde ganga der som ei onnor Lurvehetta, so var skularne so ukloke at dei ei tid heilt skuvad lurvehette-arbeidet fraa seg. Dei unge gjentorna fekk inkje lenger læra aa spyta og bøta og koka mat og sovoret, det som kunde skapa gode husmøder. Nei no skulde dei læra framande maal, endaatil latin. Og so skulde dei læra det finare handarbeid aa hekla og brodera. Den grove daglege husgjerning var lurvehette-gjerning, som inkje høvde til det fine selskapet.

I vaare dagar møta me atter ein motstraum mot denne yverdrivingi. Folk hava fenget augo upplatne for det, at til ei rett daning høyrer det dagelege gjeremaal i huset vel so myket som tysk elder fransk. Og difor er det no upprettat hushaldsskular og kokeskular, og „damer“ held seg inkje for gode til aa søkja seg plass som tenestegjentor og barnefrøkner. Detta tyder paa nokot sunt i tankegangen. Det tyder paa, at den fine gjenta og Lurvehetta skal læra aa forlikast.

Men lat oss koma attende til den fine gjenta

i eventyret. Naar eg sa' det, at det slag folk livde eit innestengt stoveliv, so var det inkje meiningi dermed aa segja, at dei aldri slepp ut um husveggjerne. Nei, men det, som dei læra aa kjenna derute, er berre det ytre tome skin. Det er kaffiprat og studentprat og kadetprat. Det aalvorlege livet med sine stormar og sin strid, med si uro og sin hugverk, sine nederlag og sin siger læra dei inkje aa kjenna. Dei er inkje nøydde til aa blanda seg upp i slikt; dei kann lognt sitja og putla med handarbeidet sitt elder brodera ei sofaputa til Sofie, til dess dei sjølve er so hepne aa verta gifte. Og naar dei so godt og vel er det, so standa dei der reint uppraadde og veit korkje att elder fram. Og daa er det visst mang ei, som gjerna vilde byta all sin tysk og fransk burt, kunde ho so sant koka potetor og laga lapskaus.

Eg kjende ein gong ei ung gjenta, som vart gift ut or slikt eit rikt hus, og som detta vart tilfellet med. Ho hadde so mang ein gong havt hug til aa ganga i huset og læra litet matlagning, men ho hadde aldri fenget løyve. Mor hennar hadde, kvar gong ho gjekk til kjøket, sendt henne attende til storstova. Der skulde ho „konversera“ gjesterne. For kvat skulde ho læra husstell etter, det kom ho aldri til aa stella med lel, det skulde tenestefolket gjera. Men so hende det seg so meinslega, at ho vart gift med ein ung mann, som inkje hadde raad til aa halda tenarar paa kvar finger. Og der kom den unge husmoderi ein dag i kjøket og saag supegryta koka yver og gjenta var nettupp ute. Kvat skulde ho gjera? Ho stod fyrstundes reint fortussad og saag paa dette furdeverk, so treiv ho modigt eit grytelok og sette paa. Men hadde inkje gryta

kokt skikkelegt fyrr, so gjorde ho det no. So sprang ho etter tvau store strykejarn og la' uppaa loket. Men det var verre og inkje betre. Gryta eimde og saud, som vilde loket dansa i lufti. Sistpaa sprang ho daa ned til husmoderi i andre høgdi og bad og tryglad henne aa berga supa til middags. Daa fekk ho vita det, som eg kunde lært henne, at ho fyrst skulde blaasa litet paa supa og so slaa kaldt vatn i gryta, til ho fekk karat elden burt litet. Eg gav same husmoderi ei leksa i korleides ho skulde laga god kaffi. Ho spurde meg, um ho skulde slaa varmt elder kaldt vatn paa kanna.

Det er synd i slike fine gjentor, som foreldri med vilje halda burte fraa alt lurvehette-arbeid, for det høyrer no med til kvart husvære lel. Denne husmoderi her laut tola den tort aa verta til laatteløgje fyre alle andre kjeringar i byen; naar dei moroad seg med aa rosa alle hennar vedunderlege røynslor i kjøket. Og ho laut læra kvar einaste grand i husstell av si eigi tenestegjenta. Men ho var ein modig maur, som tolug gjekk gjenom skirselden. Og ho vart sistpaa ei dugeleg husmor.

Men just av di, at so mange folk berre sjaa etter det fine ytre og inkje spyr etter dugleiken, so er det so mange, som helder inkje kann sjaa nokot vakkert i Lurvehetta. Dei er so tertefine, at dei raudna, naar dei høyra eit eventyr som dette her, av di det talar med slik open breid munn, med' dei med hugnad sluka dei sleipaste dikt og dei sedlausaste romanar, for der er pillorna sukrade, der kling alt som fin fløytelaat. Det er mange endaa her hjaa oss, som verte tykne fordi Sannes heve slike raude, trutne nevar, liksom frøknerna i „fallitten" av Bjørnson gjera

det, endaa desse arbeidsslitne nevarne er myket meir verde enn deira eigne kvite, velstelte fingrar.

Livet, som velter yver oss sine sjodande bylgjor, spyr inkje etter, um du er væn utantil, men det spyr etter, um du duger til aa standa i trollkjeringleik. Og *troll* det er alt, som vil draga menneskjorna ned, som vil faa deim til aa gløyma sitt mannaverd og gjera deim til dyr. Det er raaskapen og villskapen og fylla og dei andre vonde magter, som me kjenna altfor vel. Og me skal inkje undrast paa, at dei finnast paa kongsgarden, endaa kongsgarden i eventyri alltid er det gildaste og finaste, som folket veit um. Men vaaga dei seg endaatil dit, so kann du vera viss um, at dei herja heile landet fraa borg til hytta. Og at jolekvelden inkje slepp undan, det hava me røynt mang ein gong, tenkjer eg. For det er vel ingen kveld, der det er slikt styr og staak og yling av fulle og skraalande og bannande folk, som nettupp den kvelden, daa kristfolket burde samla seg i takk og gleda yver det ljosbodet, som den dagen vart send til jordi. Og det er inkje berre av Lurvehetta det krevst aa taka upp striden mot trollkjeringarne, men av oss alle, so myket me kann reinska heimen vaar fraa deim og skapa fred jolehelgi.

Den fine gjenta i eventyret fekk slik urimeleg hug til aa kika paa denne trollkjeringleiken — ho heve det so keidt der ho berre gjeng og sviv paa golvet stakkar. Og so sting ho hovudet ut gjenom dørglytten. Men det skulde ho inkje hava gjort. For i det same kom det ei trollkjering og nappad hovudet og sette eit kalvehovud i stellet. Og daa Lurvehetta kom inn atter

i salen, gjekk den fagre systeri paa golvet og rautad.

Sjaa detta er blodig bitande sagt av eventyrdiktaren. Naar slike, smaae grøne damor, som ingen ting hava lært av det daglege strævet og inkje hava kjennedom til livsens vondskap, braadt dumpa upp i trollkjeringleik, so missa dei det vesle vitet dei hadde, so vert dei so usegjeleg toskute, at det er som kalverauting aa høyra snakket deira. Det kann vera sant, at foreldri lyt halda borni sine fraa kjennskap til det vonde so lenge som mogelegt. Men dei maa no møtast med det ein gong, og daa er det best aa vera budd. Dei foreldri gjera inkje klokt, som berre skuva spursmaali til borni til sides, liksom dronningi gjorde, og svara: „Spyr meg inkje etter det barnet mitt, du skynar deg so inkje paa det likavel." Dei gjera berre sitt til, at barnet, naar det kjem ut i livsens strid, vert reint forfjamsat, inkje veit, korleides det skal greida seg, men berre rautar som ein kalv.

Den fine systeri i eventyret lærer oss soleides detta: naar vænleiken berre er utanpaa klint, er eit skal kring eit tomt indre, naar han nørest med, at ein skal halda seg burte fraa dagsens kvardagsarbeid, naar han inkje er i openbering av ei fager sjæl, so er denne vænleiken inkje stort verd.

Og no til *Lurvehetta*. Soleides som ho er skildrad ridande paa ein bukk, med grautsleiv i hand og med haartafsar kring seg, kann me inkje negta, at ho minner i mangt um arbeidsstellet hjaa oss. Det er formyket med rusk og bos paa golvet sumetider. Men me maa hugsa paa, at endaa Lurvehetta ser so ufjeig ut til aa byrja med, so heve ho fræet i seg til aa gro upp til

nokot, som er tifald vakrare enn det, som den væne systeri eig. Bukken veks fram til ein skagild hest, sleivi til ei sylvvifta og haartafsarne til dei blankaste ramsvarte lokkarne med gullkruna paa. Og denne vænleiken lyt vera ein naturleg vokster upp or vaare heimlege forhold og heimlege krafter. Apingi etter den framande utlendske vænleike vert berre eit rengjebilæte, det vert aa setja kalvehovudet paa oss. Det er snart aa sjaa detta. Tak ei bondegjenta fraa ei 'taa fjellbygdom og set henne braadt inn i ein dansarsal i hovudstaden millom finstraakad herrar og nedringad damor — du skal sjaa kor handfalli og trenevad ho ser ut. Ho vil nigja skakt, ganga paa skeive og bita seg i fingrom av berre blygskap. Ho er kommi inn i ein ring av vænleike, der ho inkje eig heima. Men sjaa so same bondegjenta raka høy eller sitja i fjoset og mjølka og tralla til arbeidet, og du lyt segja, ho er væn, av di ho ferdast i ei verd av vænleike, der ho eig heima.

Det same med vaare bygnader. Det var ei tid, daa dei norske bønderne gleddest ved aa møta nokot prydelegt, naar dei kom køyrande til gards. Det kann me sjaa av dei gamle herlege stabbur, av dei mange utkrotad svalgangar, som endaa standa atter. Detta var vænleike grodd upp or den heimlege botn og difor nokot, som dei hygdest ved. Men daa dei skulde vera so utifraa fine, at dei skulde apa etter byvisi, som dei inkje treivst med, daa sette dei kalvehovudet paa seg og rautad knot. Daa sette dei upp desse kvitmaalad, firkantad kassorna med gloande glas paa alle sidor. Daa føddest kaksestova. Heve du set slik ei kaksestova? Det er ein stor aud sal, som stend ubrukt og kald mesteparten av aaret.

for eigaren trivst inkje der. Han held til i det store kjøket som fyrr, der som peisen er og langbordet og folket paa garden. Men han tykkjer, han lyt halda salen lei, um det skulde henda, det kom framande, so myket han kann syna deim, at det finst folk paa berget og. Dit inn skal daa gjesterne tvingast og faa skjenk og nokot aa bita i. Veggjerne er som oftaste brandgule elder sterkt grøne og med same roseborda; for det er same mannen, som heve faret bygderne yver med maalarkvasten sin. Stolarne standa stive burtetter veggjerne lik soldatar, ein sofa med hestehaars yvertrekk er klint upp i ei kraa. Paa veggen heng keisar Wilhelm og jomfru Maria med sverd i hjartat i lag med kong Haakon og Maud. Og tett innmed sofaryggen er daa spikrad eit fotografi av gamle presten og kapellanen ihop med eit tysk nytaarsvers i gyllt papp-raama. Sjaa dette er kalvehovud-smaken sett i stil. Naar ein daa tenkjer paa dei gamle stavkyrkjorna, paa den nationale kunsti, som ein gong blømde her i vevnad og treskurd, so draga me ein sukk. Lurvehetta vart skumpad til sides, og i hennar stelle fekk me den fine systeri. Kjempevisorna og bygdemaalet vert trengt undan av dansk knot og av visorna hans Zetlitz um fader Evan og Venus.

Det heve alltid synt seg i søga, at naar eit folk heve skjemst ved sitt heimlege eige og heve freistat innføra framand kultur, so vert det rengjebilæte. Men naar dei arbeida fram sin eigen vænleike ut or det heimlege vyrket, so vert det sunt og sterkt.

Det var den gongen, daa Grækarfolket hadde utviklat si folkeaand til den høgste tinden, at dei fekk magt til aa driva paa dør dei persiske

trollkjeringarne, som vilde skipla jolefreden i kongsgarden. Dei hava funnet skaalbrot fraa den tid, daa baade skapet paa koppen og utkrotingarne vitna um, at detta var verket av ein kunstnar.

Handverkaren elskad og skynad seg paa kunst, og kunstnaren meinte inkje, at han smaaminkad seg med aa vera med i det heimlege handverk.

Det same gjeld i bokriket. Det var ei tid, daa latin var det einaste fine maalet. Alt som skulde duga i vitskap og dikt maatte skrivast paa latin. Dermed vart den store mugen skild fraa all utdaning. Men daa kom Martin Luther som ei onnor Lurvehetta ridande paa den saksiske bukken sin og med tyske haartafsar fljugande kring seg og tok til med bondesleivi si og jagad paa dør alle dei trollkjeringarne som gjekk der og rautad med det latinska kalvehovudet. Og sjaa — bukken skapte seg um til hest, og sleivi til sylvvifta og haartafsarne til gullkruna. Det vanvyrde saksiske bondemaalet utviklad seg til eit av de finaste kulturmaali me hava, og det fekk diktarar som Schiller og Göethe og Heine.

Det same ned i Danmark. Det var ei tid der, som dei skjemdest med aa tala dansk, minder det var til tenaren og hunden. Men daa kom fyrst nordmannen Holberg og so nordmannen Wessel og gjorde slikt morosam gjøn med alle dei framande trollkjeringarne i den danske kongsgarden, at dei laut hava seg paa dør. Og daa tok folk til aa sjaa seg um etter si eigi Lurvehetta, ho som ein fyrr trudde matte vera dømd til aa rida til evig tid der paa bukken sin med haartafsarne fljugande kring nakken.

Og var det inkje sameleides i Norig? Me hadde fenget dansk bokmaal og dansk teater og meinte,

at so laut det vera i all æva. Den norske Lurvehetta fekk rida der paa bondelandet paa bukken sin med sleivi i hand. Endaa den tid daa Synnøve Solbakken kom ut, sagde Welhaven, at ho luktad for myket av skinnbrok. Men so vaagad Bjerregaard i Fjelleventyret aa draga fram paa tilet ei bondegjenta, som snakkad kavende bondemaal. Og folk lydde og vart forbinad. Det let fagert. Det rann liksom ihop med fjell- og skognaturi. Lurvehetta kann vera væn ho og. Og daa so Bjørnson i si Synnøve synte oss, at denne stillferdige bondegjenta, som gjekk der med sitt fine varme hjartelag og drøymde, var tifald vænere enn dei framande droser — og daa so maalstrævarane tok til aa letta paa seg, daa dei samlad kjempevisor, segner og stev — ja daa byrjad eit reint stræv yver heile lina etter aa faa ruska agnerna og halmrusket or Lurvehetta. Og sjaa — no rid den norske Lurvehetta inkje lenger paa bukk og med haartafsar kring seg. No ho rid paa hesten til sitt gamle maal med sylvvifta i hand og gulikruna paa hovudet stateleg kring millom oss.

I eventyret var det den gamle kongen, han som snart skal leggja seg til aa døy, som gifte seg med den fin-fine frøkni. Men det var prinsen, han som erver landet og eig framtidi, det var han, som gifte seg med Lurvehetta. Detta er soleides spaadomen fyre oss, at det norske sermerket inkje lenger skal verta vanvyrdt og skumpat burt til tenestefolket, men det skal verta sett i høgsætet, verta elskat og utviklat til større og større kraft og stødleike, ettersom tidi lid. Vænleike og arbeidsdug skal gjeva kvarandre hand paa heimegrunnen.

Per, Paal og Esben Oskeladd.

Det var ein gong ein mann, som hadde tri søner, og dei heitte Per, Paal og Esben Oskeladd. Eit stykke burtantil der som mannen budde, laag kongsgarden, og beint utanfyre glaset til kongen hadde det grott upp eit eiketre, som var so digert, at det skygde fyre ljoset i kongsgarden. Kongen hadde lovat ut mange, mange pengar til honom, som kunde hogga eiki. Men ingen var god til det, for so fort som ein hadde hogget ei flis av eikeleggen, grodde det tvo i stellet. So vilde kongen og hava gravet ein brunn, som kunde halda vatn heile aaret. Men det var ingen, som kunde skaffa slik brunn, for kongsgarden laag høgt uppaa ein bakke, og aldri fyrr hadde dei gravet nokre tumar, so kom dei til harde berget.

Sistpaa lyste kongen ut paa alle kyrkjebakkom, at han, som kunde hogga den digre eiki og grava brunn, som kunde halda vatn heile aaret, skulde faa prinsessa og halve riket.

Det vart fullt av deim som vilde prøva seg daa, kann du vita. Men alt dei knartad og hogg, og alt dei rotad og grov, so munad det inkje. Eiki vart tjukkare og tjukkare fyre kvart hogg, og berget vart inkje blautare det helder.

So skulde dei tri brøderne og i vegen og freista lukka. Daa dei hadde gjenget eit stykke, kom dei til ei granlid, og beint uppfyre var det ei bratt heid. So høyrde dei eitkvart, som hogg og hogg uppe i heidi.

„Eg undrast paa, kvat det er, so høgg uppe i heidi eg," sa' Oskeladden.

„Du er no stødt so klok med undringarne dine

du," sa Per og Paal. „Er det nokot te undrast paa, at det stend ein vedhoggar og knartar uppe i skogen?"

„Eg heve no moro av aa sjaa kvat det er lel," sa' Oskeladden. Og dermed so strauk han.

„Aa ja, er du slik ein barnsunge, so heve du godt av aa læra aa *gaa* ogso," ropad brøderne etter honom. Men Oskeladden brydde seg inkje um det. Han la' i vegen uppetter alle bakkarne, og daa han kom dit, der ljoden var, stod det ei øks, som hogg og hogg i einingi paa ein furelegg.

„God dag!" sa' Oskeladden, „stend du her og høgg so einsleg?"

„Ja no hev eg stadet her og hogget i mange lange tider og ventat paa deg," svarad øksi.

„Ja ja, her er eg," sa' Esben, han tok øksi, slo henne av skaftet og stappad baade øks og skaft i skreppa si. Daa han kom nedatt til brøderne sine, tok dei til aa læja og driva gjøn med honom. „Kvat var det for nokot vedunderlegt du fekk sjaa uppe i heidi?" spurde dei.

„Aa, det var berre ei øks det," sa' Oskeladden.

Daa dei so hadde gjenget eit bil til, kom dei under ein berghamar. Uppi der høyrde dei eitkvart hakkad og grov.

„Undrast paa, kvat det er, som hakkar og grev uppi berghamaren?" sa' Oskeladden.

„Jau der skal han til aa undra seg att," sa' han Per og han Paal. „Heve du aldri høyrt fuglarne hakka og pikka upp i treom, du daa?"

„Eg heve no moro av aa sjaa, kvat det er lel eg," sa Oskeladden. Og daa han kom uppunder, saag han det var eit grev, som stod der og hakkad.

„God dag!“ sa' Esben, „stend du her so eismall og hakkar og grev du?“

„Ja eg gjerer det,“ svarad grevet. „No hev eg stadet her og hakkat i mange, lange tider og ventat paa deg.“

„Ja ja, her er eg,“ sa' Esben, han tok grevet, slo det av skaftet, gøymde det i skreppa si og drog ned til brøderne sine.

„Det var vel nokot ustyggelegt rart, du saag deruppe?“ spurde Per og Paal.

„Det var berre eit grev,“ svarad Oskeladden.

So gjekk dei endaa eit stykke, til dei kom til ein bekk. Tyrste var dei alle tri. Og so la' dei seg ned ved bekken og skulde drikka.

„Eg undrast paa, kvar dette vatnet kjem ifraa?“ sa' Oskeladden.

„Eg undrast paa, um du er rett i skallen eg,“ sa' Per og Paal. „Er du inkje galen, so undrar du deg visst galen med det fyrste. Kvar bekken kjem ifraa? Heve du aldri set vatn koma ut or ei vatsaadr du?“

„Eg heve nog hug til aa sjaa, kvar det kjem ifraa lel eg,“ sa' Esben. Og han uppetter med bekken, endaa brøderne skrattad og hujad aat honom. Ettersom han kom høgre upp, vart bekken mindre og mindre. Og daa han kom eit stykke fram, fekk han sjaa ei valnot. Fraa henne var det vatnet sildrad.

„God dag!“ sa' Esben, „ligg du der og sildrar og renn so einsleg?“

„Eg gjerer so,“ svarad valnoti. „Her heve eg sildrat og runnet i lange tider og berre ventet paa deg.“

„Ja ja, her er eg,“ sa' Esben, han tok ein mosedott og dytte i holet, og so stakk han valnoti i skreppa og skundad seg etter brøderne.

„No heve du vel set, kvar vatnet kjem ifraa? Det var vel fælt snodigt, kann eg tenkja?" gjønte Per og Paal.

„Det var berre eit hol det," svarad Esben. Og so skrattad dei andre, so dei mest fekk hikke.

So kom dei sistpaa til kongsgarden. Men det hadde voret so mange og freistat lukka si, at eiki var dubbelt so tjukk, som ho var fraa fyrstningi. Difyre var kongen arg og sa', at dei, som no prøvde seg og inkje kunde klara det, skulde setjast paa ei øy, og baae øyro skulde klippast av deim. Men Per og Paal var lika kipne. Dei skulde nog klara det, meinte dei, og so dei til aa hogga. Men etter kvar flisi, som dei hogg 'tor, voks det tvo i stellet. Og so tok tenarane til kongen han Per og han Paal, klipte øyro av deim og sette deim ut paa øyi.

So vilde Oskeladden freista. „Vil du endeleg sjaa ut som ein merkt saud, so kann me gjerna klippa øyro av deg strakst, so slepp du bry deg," sa' kongen, han var sint.

„Eg hev no moro av aa freista lei eg," svarad Oskeladden. Og so tok han øksi or skreppa og skjefte henne. „Hogg sjølv," sa Esben til øksi. Og ho til aa hogga, so fliserna spratt so fort so fort, so dei inkje fekk tid aa gro ut att. Og det vart inkje lenge, fyrr eiki laut ned.

So tok Esben fram grevet sitt og sette det paa skaftet. „Grav sjølv," sa' Oskeladden. Og grevet til aa hakka og grava, so mold og steinar sprutad. Og so laut brunnen til kann du vita. Daa han no hadde fenget honom so vid og so djup, som han vilde, tok han fram valnoti, la' henne i eine kraai av brunnen og drog mose-

dotten ut. „Sildre og renn," sa Esben. Og ho til aa renna, so vatnet fossad ut or holet. Og etter eit lite bil var brunnen mett.

So fekk Oskeladden prinsessa og halve riket. Men godt var det for Per og Paal, at dei hadde mist øyro sine, for elles hadde dei kvar stund og kvar time fenget høyra, at Oskeladden inkje hadde undrat seg so galet endaa.

Er du kjend med eventyri vaare, so veit du det, at naar ein mann der eig søner, so er det som oftast tri, og dei heita Per og Paal og Oskeladden. Og Per og Paal er alltid kaute og trutne. Dei er finare klædde enn Oskeladden og let honom gjera det grøvste arbeidet. Dei innbilla seg, at dei skyna seg paa all ting. Det er alltid eit merke paa halvdaning, naar folk tru, dei er so kloke, at dei inkje trenga um aa læra meir. Me fekk ein gong paa folkehøgskulen ein gut, som hadde gjenget gjenom ein lærarskule. Og so meinte han, at han dermed hadde gløypt all verdsens visdom. Han sa' det beintfram til oss, at han inkje kunde skyna, at far hans hadde sendt honom paa ein folkehøgskule, han kjende alt det me for med, i fyreveg. Men daa han skulde fara heimatt, sa' han: „Ein ting heve eg daa lært her. Daa eg kom, tykte eg, eg visste all ting; no tykkjer eg, eg veit ingen ting."

„Ja heve du lært *det*, so heve du lært det beste, me kunde læra deg," svarad so me.

Det same meinte og gamle Sokrates, naar han sa': „Eg veit, at eg inkje veit."

Dess meir ein lærer, dess meir finn ein ut, kor myket det er att aa læra, at eit jordliv inkje er langt nog, um ein skal løysa alle dei gaator og

finna grunn i alle dei uppgaavor, som livet og hendingarne føra med seg. Og det vert alltid eit teikn paa ei vak og leitande aand, at ho inkje legg seg til ro paa det, som ho ein gong heve lært, at ho kjenner det stykkevise, det trivlande i all sin kunnskap og ynskjer aa vita meir og meir.

Endaa det, at Oskeladden vert vanvyrd baade av far og brøder og inkje heve havt tilhøve til aa læra so myket som dei, so er det han, som er baade klokare og meir dugande, naar det kjem til stykket. Og orsaki til at han greider uppgaavorna og fær prinsessa og halve riket, det er nettupp det, at han inkje slær seg til tols med det, som brøderne veit, men vil ransaka, gaa til grunnen, sparer korkje arbeid elder møda, kann han so sant naa fram. Per og Paal gjekk det galet, endaa dei var so hovne og sjølvkloke. Dei fekk øyro sine avklipte og vart sende til ei aude øy. Og der kann dei no sitja og kveikja kvarandre med visdomen sin, som ingen ting er verd.

Det som gjorde, at Oskeladden kunde greida det, som dei andre la' ugjort fraa seg, det var, at han forstod kunsti aa *undrast* og *lyda etter*. Han høyrer, at det høgg uppe i skogen, og han undrast paa, kvat det er som høgg. Han høyrer, at det grev uppe paa berghamaren, og han undrast paa, kvat det er som grev. Per og Paal høyra og, at det baade høgg og grev; men *det* hava dei daa høyrt fyrr, og dei gjera narr av den faamingen, som tverstanar ved slik ein kvardagsleg ting og hefter tidi med aa renna etter slikt. Og daa Oskeladden som løn fyre alt strævet sitt fekk fat paa den øksi og det grevet og den valnoti, som hogg og grov og sildrad av

seg sjølv, so er han so klok og var, at han inkje strakst slarvar um det til brøderne, men berre svarar likesæl, daa dei spyr kvat det var han hadde opendagat: „Aa det var berre ei øks det, det var berre eit grev.“ Ein skal inkje kasta perlor fyre svin.

Legg merke til det, at alle uppfinnarar i verdi hava byrjat med aa *undra seg*. Dei hava braastanat med ein smaating ofta, men som dei heit merke i. Og dei hava spurt seg sjølv: „Kvat er det, som høgg der i lidi? Kvat er det, som grev der paa berget?“ Og so gruvla dei og ransaka, og so finna dei ei ny uppdaging fyre verdi.

James Watt sit og ser paa eimen, som fossar ut or tuten paa ein gamall tekjetel. Han stappar ein dott i tuten og sjaa — loket gjeng til vers av seg sjølv. Dei andre, som hava set tekjelen eima alle desse aari, hava aldri tenkt paa aa undra seg paa det. Dei hava venteleg ogso denne gongen gjort narr av den faamingen, som no skulde til aa undra seg paa ei gomol tepotta. Men sjaa — ut or eimen paa denne tekanna steig uppdagingi av den lyftande og drivande krafti, som eimen eig, den krafti, som no, leidd til eit utal av kunstfærdige gognverk, driv govskipi vaare yver storhavet og svingar dei store hjulverk i vaare lokomotiv og i vaare verkstader.

Isak Newton sit og grundar under ein apall. Daa dett eit eple ned i hovudet hans. Han undrast. Kvat er det som gjerer, at det eplet dett ned, at det inkje flyg uppetter elder stend stilt i lufti, naar det losnar fraa kvisten. Det maa vera eitkvart, som dreg det ned paa jordi. Ut or denne undringi sprang daa uppdagingi av tyngdelovi, og den dragningskraft, som faste ting

hava paa kvarandre. Stormen hadde blaaset mange eple ned fyrr den tid, og Per og Paal hadde nog gaatt det; men det kom inkje i hugen deira aa undrast. Det var Oskeladden Newton som tok eplet upp og drog slutningi.

Philippe Lebon hadde ein dag ein neve med sagflis ned i ei glasflaska som han hitad med elden. Han saag daa, at det kom fram ein heil hop med røyk, som braadt logad upp og vardt til ein fin, lysande eld. Han undrast paa dette, ransakad og — den fyrste gaslykti var tendrad. Kor mange hadde vel inkje fyrr Lebon set ved elder steinkol brenna; men desse Perar og Paalar kom inkje paa aa undra seg og ransaka.

Josva Heilmann balad med ei kardemaskina. Han hadde øydt alt han aatte paa prøvor. Daa ser han i stova si dotteri kjemba haaret til syster si. Og han undrast. Kunde eg faa kamben min i maskina til aa glida so lett og vandelaust gjenom dei lange haari, skjota dei stutte attum og draga dei lange fram, so vilde maskina mi vera ferdig.

I sjau aar stridde han so med detta. Endaa nokre aar, og maskina vart til slutt makelaus. Ho kjember bomullsdottarne fra baae endarne, legg tægerna i lina jamsides, skil dei lange fraa dei stutte og sanka dei i bundtar. Ein ingeniør heve sagt, at denne maskina til Heilmann arbeider so lett og varlegt, at ein skulde tru det var kvendehender, som førde kambarne.

Det er mange Perar og Paalar, som hava set kvindfolkhaar verta kjembt, men nokor kardemaskina er inkje komi ut or det, um dei hava undrast seg aldri so myket fyre ein gongs skuld.

Den unge mannen *Galilei* sit 19 aar gamall i

domkyrkja i Pisa. Daa vert han var ein hengjelampe, som er sett i svingning. Han ser, at denne lampen brukar same tidi til aa svinga, anten bogen, som lampen skreiv, var stutt elder lang, det vil segja, at lampen stødt svingad i same takt. Detta leidde honom so til aa opendaga loverna fyre pendelsvingingarne. Per og Paal hava ofta set ein lampe svinga, men dei hava inkje set nokot merkelegt i det. Og aller minst rann det deim i hugen, at det kann henda laag ei underfull naturlov gøymd bak detta. Dei hava inkje undrat seg og spurt: Kvat er det som høgg i skogen? Kvat er det, som grev paa berget?

Denne same Galilei hadde spurt, at ein hollendar med aa samanstella ymse glas hadde naatt aa draga nær aat seg ting, som laag langt burte. Han undrad seg paa det og raadde seg til aa forfara detta. Og snart etter synte han fram den fyrste astronomiske kikaren paa stopulen paa Markusplassen.[1]

Sjaa soleides gjeng det endaa til i livet. Um du vil gjera uppfinningar og uppdagingar, lyt du, liksom Oskeladden, hava eit auga, som undrande stanar framfyre kvardagsting, som lyder etter dei underlege ljod og spyr: Kvat er detta? Dei som berre ganga og trakka liksom sporvegshestar etter same bana med skygglappar baade fyre augo og øyro, dei uppfinna helder inkje nokot.

Men det er no inkje gjort berre med aa undra seg og lyda etter helder. Den lange *granskingi* er ofta bratt og krev myket stræv og endelaus tolmøde. Og han, som finn den merkelege øksi

[1] Alle desse dømi er tekne fraa „Videnskabens martyrer“ av Tissandier.

og grevet og valnoti maa skyna paa kvat dei er verde — og taka deim til seg som ein eignalut.

Perar og Paalar hadde ofta reket same vegen framum, men dei hadde ikkje gaumat korkje øksi elder grevet elder valnoti. Desse skattarne, som var etlad til aa gjera storverk fyre menneskjorna, hava leget der ubrukte i aarhundrad kanskje og berre ventat paa, at rette mannen skulde koma, at flogvitet (geniet) skulde koma. „No heve eg stadet her og hogget i lange, lange tider og berre ventat paa deg," segjer øksi. Tidi ventar paa mannen, paa flogvitet, som kann gjera bruk av dei naturskattarne, som ligg der og ventar. Men vegen upp dit er ofta meinkad. Ein lyt strida seg fram gjenom mange mislukkad prøvor, fyrr ein vinn siger. Det gjeng inkje alltid so lett som i eventyri, som spring yver alle millomledar og berre sting øksi og grevet og valnoti i skreppa. Kor mange misfreistingar er inkje gjorde med luftskipi til dømes? Du kann inkje endaa heilt faa deim til aa lystra mannaviljen, so dei ganga hugheilt mot baade vind og straum. Men dei hava fenget teven av dyret. Og dei vil inkje gjeva seg, fyrr gaata er løyst. Dei ventar berre paa Oskeladden, som rik paa røynslor og kunnskapar etter deim, som ha' gjenget fyre, finn øksi og grevet og sting dei i skreppa si.

Naar tidi er fullkomi, so kjem mannen, som skal bera sigeren heim. Den gongen Harald Haarfagre her hjaa oss strævad med aa samla dei norske fylki til eit rike, var det nokre av smaakongarne, som kom til gamle Kvedulv i Fjordom og bad honom sambinda seg med deim mot Harald, for Kvedulv var harm paa Harald.

Men Kveldulv svarad, at det nyttad inkje, for Harald hadde lukka med seg, „med' du konge inkje heve ein neve full". Aa hava lukka med seg ja — det er det same som aa vera den utkorade mannen, han som skynar, kvat det er tidi nett no krev, skynar korleides vegjerne til framtidi skal leggjast. Aa hava lukka med seg, det er aa finna liksom Oskeladden øksi og grevet og valnoti, som kann hogga, grava og sildra av seg sjølv.

I „Kongsemnerne" av Ibsen møter oss same tankegangen i motsetningi millom kong Haakon og Skule jarl. Skule kunde berre gjera den gamle sogetidi uppatter etter dei gamle mynster, og det var aa slaast um kven som skulde vera den øvste. Haakon han kom med Haarfagretanken, den aa skapa eit rike ut av alle dei stridande smaapartarne, eit rike bundet ihop med sams hugmaal og bate og kjærleike til fedralandet. Og han stig fram logn og sjølvtrygg, nett av di han veit med seg sjølv, at han er mannen, som tidi treng, og at tidi no er komi, som skal setja denne landsens fagraste draum i verk. Han er Oskeladden, som hev funnet og lagt i skreppa si baade øksi og grevet og valnoti, som kann hogga, grava og sildra av seg sjølv, naar han set deim paa skaftet og legg deim i jordi.

Men alle desse Oskeladdar uppigjenom tiderna, dei vil og alle ihop vitna det, at vegen upp aat den underfulle øksi er mødefull og tung. Han vil krevja aarelangt arbeid baade dagar og næter. Det hender sjeldan, at appelsina, som er slengd ut i lause lufti, dalar ned i huva til Aladdin, so som det gjerer i eventyret fraa austerland. Og jamvel *han* maa vaaga seg ned i myrkehola med

skjelving og otte, daa han skal av og henta den underfulle lampen sin.

Newton segjer, at han gjorde uppdagingarne sine berre med alltid aa gruvla paa deim.

„Flogvitet er tolugt,“ sa' Buffon.

„Tid og tolmod umskapar bladi til morbærtreet til silke,“ segjer eit indisk ordtøke.

Fransmannen *Montesquieu* skreiv til ein ven, daa han sende honom ei bok, han hadde skrivet: „Du vil lesa denne boki paa eit par timar, men eg kann fortelja deg det, at ho heve kostat meg so myket stræv, at haaret mitt er graatt vortet.“

„Dei som tru, dei kann koma fram utan møda og stræv, dei er uvitingar,“ segjer Franklin.

Naar eventyret vaart soleides spring framum alle dei vandar, som Oskeladden laut hava, fyrr han fann fram til dei løynde skattarne sine, so maa ikkje *me* springa framum deim, for livet spring aldri framum deim. Men voni um aa kunna naa fram til det maalet, ein hev sett seg, gjev baade njoting og spaning til strævet, ei njoting som ein inkje vil ganga miss um.

Der stend pottemakaren *Palissy*. Han er um aa finna den emaljen, som gjerer vaare tallerkar og fat so kvite og fine. Omnen er ferdiglagad. Det gjeld berre um aa skaffa sterk nog varme. I seks dagar og seks nætter stend han framfyre elden, som han jamt maa nøra paa. Men just som smeltingi skal gaa fyre seg, vert han lens paa ved. Som fraa seg sjølv fer han ned i hagen og bryt sund hagegjerdet. Det er endaa inkje nog. Han slær sund bord og benkjer, bryt upp golvet i sitt eiget hus og sender alt i varmen. Kona hans fer skrikande ut paa torget og ropar, at mannen hev vorte galen og vil brenna huset.

Palissy vann inkje den gongen. Han seig ihop hugsprengd, Nedtyngd av skuld og med smaaborni sine paa armom rekad han kring i gatom som ein halvtullut mann. Han heve sjølv maalande skildrat denne tidi soleides: „Hite og frost, vind og regn øydelagde størsteparten av arbeidet mitt, fyrr det vart ferdigt, so eg maatte laana trevyrke, bandstubbar, takstein og spikrar til aa faa det i stand med. — — Eg reiv ned det, eg hadde gjort, og bygde større uppatt. Og dette gjorde, at sokkevevarar, skomakarar, bytenarar og gamle kjeringar, som inkje skynad, at eg litet kunde driva arbeidet mitt, minder eg hadde stort rom, sagde, at eg inkje gjorde annat enn aa riva ned og byggja uppatt. Og dei log aat meg og lastad meg for det, som helder burde fyllt deim med medynk. I fleire aar hadde eg inkje tak yver omnarne mine, og um næterna sat eg i regn og vind utan aa faa hjelp, raad eller trøyst av nokon annan enn berre mjauande kattar, som remjad paa den eine kanten, med' hundarne ylte paa den andre. Stundom vart det slik storm og slikt uver, at varmen sløktest, so eg laut ganga fraa alt saman, og alt mitt arbeid vart spillt. Mang ein gong gjekk eg derifraa so tildengd av regn, at inkje turr traad fanst paa meg, og eg maatte leggja meg, midnettes elder ved daggry so tilrakkad, at eg saag ut, som dei skulde hava slæpt meg gjenom alle rennesteinar. Og naar eg soleides tilsulkad og trøytt vilde gaa heim og kvila, gjekk eg slingrande, utan ljos og tumlad fraa den eine kanten til hin som ein drukken mann."

Kvat stræv heve inkje dei havt, som heve faret yver ismarker og øydemarker, som bryt seg fram gjenom skogar og yver aude fjellvidder

kringsette av villdyr og villfolk, anten det so er Nordpolsfarande elder Afrikareisande, anten dei heita Livingstone elder Sven Hedin, Nansen elder Roald Amundsen. Alle heve dei høyrt ein løyndomsfull laat i skogen etter øksi, som høgg elder grevet, som hakkar. Og dei vert dregne av ljoden, forvitne etter aa faa høyra, kvat han kann fortelja. Hugen til aa løysa ei gaata, bera fram til ljos det, som vitenskapen endaa hev gøymt i myrkret, driva desse fyregangsmenn fram og fram utan aa spyrja etter møda og strid. Dei er viljuge til aa vaaga livet, kann dei so sant fri ut ei ny sanning, kann dei so sant skaffa ljos til kongsgarden og vatn til den mannaheimen, som tyrster etter aandlegt liv.

Er det daa inkje syrgjelegt, at slike folk, som berre stræva etter aa lyfta verdi fram i kunnskap og gjera livet lettare, at dei skal verta meinkad av forfylgjing, ja endaatil geipte etter med spott og glis, so som Per og Paal gjorde det med Oskeladden! Faakunna er alltid so skraasikker. Ho flirer aat det nye, som ho inkje kjenner.

Kristofer Columbus hadde høyrt mange underlege eventyr av ferdafolk, som hadde faret paa austerland. Han hadde og voret paa Island og venteleg høyrt gjetet han Leiv Eiriksson, som fann eit nytt land, daa han stemnde mot Grønland. Columbus heve lydt etter desse underlege ljod. Han heve ransakat alt, som ransakast kunde i desse ting. Og alt heve styrkt honom i den trui, at han skal finna veg til India yver Atlanthavet. Han høyrer seg daa fram um hjelp i det eine landet etter det andre, i Portugal, i Italia, i Spania. Ei nemnd av lærde munkar og prestar og storfolk vert daa sett i Sala-

manca. Der sit dei feite og mette og velnøgde og driv gjøn med den stakkars vinglande sjømannen. Dei prova klaart som dagen ut or bibelboki, at jordi maa vera flat som ei pannekaka, at um det skulde finnast land paa den andre sida havet, so laut ein negta, at alle folk var komne fraa Adam; for korleides kunde dei kara seg fram yver dei vide hav. Nei Columbus var ein vildrad svermar og ein kjettar. Soleides talad den vise Per og Paal. Men Oskeladden Solumbus gav seg inkje. Han trassad paa, dreiv tanken sin igjenom og fann Amerika. Og daa fekk pipa ein annan laat. Daa var dei til aa byrja med viljuge til aa gjeva honom baade prinsessa og det halve riket.

Galilei, som eg fyrr nemnde, hadde gjevet til verdi sine merkelege uppdagingar. Men so hadde han — uheppelegt fyre seg — gjenget med paa den læra, som Kopernicus hadde framsett, at jordi var rund og svingad seg um soli, og inkje umsnutt. Og meir skulde inkje til for aa øsa heile presteheren mot seg som ein forargeleg kjettar. Den gamle sjukvorne mannen vart sett fast og slæpt for inkvisitionsdomstolen. Boki hans vart forbodi. Og fyrr han kunde faa sleppa ut or fangehuset og døy i fred, laut han paa kne avsverja sanningi. Og hans motstandarar hadde sjølv sett ihop uppskrifti, som han skulde underskriva. Og ho let soleides: „Eg Galileo Galilei, 70 aar gamall, paa kne framfyre dykkar eminentsar, og som heve for augo mine heilagmenne og dei heilage evangiljor, som eg legg henderna mine paa — eg er mistenkt og dømd for kjettarskap, av di eg heve sagt og trutt, at soli var heimsens midpunkt og stillestaande, og at jordi inkje var midpunktet, men at ho gjeng rundt. Eg sver

fraa meg og forbannar og avskyr desse villmeiningarne." Men so segjer segni, at den gamle vanyrde mannen reis, trappad i golvet og ropad: „Og likevel snur ho seg!"

Eg veit inkje nokot saarare syn enn soleides som her aa sjaa faakunna og vitløysa triumfera yver sanningi. Her er Per og Paal inkje berre spottegaukar, men dei er hjartelause. Dei tek uspurde baade øks og grev og valnot fraa Oskeladden og vil hiva deim burt til ingen nytte. Og detta er gjort inkje berre ein gong, men mange gonger i heimsens soga. Det vil segja, det hev inkje lukkast for han Per og han Paal reint aa tyna desse skattarne til Oskeladden. Um dei hev slengt deim fraa seg og dermed hindrat deim fraa aa verta brukte paa ei tid, so er det andre, som hev funnet deim og brukt deim. Det er det gode med sanningi, at ho inkje kann døy. Ho kann verta stoggad og mestpaa kjøvd, men naar tidi er ferdig til aa taka mot sanningi, so duvar ho atter fram.

Kor hjartelause folk kann vera i si forfylgjing, det fekk nog *Roger Bacon* freista. Han hadde funnet baade øksi, som høgg, og grevet, som hakkar hol paa berghamaren; men han fekk inkje lov aa bruka ambodet sitt. Han gjorde so mange uppfinningar, at folk vart rædde og saag paa honom som ein trollkar, som var i pakt med djevelen. Naar han skriv um fysik og mekanik, so er det som ein ser baade eimskip og automobilar og fljugemaskinor dansa fyre augo sine. Og likevel var han berre ein vesall munk fraa det trettande hundradaaret. Han skriv soleides — og legg merke til, at detta er halvfemte hundrad aar fyrr baade govskip og jarnveg var uppfunnet —: „Ein kunde laga maskinor, som

var gode til aa driva skip fortare fram enn eit heilt mannskap med roarar kunde, og ein trong berre ein los til aa styra. Ein kunde faa vogner til aa renna utruleg fort uten hestehjelp. Ja det kunde jamvel gaa an aa koma høgt upp i lufti og fara som fuglarne."

Kvat var no takki, som dette framifraa geniet fekk fyre alle desse sine gaavor til verdi? Han kunde hava skaffat ljos til kongsgarden og det svalande vatnet i brunnen han; men Per og Paal, dei uvitande munkebrøderne hans, skuldad honom fyrst fyre trolldom, so fordømde dei alle verki hans, og so let dei honom sitja i fangehus i niftan aar. Det nyttad inkje, at Bacon skreiv: „Av di at desse ting ligg for høgt for dykkar vit, er det, at de kallar deim for eit verk av djevelen. Dei prestlærde hev stygg for deim, kalla deim for heksekunster og sjaa paa deim som nokot uverdigt for kristenfolk aa fara med." Daa Per og Paal sistpaa saag, at Oskeladden Bacon var nedbroten paa helsa av sorg og fengselsluft, so slepte dei honom ut. Men daa var det forseint. Beisk i hugen drog han seg heim til fedralandet sitt, England, og fekk døy der. Men daa han laag helsott, slepte han or seg det beiske ordet: „Eg tregar paa, at eg heve gjort meg so myket møda for aa fremja vitskapen."

Det er soleides inkje mange, som slepp so lett til aa finna lykelen til livsens gaator, som Oskeladden gjerer det i eventyret vaart. Han heve helder inkje meir stræv med sjølve arbeidet enn berre aa skjefta baade øks og grev og leggja valnoti paa botnen av brunnen. Det er inkje nog aa finna øks og grev, du maa og kunna setja deim paa skaftet, so dei arbeida av seg sjølve. Og til det trengst det ofta baade ein og

tvo og fleire Oskeladd-genier. Fyrst naar alle dei hjul og stenger og aasar og boltar, som maa til for maskinom, er rett ihopsette, soleides at dei ganga av seg sjølve, naar eimen elder elektriciteten set deim i gang, fyrst daa er øksi elder grevet sette rett paa skaftet. Det er mange gruvlande tenkjarar, det er mange onnuge hender, som hava skapt dei vedunderlege bokprentarverk, symaskinor, valseverk, lokomotiv og gjort deim so fullkomne som dei no er Men naar øksi og grevet fyrst er komne rett paa skaftet, so arbeida dei og av seg sjølve. Sagerna skjera, vevstolarna gaa, gjødning laga dei ut or lufti, bilarne renna, sporvognerna trikka av seg sjølve. Oskeladden, mannen, heve sett øksi rett paa skaftet og stend no berre attmed og leider arbeidskrafti.

Det som det i eventyret vaart galdt um, det var aa skaffa ljos i kongsgarden og friskt rennande vatn til brunnen. Og vil inkje det til alle tider verta det maal, som alle aandlegt vekte vil stræva etter: aa skaffa ljos og livsens vatn til den tyrstande mannaheimen. „Vert ljos!" det var etter som bibelboki fortel, det fyrste skaparordet. Ljos er vilkoret for liv. Det gjeld i den likamlege og det gjeld i den aandlege verdi. Gras og blom retta seg ut etter sol, dyri vakna glade til nytt liv, naar vaarsoli kveikjer deim og menneskjorna lauga seg i solljoset. Me røma helst fraa rom, som alltid ligg i skugge og vert kalde og raae. Me krev solfyllte rom.

Og i den aandlege verdi er det ljos me krev, ljos i alle sprungor og krokar, so me kann verta var dumba og sopa henne ut, ljos yver vaare politiske forhold, ljos yver vaare sociale forhold, ljos yver vaare religiøse forhold. Det maa alltid verta framgang i vaart aandsliv, liksom det alltid maa vera vokster

i naturriket, so framt alt skal trivast. Me maa faa hogget ned det megtige, gamle eiketreet, so framt det skyggjer fyre kongsgarden. Faakunna, fordom og ovtru kann breida seg og sjaa staselege ut, og likevel skyggja dei fyre sanningssoli, so ho inkje kann faa trengja inn i kongsgarden. Me høyrde det baade um Gailei og Columbus og Bacon, korleides dei stridde med aa faa nedhogget eiki til faakunna og fordomen paa deira tid. Og dei balad utan nytte. Dei fekk inkje lov til, aa bruka korkje øksi elder grevet, som dei hadde funnet; men dei fekk øyro sine avklipte og vart sette paa den aude øyi, me kallar fangehuset.

Det er ingen ting folk er so rædde for aa missa som fordomen og faakunna si. Sjaa berre paa utviklingi av vaart trudomssyn. Kor vart inkje dei folk forfylgde og mishandlad, som vaagud seg til aa setja fram ei meining, som skilde seg fraa den, som var fastslegi som rettruande. Røyvde ein med dei læresetningarne, som galdt fyre dei einaste rette, so skreik folk, at ein vilde taka trui fraa deim. Kopernicus, Giordano Bruno og mange andre vart paasette kjettarnamnet, og ein skamfor dei, som var dei djevlungar. Og likevel meinte dei berre aa faa nedhogget den eiki, som skygde fyre soli i kongsgaren. Og no heve dei reist bilætstyttor som æreminne etter desse folk og soleides vedkjent seg, at det var so dei vilde. Fyrst brenna folk livande og so reisa styttor fyre deim — det er den vanlege maaten som folk heidra sine gildaste menner paa.

Lat oss agta oss vel for aa stengja fyre soli, som bryt inn yver oss. Lat oss agta oss for aa spikra vaare meiningar i dag fast som urikkande sanningar til ævelege tider. Lat oss inkje

sky soli, um me endaa velja aa bu i skuggen. Naar det nye, som strider seg fram, berre heve til maal aa bera meir sol inn i kongsgarden, so lat oss helsa vegbrøytaren med fagnad, um han endaa vert nøydd til aa bruka øks paa dei synsmaatarne, som me er vane med, og som me tykte var so trygge og trauste. Alt det aandlege ljos, som spreidest yver jordi, arbeider i Guds tenesta. Som eg ein gong skreiv i eit dikt:

Bliv lys du taakede folkehjerne,
som intet ser midt i solens straaler,
bliv lys du hjerte, for hvem Guds stjerne
forgjæves fylder de gyldne skaaler.
Naar en gang lysfunken i dig tændes,
og hammen brister paa lysets bud,
da mørkets tanker som halmen brændes,
da menneske-solbarn forstaar du Gud.

Det er mange tankebygnader, som kann synast gilde i seg sjølve, vel meislad og samankittad og sét med undring paa av si samtid, liksom den ruvande eiki vart det framfyre kongsgarden, men som berre skyggjer fyre soli, og som difyr lyt hoggast ned, so framt mannaætti skal veksa fram i sanningshug. Men ein lyt inkje hogga nokot, som det inkje er naudsynlegt aa faa burt. Ein lyt hugsa paa, at hjartetægerna til mange folk er samanfløkte med dei nedervde villfarande meiningarne deira. Ein lyt difyr fara varlegt fram, liksom doktaren inkje brukar kniven til operation, fyrr det vert naudsynlegt, skal han berga livet til sjuklingen.

Det som er sagt um ljoset, det gjeld og um det springande, alltid friske vatn. Vaart aandlege liv treng tilførsla av nye tankar, nye synsmaatar, nye uppdagingar, liksom stillvatnet treng krusingar av vind og ny uppkoma av vatn, um det

inkje skal verta til ei gormyr, som spreider utev og rotenskap kring seg. Vaar mark maa verta doggad av kunnskapsregn, so framt ho skal kunna avla gras og blom.

Me lyt difyr vera takksame mot alle Oskeladdar, som er gode for aa bera sol inn til oss og skaffa oss livgjevande vatn. Og lat oss tevla med kvarandre i detta: aa freista aa bera sol og kveikjande drykk til folk paa dei mange tusen vegjer, som detta kann gjerast. Her er so mange, som lengta og som ormegtast, kuvad av myrkret fraa den faakunna, som dei dagleg maa ferdast i. Um me inkje kann gjera det so heilt og stort som Oskeladden, som høgg ned heile greida og hakkar hol paa berget, so steinarne spruta, so kann me gjera vel paa mindre maatar, som helder inkje er aa vanvyrda.

Lad os da lytte til sukket
fra lidende menneskehed
og lægge os selv som offer
paa sonealteret ned,
drysse lidt haabets blomster,
hviske et venlig ord,
mætte hungren med smuler
fra kjærligheds rike bord.

Me eig dette eventyret i eit annat skap. Det heiter Oskeladden og hjelpesmennerne hans. Det som kongen i dette eventyret krev, er at dei skal laga honom eit skip, som kann sigla baade yver land og sjø, liksom dei segja, at Skipladne til Frøy kunde det. Her er det og Oskeladden, som kjem med skipet, og som sistpaa fær prinsessa og halve riket. Og her er det og Per og Paal, som er kaute og som skumpa fraa seg med vanvyrdnad alle hjelpesmenner. I dette eventyret gjeng fyrst han Per og so han Paal og so

Oskeladden i vegen kvar fyre seg. Og det som vert prøva fyre deim her, er inkje ljoden av ei øks elder eit grev, men det er ein skagamall krylryggjad kall. I eventyri er det ofte so, at dei, som skal hjelpa, er anten slik ein naadsleg mann, elder ei tannlaus kjering, som kjem gumlande og hakkande og inkje heve smakad mat paa hundrad aar. Med detta er meint det same som i eventyret vaart med øksi og grevet. „No heve eg stadet her i mange lange tider og berre ventat paa deg." Det som er meint med desse utgamle kallar og kjeringar, det er dei røynslor og dei kunnskapar, som lange tider heve lagt ihop, og som til no heve voret ubrukte.

Den gamle kallen her vil gjeva seg i snakk baade med han Per og han Paal og spyr, kvat dei etla seg til, og kvat dei heve i skreppa si. Men dei svara ilskne, at dei vil laga eit trog til matkopp for han gamlefar, og at det er myk dei heve i nisteskreppa. „Ja so verta alt det du emner til trog, og alt det du et til myk," segjer gamle kallen. Og det vert det og. Og Per og Paal stryk lavøyrde heimatt. Men dei sleppa daa her aa faa øyro sine avskorne og verta sendt til ei aude øy.

Oskeladden er meir beinsam han. Han fortel til gamlingen um skipet, han var tenkt aa laga, og han skifter maten, han heve i skreppa, med honom. Og so timbrar gamle kallen heile dette merkelege skipet, medan Oskeladden søv. Og det einaste han krev i løn, det er, at Oskeladden skal lova aa taka umbord paa skipet alle dei han møter, um dei ser aldri so snodige ut. So møter han daa fyrst ein lang mager kar, som maa hava havt gode tenner, for han laag

og knaskad graastein. Han kunde inkje verta mett minder.

Den andre han møtte, sat paa marki og saug paa ein ture, for han var alltid tyrst.

So raakad han ein mann, som laag med øyrat paa jordi, og han kunde høyra graset gro.

So kom det ein som sigtad paa verdsens ende, for so langt skaut han, naar han skulde skjota.

So møtte han ein, som hoppad paa eit bein og hadde 6 skippundsloddar hengjande paa det andre beinet. Det maatte han, um han inkje skulde fara til heimsens ende.

So kom det endeleg ein, som kneip seg i nasa og heldt seg paa munnen, for han hadde 15 vintrar og 7 sumrar i seg og torde inkje sleppa deim ut alle paa ein gong.

Med desse merkjelege hjelpesmennerne kjem daa Oskeladden farande til kongen umbord paa lukkeskipet og krev prinsessa og halve riket. Men kongen skaper seg vrang. Han tykkjer Oskeladden ser for svart og fæl ut. Han vil fyrst setja honom paa prøva. Han aatte ei kjøtbud med 300 tunnor kjøt i. Deim skulde daa Oskeladden klara eta paa ein dag. Oskeladden gjekk etter den forsvoltne graasteinsmannen sin, og fyrr morgonen kom, var det berre ei liti steik att. Og so fekk kameratarne.

So skulde Oskeladden tøma 300 tunnor øl og 300 tunnor vin, som i kjellaren laag.

Oskeladden fekk tak i turemannen, og so fekk daa han for ein gongs skuld sløkkja torsten sin.

Men kongen var endaa inkje nøgd. Han kravde, at Oskeladden i 10 minuttar skulde henta vatn fraa verdsens ende. Oskeladden fekk i ein viss fart loddarne av nr. 3. Og han av som ein vind. Men det var 7 minutar alt gjengne, og endaa

var han inkje sjaaande. Daa sende Oskeladden etter han som kunde høyra graset gro. Og han fortalde, at storspringaren snorkad, av di eit troll hadde gjevet seg til aa luska honom. Oskeladden fram med skytaren sin, og han raakad trollet i fleisen, so storspringaren vaknad. Og so var han paa flekken med vatnet ein minutt fyre tidi.

Men endaa var inkje kongen nøgd. Han sagde, at Oskeladden skulde stengjast inn i ei badstova, som vert uppeldad med 300 famnar ved. Oskeladden tok med seg mannen med dei 15 vintrarne i magen. Og daa det tok til aa verta nokot lumrett, slepte han ut ein etter ein. Men so tok det til aa verta for svalt. Og so lunkad dei med tri sumrar. Daa dei gjekk ut, hadde mannen endaa ein vinter att. Og honom sende han radt i fjæset til kongen. No kunde inkje han finna paa fleire tverkrokar, og Oskeladden fekk prinsessa og halve riket.

I dette eventyret er literne sterkare og bilæti uppskrøyvde, so som det plar vera tilfelle i eventyrom. Men meiningi er her den same som i fyrste eventyret. Han som skal finna lukkeskipet, maa inkje springa framum livsrøynsla fraa dei steingamle folk og tider. Han maa inkje vanvyrda nokon; men viljugt og venlegt læra av deim, som meire veit. Han maa helder inkje vanagta hjelpesmennerne, um dei endaa te seg underlege og er einsiduge. Bruk dei i den tingen, som dei skyna seg betre paa enn andre, og du skal faa nytte av deim og sjaa, at dei og er verde ein plass paa lukkeskipet, som skal bora seg gjenom alle dei hindringarne, som baade land og sjø og vrangviljuge kongar set imot deim. Tolmod, dugleike og kjærlegt umgjenge timbra livsens lukkeskip.

Austanfor sol og vestanfor maane.

Det var ein gong ein fatig husmann, som hadde so mange born — dei ha' jamt mange born fatige husmenner. Men han hadde inkje til aa gjeva dei korkje til aa bita elder brenna, som dei segja. Fine var dei alle, men den fagraste var den yngste dotteri. Ho var reint framifraa væn.

So var det ein torsdagskveld seint paa hausten. Det var slikt forgrummeligt vêr, det regnde og det bles so det knakad i veggjom, og dei sat alle saman og krøkte seg ihop kring peisen. Daa kakkad det tri gongjer paa ruta. Mannen skvatt ut og skulde sjaa, kvat som var tids, og der stod ein diger kvitbjørn utanfyre. „God kveld du!" sa kvitbjørnen. „God kveld igjen," sa' mannen.

„Vil du gjeva meg yngste dotter di, skal eg gjera deg likso rik, som du no er fatig," sa' bjørnen.

Ja mannen tykte fulla det var gildt aa verta rik; men han laut no snakka med dotter si fyrst um det. Det gjorde han daa. Men ho bar seg, ho kunde daa inkje gifta seg med ein bjørn, veit eg. So gjekk mannen ut atter og sa' ved bjørnen, at han laut lydast innum ein annan torsdagskveld, daa skulde han faa greidt svar.

Og so gjekk daa foreldri og gnaalad paa denne stakkaren um kor grumt det skulde vera aa verta rik og aldri vanta korkje mat elder klæde, til ho sistpaa gav seg, vaskad og stelte til fillorna sine, og so kom bjørnen torsdagskvelden og skulde henta henne. Ho sette seg paa ryggen hans med tullen sin, og han labbad med henne gjenom skogen.

„Er du rædd?“ spurde kvitbjørnen. Nei ho var inkje rædd.

„Aa nei, haldt deg berre fast i ragget mitt, so er det inkje faarlegt.“

No reid ho langt, so langt at ho kom til eit fjell. Bjørnen slo med labben paa fjellet, og upp sprang det ein port, og dei kom inn i eit slott, der det skein av gull og sylv, den eine halli prydelegare enn den andre. Det stod eit bord dukat i eine salen med alt fint som til var. So gav bjørnen henne ei sylvklokka og sa', at ho berre skulde ringja med henne, naar det var eitkvart ho vilde, so fekk ho det.

Gjenta gjekk daa og saag og stirde og kunde inkje sjaa seg mett paa alle desse vedunder. Men sistpaa vart ho svevnug og fekk hug til aa leggja seg. So ringde ho paa bjølla. Og i det same stod ho i eit kammers, der det var ei seng — ja slik fin seng hadde gjenta aldri set. Der var silkedynor og umhenge med frynsor av sylv og gull. Men daa ho hadde lagt seg og sløkt ljoset, kom det eitkvart og la' seg attmed henne; og fyrr det vart ljost um morgonen, var det burte. Detta hende kvar einaste kveld, og gjenta tykte det var fælslegt; men ho torde inkje spyrja bjørnen helder.

So vart ho keid av aa stira paa dette sylvet og gullet, og ho lengtad so etter ei menneskja. Bjørnen spurde, kvifor ho sturde so. Og ho sa', at ho lengtad so saart etter far og mor og systkin.

„Det skal nog verta raad med aa koma dit,“ sa' bjørnen; „men so maa du lova, at du inkje snakkar med mor di paa tvohand. Ho vil taka deg fyre seg og spyrja deg ut. Men du maa

inkje fortelja nokot av det du veit, annars gjerer du oss alle ulukkelege."

Nei ho skulde inkje det gjera.

Og so kom bjørnen og tok henne paa ryggen atter. Dei fór langt, til dei kom til ein kvitmaalad gard, og det var so grumt, at det var ein hugnad te sjaa. „Ja her bur foreldri dine," sa' bjørnen, „og gløym no inkje det, du hev lovat." Nei det skulde ho inkje.

De kann vita, det vart gleda paa foreldri, daa ho steig inn. Og dei kunde inkje fulltakka henne fyre det, ho hadde gjort. Dei hadde det no so gildt i alle maatar. Og so spurde dei korleides ho hadde det. Jau ho hadde det so gildt, og bjørnen var so snild. Men so etter middagen vilde moderi lokka henne inn i kammerset sitt og snakka med henne i einrom. Gjenta sa' nei. Men kor det var elder inkje var, so fekk moderi viljen sin lel. Og so laut gjenta ut med, at det var eitt, som var uhyggjelegt, og det var, at naar ho hadde lagt seg og sløkt ljoset, so kom det eitkvart tuslande og la' seg attmed henne. Men um morgonen var det burte.

„Huff, enn um det var eit troll!" ropad moderi. „Men eg skal læra deg ei raad, so du skal faa sjaa, kvat det er eg, dotter mi. Tak denne ljosstubben og sting i barmen, so kann du kveikja i ljos, naar han vel hev sovnad, men agta deg, so du inkje dryp talg paa honom."

Jau gjenta gøymde ljosstubben i barmen. Og so kom bjørnen og hentad henne.

Daa ho hadde lagt seg, gjekk det som vanlegt: det kom eitkvart tuslande og la' seg attmed henne. Gjenta laag og skalv og ventad, til ho høyrde det sov. Daa stod ho upp, slo varme og kveikte paa ljosstubben. Og so lyste ho paa

hovudputa. Og daa saag ho, at det laag den fagraste prinsen, ein kunde sjaa. Og ho vart so glad i honom, at ho tykte ho kunde inkje liva, minder ho fekk kyssa honom. So bøygde ho seg nedaat, men i det same drøypte ho tri heite dropar talg paa skyrta hans, so han vaknad. „Ulukkelege, kvat hev du gjort!" ropad han. „Hadde du haldet ut berre eit aar, so hadde eg voret bergad. For no skal du vita det, at eg eig ei stykmor, som hev forgjort meg, so eg lyt vera kvitbjørn um dagen og menneskja berre um natti. Og no er det ute millom oss, og no maa eg fara fraa deg til slottet, som ligg austanfor sol og vestanfor maane, og der er ei prinsessa, som hev ei nasa, som er tri alner lang, og henne lyt eg no gifta meg med."

Aa, gjenta gret og bar seg og vilde vera med. Nei det kunde ho inkje.

„Seg meg vegen, so skal eg leita upp deg," sa ho.

„Nei det fanst inkje veg, og det fanst inkje stig, og dit kjem du seint elder aldri," sa' prinsen. Og i det same var han burte. Og gjenta laag paa ei rudning i skogen med filletullen i armom, honom som ho hadde med seg, daa ho kom. Ho gret seg fyrst trøytt. Og so gav ho seg paa vegen og skulde leita upp honom. Daa ho hadde gjenget mange, mange dagar, kom ho til eit berg. Der sat det ei gomol kjering og leikad seg med eit gulleple. Gjenta spurde, um ho visste vegen til slottet austanfor sol og vestanfor maane, der som prinsen no er.

„Kor kjenner du honom fraa?" spurde kjeringi. „Det var kanskje du, som skulde havt honom?"

Ja det var det.

„Ja so, det var du stakkar. Nei eg kjenner inkje vegen, og dit kjem du seint elder aldri. Men eg skal laana deg hesten min, og so fær du rida til grannekjeringi. Kann henda ho kunde vita det. Og dette gulleplet kann du taka med deg."

So reid ho i mange dagar, til ho kom til eit annat berg. Og der sat det ei kjering med eit gullhespetre. Men ho visste inkje betre greida enn den fyrste. Ho riste berre paa hovudet og sa': "Dit kjem du seint elder aldri. Men eg skal laana deg hesten min, so fær du spyrja grannekjeringi. Kann henda ho kunde vita nokot. Og so kann du taka med dette hespetreet."

Ja gjenta reid vidare yver blaanar og gjenom skogar, og so kom ho til berget, der som tridje kjeringi budde. Ho sat og spann paa ein gullrokk. Men ho visste inkje betre greida enn dei tvo andre og sa' berre dette same: „Dit kjem du seint elder aldri. Men du fær laana hesten min og spyrja austanvinden. Og so kann du taka med deg denne gullrokken, kanskje du kunde faa bruk for honom."

Jau, gjenta reid til austanvinden og spurde etter vegen til slottet austanfor sol og vestanfor maane. „Han hadde nog høyrt gjetet det landet og slottet med," sa' han, men han hadde aldri blaaset so langt. Men eg skal bera deg paa ryggen min, og so lyt me spyrja vestanvinden. Kann henda han kunde vita det."

Og dei kom til vestanvinden.

„Nei so langt hev eg aldri blaaset," sa' han; „men eg skal bera deg til sunnanvinden. Han er sterkare enn eg, og han hev flakkat baade vidt og breidt. Kann henda kunde han vita nokot."

Og dei kom til sunnanvinden. „Sant er det, at eg hev vankat vidt," sa sunnanvinden, „men so langt hev eg aldri voret. Me lyt lydast innum nordanvinden. Han er den sterkaste av alle oss brøder. Og veit inkje han det, fær du aldri vita det. Du fær setja deg upp paa ryggen min."

Daa dei kom dit, som nordanvinden budde, stod kalde isgufsar imot deim paa lang leid. „Kvat skal de her?" skreik han, so det reint kvakk i gjenta.

„Aa du fær inkje vera so morsk helder. Det er berre eg, bror din. Og so hev eg med meg denne stakkars gjenta, som skulde havt prinsen, som bur austanfor sol og vestanfor maane. No vil ho beda deg um aa losa henne dit, for ho vilde so gjerne finna honom."

"Ja eg veit nog kvar det er," svarad nordanvinden. „Eg bles eit ospelauv dit ein gong; men daa var eg so klar, at eg inkje orkad blaasa paa mange dagar. Men er det so, at ho endeleg maa dit, og ho inkje er rædd, so skal eg taka henne paa ryggen og freista, um eg kann blaasa henne dit."

Nei rædd skulde ho inkje vera.

„Ja ja, du fær gjeva deg yver i natt, for me lyt hava dagen for oss og vel so det, skal me rekka fram."

Tidleg paa morgonen vekte nordanvinden henne og bles seg so stor og sterk, at det var reint skræmelegt. Og so lyfte han gjenta paa ryggen sin. Og av stad bar det, som skulde dei fara til heimsens ende. Paa bygdi vart det slik storm, at det reiv tre upp med rot og slengde hus paa sjøen. Og daa dei kom til ville havet, reis bylgjorna seg høge som kyrkjetorn, og skip forliste

i hundradvis. Og nordanvinden vart trøyttare og trøyttare, og dei dalad og dalad meir og meir, og sistpaa drog føterne til gjenta i vatsskorpa. „Er du rædd?“ spurde nordanvinden.

„Nei ho var inkje rædd,“ svarad ho med skjelv i maalet og klengde seg tett inn til nordanvinden. Men daa var dei inkje langt fraa land helder. Og der var so vidt magt i nordanvinden, at han fekk kasta henne fraa seg innpaa strandi utanfor slottet austanfor sol og vestanfor maane. Gjenta gjekk straks upp og gav seg til aa leika med gulleplet utanfor vindaugo i slottet. Og best som det var, stakk ei nasa ut, som var tri alner lang. Daa skynad ho, at detta var prinsessa, som skulde hava prinsen.

„Kvat skal du hava for gulleplet ditt du der?“ ropad nasegrevet.

„Det er inkje fal korkje for gull elder pengar,“ svarad gjenta.

„Kvat vil du hava daa?“ spurde prinsessa.

„Kann eg i natt faa koma upp til den prinsen, som bur her, so skal du faa det,“ svarad gjenta.

Jau det skulde det vel verta raad med. Men daa gjenta den kvelden kom upp til prinsen, so sov han som ein stein. Og alt det ho ropad og riste i honom, kunde ho inkje faa honom vaken. Og daa det lyste av dag, kom nasegrevet og hadde henne ut.

Like eins gjekk det andre kvelden. Daa fekk prinsessa gullhespetreet. Men daa gjenta kom upp til prinsen, sov han like hardt, og alt ho gret og jamrad, kunde ho inkje faa honom vaken. Daa morgonen kom, hadde nasegrevet henne ut.

So hadde gjenta berre gullrokken att. Og

daa kaupte ho ogso denne gongen retten til aa koma inn til prinsen for rokken. Men no var det nokre kristne folk inntekne der, og dei hadde høyrt eit kvinnfolk graata og bera seg der tvo næter paa rad. So sa' dei detta med prinsen. Og um kvelden, daa prinsessa med den lange nasa kom med sovesupen, letst han berre som han drakk. Drykken slo han burt bak akslerna sine. Og daa gjenta den kvelden kom, var prinsen ljosvaken. Og daa vart det ei gleda paa deim, kann du vita. „Ja no kom du i rettan tid," sa' prinsen, „for i morgon skulde eg havt brudlaup; men eg vil inkje hava detta nasegrevet, kann du vita. Og no er du den einaste, som kann berga meg." Og so avtalad dei, korleides dei skulde laga det. Men daa morgonen kom hadde prinsessa gjenta ut som vanlegt.

Dagen etter, daa brudlaupet skulde standa, sagde prinsen: „Eg hev komet i skade for aa faa nokre talgflekkjer paa brudgomsskyrta mi, og no vil eg freista, kvat bruri duger til. Kann ho tvætta desse flekkjerne av, meiner du?" spurde han stykmori.

„Jau det er smaasak," svarad ho, og sette nasegrevet til aa vaska. Men di meir ho tvættad, di meir gleid flekkjerne utyver.

„Aa du er ein tosk," ropad modri arg, „lat meg faa skyrta." Og so ho til aa gnika og skura baade med sand og saapa. Men alt ho balad, vardt flekkjerne berre større, og sistpaa saag skyrta ut, som hadde dei dreget henne gjenom peispipa.

„Nei eg ser de duger inkje nokon av dykk," sa' prinsen. Men det sit ei fatig gjenta utanfor glaset. Kann henda ho er likare. Kom inn du gjenta mi."

Ja gjenta kom inn.

„Kann du tvætta denne skyrta rein, meiner du?“

„Eg veit inkje, eg lyt freista.“

Og aldri hadde ho so myket som duppat skyrta i vatnet, fyrr ho var drivande kvit som snjo.

„Ja deg vil eg hava, og ingi onnor,“ sa' prinsen.“ Men daa vart den gamle trollkjeringi so arg, at ho sprakk. Og det same hev nasegrevet visst ogso gjort, for eg hev inkje spurt henne meir.

Men prinsen og bruri hans samlad ihop alt det gullet og sylvet, dei kunde fragta. Og so bar nordanvinden deim paa ryggen sin langt burt fraa landet austanfor sol og vestanfor maane.

Detta eventyret, som ein kann finna att hjaa alle indoeuropæiske folk, fraa Himalaya og til Nordishavet, og som er mest kjent kann henda i soga um Amor og Psyke, det er stutt sagt ein lovsong av kjærleiken, den kjærleiken, som inkje vyrder nokon faare, men som er viljug til aa gaa i dauden for den som ein elskar, og som difyr skal vinna.

Her i eventyret er det ein kongsson, som er forgjord i ein bjørneham, og som vert utfridd av ei fatig ung gjenta.

Kongssonen eig alle skattarne i berget, endaa det at han dyl seg i bjørneham um dagen. Han eig detta løyndomsfulle slottet, som me kann kalla diktarslottet, draumslottet, og som so ofta leikar i eventyri vaare. Det syner den elsken, som nordmennerne hev til fjelli sine, at dei alltid legg detta slottet bak bergveggen.

Kongssonen her eig soleides aand, endaa han ter seg som eit rivande dyr. Det kann sjaa underlegt ut detta, men det er ofta tilfelle soleides i livet. Hjaa dei mest gaaverike folk kann ein ofta finna dei kvassaste klørna. Sume stunder kann dei upplata alle skattarne i berget for ein, og til andre tider kann dei finna gleda i aa riva ned paa det, som andre tykkja er so vænt. Dei hev brukt sine rike medfødde evnor desse folk til aa sundlima alle ting, dei hev etet seg gjenom alt, som kunnskap heiter og inkje funnet mette. Dei hev forset seg paa dei store mynster og legg deira maal paa alt, som dei sjaa og høyra. Og difor vert alt annat so smaatt og ringt, og dei ganga sure og vrakande gjenom verdi. Dei kann inkje gleda seg i nokot diktarverk, for det hev Goethe tenkt større, og det hev Shakespeare sagt betre. Dei koma inkje i hug, at det er dei smaae, som byggja verdi. Det er milliardarne av smaadyr i sjøen, som mata dei svære fiskestimarne i storhavet. Og soleides er det og dei mindre aanderne i folkehavet, som bera næring fram til dei store. Det er alt, som dei tusund feder og møder hev tenkt og talat og gjort og graatet og lidet — det er det, som byggjer statarne og timbrar loverna. Dei store aanderne er til for ein gong imillomaat aa samla det folkearbeidet, som er gjort i siste hundradaaret, paa ei hand og bruka det til ein plog, som kann brjota nytt land, bruka det til aa staka upp dei store grenselinorna, som mannaætti skrida millom lange tider frametter. Men dei smaae er det, som skal byggja desse tankarne upp kvar i si maurtuva. Naar daa slike folk med sitt skarpe syn, si kvasse tunga, sin himmelstormande lengsel bryt seg inn i vaare

daglege forhold, sjaa smilande og kaldflirande paa alt det, som me kalla stort og vakkert, av di dei kjenna so myket annat, som er større og vakkrare, og so riva det sund led for led fyre augom vaare, liksom barnet bryt sund ei leika, — ja so er det inkje underlegt, um me ræddast slike folk som vonde magter og sjaa bjørnehamen og dei rivande klørna. Og nettupp fordi slike folk harmast ved dei smaae krav og laage mynster, som dei fleste folk laga seg, nettupp difyr hev slike bjørnehamsnaturer ei skadefro gleda ved aa riva ned og syna fram i all sin vesaldom det, som skein fyre andre som so gildt og fint. Dei gløyma, slike folk, at det minste straaet og kvar nikkande blomen er eit likso stort under fraa skaparhandi som den lysande stjerna. Dei gløyma, at det er synd aa forarga det leikande barnet og lokka det motviljugt aa eta av kunnskapstreet.

Det er ei bok, som heiter Picciola av ein fransmann, som heiter Saintine. Der skildrar diktaren slik ein mann, som hev kastat yver seg den bjørnehamen, me kalla misnøgd, rivande kritik. Han hev etet seg gjenom alt det, som kunnskap heiter, men berre komet til aa sjaa det innhole, trivlande, stykkevise i det alt saman. Alt det som sjølvnøgt kallar seg vitskap er berre humbug, naar det kjem til stykket. Kvat veit me i grunnen? So kastar greiven seg burt i det villaste sanseliv, men helder inkje med det kann han drukna lengtingi i si sjæl. Dette livet aukar berre hans vanvyrdnad for seg sjølv og for alt livande.

Daa vart han braadt kastat i fengsel. Han var utlagd for aa vera med i ei samansverjing mot Napoleon. Og her i fangahuset, der han

inkje kann faa i bøker, inkje papir og blekk, der han ingen ting fær gjera og berre kann faa sleppa ut i fengelstunet ender og gong og supa litet frisk luft, her lærer han det, som heile livet elles inkje hadde lært honom: aa elska det smaae og det vanvyrdde. Det grør upp millom steinom i fengelsestunet eit grønt straa. Det vert til ein blom og til ein liten busk. Han sit og ser paa, korleides stylken veks, han ransakar aadrarna i bladet, korleides sevja renn, han vert med undring var, kor vislegt naturi hev tenkt ut den minste tingen, so myket ho kann verja fræet, det liv som verta skal, mot forfang. Det let seg upp for honom i denne vesle blomen ei underverd av vænleike og visdom og kjærleike. Han vert reint forbinad yver, at det hev voret mogelegt at springa framum detta, at vanagta detta. Han hugleggjer no denne vokstren. Han sit fraa dag til dag og utgrundar nye under. Han skjelv for denne blomen som ein far skjelv for det sjuke barnet sitt, kvar gong storm elder elingar truga. Han set upp bitar av mattor og segldnk til aa verja honom. Denne vokstren vert hans liv og gleda. Han sankar ihop um honom alt av audmjukt, reint, kjærlegt og godt, som endaa kviler paa botnen av hans sjæl.

Daa lærer han aa kjenna ei ung gjenta der i fangehuset. Ho er inkje rik, helder inkje utifraa væn, men ho er sterk i denne eine tingen aa gjeva seg heilt burt til den, som ho hev gjevet sitt hjarta. Og det er far hennar, som og er kastad i fengsel, av di dei hava boret paa honom, at han og var med dei samansvorne. No hev ho gjevet heile sin ungdom burt, daa ho so gjerne vil vera til hyggje og gleda for faren i hans einvera. I draumarne til greiven blandar no denne unge

gjenta seg ihop med blomen i tunet. Og desse tvo ljosmagterna, blomen og den unge gjenta, vert smaatt um senn det, som tinar isskorpa kring hjartat hans, og gjev att til den frosne anden hans tru paa livet og tru paa Gud. Bjørnehamen er dotten av honom, og han stend no som den straalande kongssonen med den unge gjenta i armom, ho som no vert bruri hans.

I denne boki hev me same tanken som i eventyret vaart. Naar ein brukar det kvasse vitet sitt og sin framifraa kunnskap til berre aa finna lyte med alle ting og setja desse veilorna fram i morosame ord, daa skroknar denne evna seg snart ikring ein som ein dyreham, som vil gjera, at ein gjeng kald og gledelaus gjenom livet. Det nyttar inkje aa freista aa faa dyrehamen or slike folk med aa ordkastast med deim, for det vil daa gaa som i eventyret um kong Valemon, der bjørnen med labbom sine slær ned alle dei krigsfolki, som kongen sender mot honom. Ein kann inkje ro baat med slike folk, dei er for dugande og slagferdige. Det er sagt um Søren Kierkegaard, at han tregad seg soleides yver inkje aa kunna faa haldast med ein dugeleg motstandar, at han laut skriva motlegg mot sine eigne bøker, som han daa nedgjorde baketter. Dei andre skreiv so taapelegt, at han inkje vilde smaaminka seg til aa svara deim.

I dei høgre samfundslagi vaare er detta den form, me snarast finna bjørnehamen i, denne rivande kritik. Det er avgjort, at *han* er eit godt hovud, som kann gjera narr av folk paa løglegaste maaten. Og difyr tem dei unge gutarne seg upp til aa segja „flotte vittigheter" um alle ting. Og det gjeld for karslegt og syna det høgare syn paa tingen detta aldri aa gjeva seg

heilt burt i ei sak men standa utanfor alle parti, som det heiter, og berre draga fram den løglege sida av deim. Det var i minsto tonen i ungdomsflokken paa mi tid, og det gjorde so myket, at eg lærde meg av med aa fortru meg til nokon, at eg livde mitt beste liv paa mitt studerrom. Og endaa i dag er detta so inngrott i meg, at naar eg ein gong imillomaat kunde hava hug til aa tala ut or skjegget, so ser eg braadt fyre meg dei kvasse bjørneklørna og den gapande bjørnekjeften med dei grinande tennerna ferdige til aa kasta seg yver dei ord, som for meg er heilage. Og so kvepp eg attende og tegjer. Den hjartelause, kaldkloke spotten hev gjort myket vondt. Han skaper tagalle, menneskjeskygge folk. Lat oss agta oss fyre honom!

Diktaren Welhaven var kjend for aa vera so munnkvass, at ingen kunde staa seg for den bitande tunga hans. Og difyr var han ei svipa for det gode sellskapet inne i kristiania. Dei laut hava honom med, endaa dei skjelvande bøygde seg for piskeslagi. Men ein gong fann han sin meister, so fortel segni. Det var umbord i eit skip, og Welhaven hadde i lengre tid drivet aatløgje med ein skiper der, so denne vardt sprautraud av harme, men torde inkje motsvara professoren. Endeleg tykte han, det vart for drjugt, og daa reis mannen, brette upp ermarne og sa': „Det vert inkje annat enn juling detta, professor!" Men daa tokkad Welhaven seg og tagde. Det slag svar vart honom for tungt. Det er helder inkje annat enn den brutale magti, som kann setja slike folk i vegg.

Bjørnehamen er inkje det einaste hamslag, som dyret kann visa seg i. Alt det, som forgjerer ei mannanatur, so dei *vonde* magter faa styr paa

henne i staden for dei *gode*, er slik ein dyreham. I eventyri vaare nemnast *fiskehamen* og *ramnehamen* og *revehamen*.

Den kaldvaate, likeglade, dovne trælehugen, som inkje kjærer for annat enn aa eta og sova — det er fiskehamen.

Dei svarte, nattmyrke tankarne, som fljuga med uhøyrande vengjeslag — det er ramnehamen.

Den sleipe, haale, skinheilage mannen, som berre søtlegt snakkar folk etter munnen, han syner fram revehamen.

Millom bønderne vaare slær ein inkje so myket med ord som med knytneven. Hjaa deim er drykken og slaastkjempelivet dei formerna, som dyrehamen helst syner seg i. Det er paa landsbygdi mange av dei emnelegaste gutarne med trong til eventyr og stordaad som dei gamle vikingar, men som reint er komne paa villstraa, av di det var ingen der i bygdi, som kunde skyna deim og rettleida deim og føra krafterna deira burt aat gjæve maal. Dei maa hava nokot til aa ruska i og prøva styrken sin paa, og so gripa dei det, som nærmast ligg: ryggjetak og drykk.

Mange slike gutar hev ei serleg magt yver unge kvinnor; for kvinna vert hugstoli av det sterke og spræke baade i kropp og i aand. Tenk paa Nils skræddar i Bjørnsons „Arne". Han er ein kar, som var emnad til prins, men som er forgjord til ein rivande bjørn. Kona hans, Margit, freistar gong paa gong aa faa dyrehamen or honom, men det nyttar inkje, for ho er inkje den rette, stakkaren. Keiveleg som ho er, gjerer ho honom endaa argare med sin maate paa aa gjera det vel. Det er eit saart syn aa

sjaa det sukkande og klagande mannahjartat vrida seg under sin eigen trollham. Kongssonen i eventyret vaart kvider seg til reint aa verta troll ved aa gifta seg med „nasegrevet“. Han kjenner, at det er forfælande aa verta heilt vond. Men so er han inkje god til aa kasta denne hamen utan um natti, daa han er einsleg. Straks det kjem folk til, sveiper han seg i bjørneskinnet som fyrr. So er han reide til aa bita og slaa.

Kor ofta er inkje det tilfellet med folk! Dei skjemmest ved aa syna det barnegode, det milde og det mjuke, som ligg paa hjartebotnen. Og likevel veit dei so godt, at *der* ligga deira beste liv gøymt, at dei vilde turkast burt, verta til stein, um dei skulde mista det. Men dei heve inkje mod og kraft til aa kasta hamen og atter verta som barn. Dei er bundne av vanen, av den vellyst, som det er aa herska, aa halda dei andre under svipa. Og so hylja dei seg, halvt friviljugt, halvt motviljugt, i dyrehamen og gjeng der som fyrr med sitt kvasse auga, sin leikande skjemt, sin spottande munn, sin svellande trass, endaa hjartat lid ved det.

I min ungdom kjende eg ein student, som var slik ei natur. Han var kunnskapsrik, aandfull, men hadde vorte harm og beisklynd ved aa sjaa det stykkevise og trivlande i alt. Og han log aat menneskjorna og deira smaa krav og maal. Men dei fortalde um denne ulukkelege, søkjande aandi, at dei ofta kunde sjaa honom nede i ei fiskarhytta ved strandi, og der bad han um løyve til aa sitja eit bil i stova og sjaa paa borni leika seg. Han kjende liksom paa seg, at eit kjærlegt husliv med leikande og læjande born kring seg var meir verdt enn all han spottande kritik.

Den dyrehamen, som hev fenget slik magt yver ein, og som gjerer ein so ulukkeleg, er komen fraa landet austanfor sol og vestanfor maane, segjer eventyret, fraa det landet, der det er myrkt og isande kaldt, det harde, kjærleikslause landet, der stykmortanken raar. Og det skal alltid syna seg, at det er brest paa kjærleike, som skaper slike forhold. Ein venleg heim med rein, mild luft er beste motgifti mot alt slag dyreham. Den heimen, som inkje eig kjærleike, kann helder inkje lokka kjærleike fram i barnet; men det gjerer tvertum sitt til, at barnet tidlegt fær bjørnehamen paa seg. Di lenger barnet kann hengja kring halsen til mor si, trygt og skuldlaust, di betre. Lær barnet ditt tidlegt aa sjaa det fagre i alt, baade i stort og i smaatt, lær det aa taka alt i beste meining, og du gjev det betre heimanfylgja enn baade gard og grunn. Strenge, uvituge foreldri, som stengja paa alle leider der barnet naturlegt vil fram, skaper det motsette av det, dei tenkte seg. Born av strengaste pietistar vert ofta ranglefantar og gudsnædarar. Livet vil hava sin sunne vokster. Klemmer du for hardt paa eine sida, so veks det seg skakt ut paa andre, for *veksa* vil det.

Kongssonen i vaart eventyr skulde verta kvitt dyrehamen sin, um ei ung gjenta kunde halda ut med honom eit aar, endaa ho berre fekk sjaa dyrehamen all den tidi. Det er soleides kjærleiken, som med sitt uppofrande tolmod skal kunna tina isskorpa og lokka mannen fram or dyret. „Av hundrad unge menneskjor, som er komne paa villstraa, vert dei 99 bergad ved det, at ei ung gjenta held utav deim," segjer ein dansk diktar. Og eg trur, det er sant. Hagbart i kjempevisa kann verja seg mot alle dei

kjemporna, som kongen sender mot honom, og han slit sund alle dei reipi, som dei binda honom med, men han kann inkje slita ein lokk av haaret til Signe.

Den unge gjenta i eventyret vert einsleg der med bjørnen i fjellet. Og mot henne er han alltid godsleg, so det ser ut til, at ho lærer aa halda av honom. Det sviv fyre henne, at det maa vera nokot løynlegt bak detta. Han ser paa henne med slike store, tunglynde augo og sukkar. Ho gjekk med honom, inkje av di ho elskad honom, men av di ho vilde berga foreldri og smaasystkini fraa naud og vesaldom. Men no fær ho medkjensla med honom, og fraa medkjensla og til kjærleike er inkje eit langt sprang hjaa ei kvinna. Ho ser fyrst kven han er og kor fin han er, daa ho hev lyst paa honom med ljosstubben.

Me hev eit annat eventyr um same emnet, og der er innleidingi greidare. Det er daa eventyret um kvitebjørn kong Valemon. Her er det ei kongsdotter, som hev drøymt um ein gullkrans, som var so fin, at ho tykte ho kunde inkje liva, minder ho aatte honom. Dei leita flatt og bratt etter gullkransen, og alle gullsmedar i riket freista aa gjera gullkransar, ettersom ho skildrad; men det vert aldri den rette lell. Daa fær prinsessa, ein gong ho er i skogen, sjaa kransen; men det er ein kvitbjørn, som leikar med honom. Prinsessa vil kaupa kransen — nei han var inkje fal fyre pengar; men vilde ho gifta seg med honom, skulde ho faa kransen. Ja, ho maatte hava honom, korleides det so bar til. Og so vart dei samde um, at bjørnen skulde henta henne um tri dagar, og det var ein torsdag.

Daa prinsessa kom heim med kransen, vart alle glade. Og kongen meinte, det skulde inkje vera stor sak aa stogga ein kvitbjørn. Daa so bjørnen kjem, sender kongen heile krigsmagti mot honom. Men ingen ting bit paa bjørnen, og han slær mennerne ned i haugevis. Daa vert kongen rædd og sender eldste dotter si i vegen. Bjørnen tek henne paa ryggen og stryk stad med henne. Daa han vel er i skogen komen, spyr han: „Hev du setet mjukare, hev du set klaarare?“

„Ja paa fanget til mor sat eg mjukare, i garden til far saag eg klaarare,“ svarar ho.

„So er inkje du den rette.“ Og bjørnen jagar henne av.

Torsdagen etter kjem han att. Daa sender kongen andre dotteri stad. Men det gjeng like eins med henne. Ho svarar det same, og bjørnen jagar henne.

Tridje torsdagskvelden lyt kongen ut med den yngste dotteri. Daa bjørnen er i skogen komen, spyr han henne: „Hev du setet mjukare, hev du set klaarare?“

„Nei aldri sat eg mjukare, aldri saag eg klaarare,“ svarar ho. Ja so er ho den rette, og bjørnen tek henne.

Her er tankegangen greidare. Her hev den unge gjenta set gullkransen i bjørnelabbom, fyrr ho gjeng med honom. Og denne gullkransen, som ho hev drøymt um, og som var so fager, at ho inkje kunde liva, minder ho aatte honom, det maa vel vera livet i all sin glans, soleides som det breider seg ut for ei ung, frisk kvinna i hennar fagraste framtidssyner.

Og inn i detta livet syner seg ofta ein mann, som hev fenget dyreham paa seg. Den mannen,

som kann tala, elder syngja, elder spela, elder dikta soleides, at hjartat hennar dirrar, at lengselen vert lyft, at sjæli hennar fær vengjor, og gaatorna vert løyste — han hev og fenget lykel til hjartat hennar, um det endaa skulde visa seg, at mannen i grunnen var eit ubeist. Den unge kvinna kjenner trong til aa bøygja kne for ei meisteraand, til aa kasta alt, kann ho berre faa fylgja honom, til aa surra som ei fluga inn i logen, som brenn henne upp, naar denne logen straalar sterkare enn alt annat, ho hev set. Ho kann tilgjeva mangt, ho kann lida myket, ho kann ofra alt, fær ho so sant njota den lukka ein gong imillomaat aa sjaa skattarne i berget opna seg, ein gong imillomaat faa sjaa den herlegaste mannaskapnaden stiga fram or bjørnehamen. Kor mange unge vækjor er det inkje, som hev gift seg med fordrukne og forranglade kunstnarar, berre av di desse stundom hev opna skattarne i berget fyre deim? Dei hev tykt, desse unge gjentorna, at sætet paa denne bjørneryggen var mjukare og synet derifraa klaarare enn heima hjaa far og mor. For detta er det, som maa vera rette kjenneteiknet. Ein maa sjaa gullkransen i bjørnelabben og *berre* der. Ein maa viljugt og med gleda byta sætet hjaa far og mor for det paa bjørneryggen. For ein sit mjukast, og ein ser klaarast hjaa deim ein elskar. Um far og mor tek ein aldri so kjærlegt i famn — det er likevel inkje famntaket til ein elskar. Og det klaarsynet, som kjærleiken gjev, er større enn det, som kunnskapen kann breida ut for ein. Kunnskap kann opna vida syner for aandi, det er sant, men det vert alltid som ei sugande trong att, ei trong, som kjærleiken berre kann sløkkja. Det er mange, som slett inkje hev gaumat, kor

vænt allting er ikring deim, fyrr paa den dagen, daa dei vart forelskade. Daa skin himmelen blaaare, daa syng fuglarne finare, daa anga blomarne rikare, daa straalar det fraa luft og jord og hav som aldri fyrr. Og av di dei kjenna denna kjærleiken so sterk, so tru dei og, at dei skal faa dyrehamen til aa bresta. Dei set seg det som livsverket sitt aa fylgja denne emnelege venen sin, endaa det grys i deim, naar dei sjaa bjørnehamen, som han stundom sveiper seg i.

Det er mange unge vækjor, som fortaka seg paa slikt eit lyft. Kunstnaren ter seg onnorleides paa ein koncerttram elder paa ein talarstol enn som heima i det daglege stellet. Daa skroknar stormannen ofta ihop, daa syner han alle sine skrøpelege sidor, daa kviler han ofta som blundande, for aa samla kraft til nye tak ute i det offentlege livet. I heimen syner han dyrehamen; i det offentlege livet opnar han skattarne i berget for den lydande og undrande flokken. I *festsalen* kann han smila, læja, vera elskeleg som ingen annan, — *heima* kann han grina, banna og slaa.

I slike tilfelle gjeld det um aa halda fast paa trui, at denne uverduge mannen likevel er han, som eig gullkransen, um han endaa leikar med honom millom bjørnelabbom, halda fast paa trui, at ein sistpaa skal vinna fram til aa faa dyrehamen til aa bresta.

Eg hev høyrt fortelja um ei kvinna, som hadde fenget ein drikkar til mann, og som i lange aar faafengt hadde freistat aa faa dyrehamen av honom. So fann ho paa som siste raad aa klæda seg sjølv ein dag i dyrehamen hans. Ho drakk seg dauddrukki. Mannen vart bleik som ein naae, daa han saag den fine, stilvorne kona

si koma ragande imot seg med ylmande augo og vavlande tunga og tumsut smil. Soleides var det, *han* hadde tet seg fyre henne i dei mangfaldige aar. Etter den dagen drakk han inkje meir. Kjærleiken kann soleides vinna endaa gjenom slikt faarlegt vaagespel.

I eventyret vaart syner inkje kongssonen seg fyre den unge gjenta utan i dyreham. Det er berre i nattarmyrkret, naar ho ingen ting kann sjaa, at han fær lov til aa vera mann. Men detta aa sitja einsleg all dagen og brenna inne med ein løyndom, som ho inkje kann raada, det vert sistpaa sa kjøvande, at ho inkje lenger kjærer seg um skattarne i berget. Hugen hennar snur seg berre um denne eine tanken: „Kven er det, som kjem tuslande her nattartider? Kvifyre skal han vera usynleg fyre meg?" Hjartat opnar seg fyre mistru. Og der ho fyrst fær raaderom, slepp ho inkje so snøgt taket.

Kor mang ein husbonde er det inkje, som er usynleg fyre kona si, og kona fyre honom. Ja det vil segja dei faa sjaa dyrehamen hjaa kvarandre. Dei kann liva aar etter aar i same stova, og likevel sjaa dei inkje kvarandre. Dei snakka med kvarandre um kvardagslege ting, um maten og jordepli og dei mange skattar og utlegg; men dei løynlege tankarne, tvilerna, draumarne, planarne, kjenslorna — nei.

Og mistru er det mest alltid, som avlar slike forhold millom egtefolk. Detta aa lura paa ei veik stund og so stela seg inn i eins løyndom, detta inkje aa spyrja beint fram, men dylja si mistru, det er ei synd mot kjærleiken likso stor, som naar ein raa mann slær kona si beint i andlitet, endaa det, at syndi ser so skuldlaus ut og smyg ikring paa kattefot. Gøymer du burt dine

saare tvil, so veksa dei seg store der inne, og der kann skje ulukkor, som aar inkje kann bøta. Lyser du paa din sovande prins med talgljoset til di mistru, so drøyper du heite dropar talg paa honom, som vekkjer honom og brenn seg soleides inn i honom, at det skal eit livs strid og heite angerstaaror til, um du skal faa tvættat av desse flekkjerne. Det er ingen ting som soleides kann skilja vener, brjota seg inn i alle huslege forhold som aa sjaa paa deim med mistru. Daa driv ein honom, som ein i grunnen elskar, ut i den kalde, myrke verdi austanfor sol og vestanfor maane, den verdi som ein nettupp ynskte aa berga honom fraa, den verdi, som flir honom i henderna paa stykkmori.

I eventyret vaart er det mor til den unge gjenta, som veld heile ulukka. Og det er og eit drag av livet, som det ofta ter seg. Liksom det finst ingen, som soleides kann styrkja ei ung kvinna som ei eldre, som sigrande er komi ut or sitt egteskaps strid, soleides er det helder ingen, som kann brjota sund hennar tru og mod, soleides som ei eldre, som sjølv hev røynt, kvat skipbrot i egteskapet vil segja, og som difyr hev gjevet seg yver og inkje lenger strider. Ho kjem stigande med røynslorna sine, som var dei ein livsvisdom av gull, og andar mistru og kaldklokskap inn i den unge kona.

„Ja sjaa *du* trur no, at skatten din er slikt eit mynster paa dygd — aa nei mor mi, mannfolk er alle like. Eg kjenner deim ut og inn, og slik og slik er dei og korkje eit haar betre elder verre. Venta no berre." Og so drøyper dei drope etter drope av mistru-ljosetalg inn i hjartat til dei unge, som inkje drøyma um nokot slikt. I slike tilfelle gjeld det um aa standa fast, aa

hugsa paa gullkransen, som finst millom bjørnelabbom, aa hugsa paa at det er livsvilkoret for eit lukkelegt egteskap aa inkje sleppa tridjemannen inn i sin tydskap soleides, at han kann leggja seg millom bork og ved, aa hugsa paa, at usvikeleg tillit det er livaadri i kvart samliv. Kvart egteskap vil faa sine strider. Det kostar kamp aa halda gullkransen blank. Men kann du det, gjeng du sigrande gjenom sorger, tviler, dei hundrad smaae mistak og trættor, som kann henda dei beste i deira samliv, so legg alle desse sigrar seg lik fagre blomar kring gullkransen. Og det vert sant det ordet, at i egteskapet der stig det jamt fraa det lægre til det høgare, fraa brudlaup til sylvbrudlaup og so til gullbrudlaup, alltid rikare, alltid minnestungare. Men let du deg lokka av dei daarande røysterna, som vil innbilla deg, at han, som du elskad i din ungdom, er eit troll, ja so skal det verta hardt for deg aa tvætta av den talgflekken, du hev drøypt paa honom, og paa din eigen kjærleike. For det er ingen, som treng um kjærleike so heilt som desse saare dyrehamsjæler. Og det er ute med deim, naar den einaste, som dei hev synt tillit, løner deim med mistru.

Daa den unge gjenta i eventyret fyrst fær augo paa, kvat det er, ho hev gjort, at ho no hev skilt prinsen fraa seg i all æva, daa kjenner ho og, at ho med det same hev skilt seg med det rikaste og djupaste i seg sjølv, daa kjenner ho, kor inderlegt ho elskar honom. I alle avgjerande val i livet, daa sig alt, som fyrr tyktest so stort, ned til aa verta so smaatt og det, som tyktest smaatt, gys fram som ei vellande livskjelda. Den unge gjenta skynar no til fullnad, at ho hev gjort prinsen urett. Ho hev gjort honom

ulukkeleg og drivet honom ut i myrkret, daa han var um aa vinna seg fram til ljos.

Men denne ulukka bind henne no tvifelt sterkt til honom. Ho fær inkje fred, fyrr ho hev sonat. Og no byrjar eit heilt livs liding som frukt av denne eine gløymde stundi.

Aa kor ofta faa me inkje lida aar etter aar for ei einaste liti gløymd stund! Ho vil fylgja med prinsen, men ho fær inkje løyve. Og so tek ho til med den lange, mødesame vandring yver aasar, heidar og blaanar utan fred, utan kvila, alltid drivi fram av den eggjande brodden, at ho vil koma forseint kann henda. Og best som ho trur, ho stend ved endemaalet, so kling det so vonlaust: „Dit kjem du seint elder aldri."

Heile denne vandringi er eit bilæte av ei lang og tung livsutvikling. Ho skal læra aa kjenna det myrke landet, som ho no hev landlyst honom til. Det er eit land, som faa trotta aa liva i, dei frys ihel.

Men denne unge vækja hev lagt all sin hug paa det aa berga honom, og difyr held ho trufast ut. Ho hev gjort til sine dei ovfagre ord i Høgsongen: „Set meg som eit innsigle paa hjartat ditt, som eit innsigle paa armen din; for kjærleiken er sterk som dauden. Mange baaror kann inkje sløkkja kjærleiken, helder inkje straumar skylja yver honom. Um ein vilde gjeva all sin rikdom i byte med kjærleiken, ein vilde vanvyrda ein slik ein."

Men den kjærleiken, som trufast stirer paa sitt maal og held ut til det siste, skal og finna underfull studnad. Dei gamle rukkute kjeringarne, hestarne, vindarne — menneskjor, dyr og naturmagter — alle hjelpa og bera henne fram.

Og den unge gjenta styd seg til desse sine ukjende vener med tillit og takk. Og so naar ho sistpaa fram. Og den talgflekken, som trolli inkje orkad aa faa burt med all trollskapen sin, honom tvættar ho burt i ein augnablink. For no hev ho sonat si synd, no hev ho synt, at mistrui er burte til evig tid. No hev ho sett livet inn paa sin kjærleike, og meir kann inkje menneskja rekka.

Etter sukk, etter graat
kjem det sol ein gong,
etter myrke nott
kjem det morgonsong.
Ho hev mistruflekken
tvættat med bot
med angerstaaror
og sigersmot.
Den truskap og kjærleik
er verd aa vinna,
som lokkar Guds bilæt
or bjørneham,
som gjeng gjenom rædslor,
tyngslor og skam,
som gjeng inn i dauden
honom aa finna.

Mannahausen.

(Eventyret fortalt av Ivar Aasen.)

I gamle dagar var det sed og skikk i bygdi, at alle mann skulde vera i gjestebod um joledagskvelden, naar dei var komne fraa kyrkja — daa skulde ingen sitja heima aaleine. Anten skulde mannen bjoda gjester, elder skulde han sjølv vera gjest hjaa ein granne elder ein kjenning einkvar staden. Daa var det ein gong ein mann, som var med kyrkja, og som hadde ventat paa, at han skulde verta beden til gjestebods. Men so hadde det lagat seg so meinslega, at det var ingen, som

tenkte paa honom elder kom i hug aa bjoda honom til seg. „Aa det er no inkje verre med di," tenkte mannen, „naar inkje nokon vil beda meg, so lyt eg bjoda einkvar. Eg maa no vel sleppa aa fara heimatter einsaman."

So gjekk han ikring og leitad upp ymse kjenningar og bad dei gjera so vel aa fylgja honom heim. Men det gjekk inkje betre enn so, at han kom all stad for seint, for daa var dei bedne alle ihop, so det var ingen atter, som kunde fylgja honom. Daa vart mannen baade harm og leid og visste daa inkje, kvat han skulde finna paa. Og medan han gjekk der og dreiv ikring paa kyrkjegarden, so kom han til aa spenna burt i ei gamall hovudskaal, som laag der so midt fyre fotom. For det hender ofta, naar eit lik er nedsett, at ein gamall haus kann vera uppkastad og koma til aa liggja i øvste trømen i moldi.

"Kom du daa, naar ingen annan vil", sa' mannen, med det same han saag hausen. Daa lettad hausen seg upp ifraa marki og foor og sveiv kringum mannen liksom ein fugl. Og so fylgde han mannen heimatter fraa kyrkja. Og sidan var han med honom baade heima og burte og baade paa sjø og land. Kvarhelst mannen kom, so var hausen ogso komen og fór der og sveiv kring han.

Ein gong daa mannen var i skogen, daa høyrde han, at hausen log. Og mannen spurde, kvat han log aat, men han fekk inkje svar.

Ein annan gong var mannen i kyrkja, og daa var det lika eins. Det var endaa med' presten stod paa stolen og var midt i talen sin. Daa høyrde mannen, at hausen log. Og sidan spurde han, kvat han hadde lætt aat; men daa var der korkje ord elder ande aa høyra. Og sidan so

gjekk no tidi som ho plagar ganga. Det vart sumar og det vart vetter, og sistpaa kom joli. Daa jolaftan var komen, so gjekk mannen ut i skymingi og sette kross paa dørerna paa fjos og løda og paa alle hine husi. Og daa mannen hadde sett siste krossen paa løda, daa log hausen ein stor laatt. „Den som var so vis, at han visste, kvat du lær aat", sagde mannen.

Daa tok hausen til aa tala og sagde, at no skulde mannen faa vita det, som han vilde, for no skulde dei snart skiljast aat. Mannen sa' at det var mangt han hadde hug til aa vita, men fyrst og fremst vilde han høyra, kvat dei tri laattarne skulde tyda.

„Det skal eg segja deg," sagde hausen. „Fyrste gongen eg log det var i vaar, daa du var upp i skogen og hogg ei bjørk. Daa rivnad den eine skoen din sund, og du visste inkje onnor raad enn aa grava kringum bjørkeroti og riva upp ei taag til aa binda ihop skoen med, so myket han skulde hanga paa foten, til dess du kom heimatter. Hadde du daa visst det, som eg visste, so hadde du gravet nokot litet lenger ned; for der stod ei stor pengekista innunder roti med so myket gull og sylv i, at du kunde kaupt heile bygdi og nokre bygder til fyre det, og daa hadde du sloppet aa ganga i slike skor, som ein skal binda ihop med bjørketæger. Daa laut eg læja aat di, at mannen kann vera so stuttvis, at han inkje skal sjaa lukka si, naar ho er so nær, at han turvte inkje meir enn berre snu seg og retta ut handi og taka henne fast.

So var det andre gongen. Det var som du veit ein sundag i sumar, daa du var ved kyrkja. Daa saag eg ogso nokot, som inkje du saag. Det var daa aalmugen var innkomen, og presten

tok til aa tala, daa kom han gamle Eirik og sette seg utar ved dørstokken og hadde med seg eit stort kalvskinn til aa skriva paa. Og so skreiv han upp alle trollkjeringarne, som var inne. Men so var det so mange, at dei fekk inkje rum paa skinnet, og so beit han i jadrarne paa skinnet og skulde tenja det ut, so myket det kunde verta stort nog. Og best som han heldt paa soleides og tøygde og tande, so var det ein gong, at skinnet glapp ut millom tennom so daattelega, at han slo nakken att i veggen, so det vart ein stor smell. Daa laut eg rett læja, og daa hadde du ogso lætt, naar du hadde komet ut aa sjaa det.

So var det den tridje gongen eg log. Det var no i dag, naar du sette krossar paa veggjerne. Daa log eg aat alle smaatrolli, som laut røma undan fyre krossmerket. Det saag ut mest som det hadde voret store flokkar med rottor og skinnvengjor, som kom rynjande ut or husom, og det smatt og smaug igjenom alle dei glugjar og glufser, som i veggen var. Du kann tru, det var fint fylgje, som hadde teket seg herbyrge i husi dine til helgi. Men so fekk dei ogso bør undan bakken, so myket dei laut til aa smaaskunda seg og smetta seg av og høyra etter hus paa ein annan stad. Og no er det fritt og fredelegt i alle dine hus, so der er inkje til aa ottast korkje fyre folk elder fe. Men no hev eg inkje tider til aa tala meir med deg, for no er den tidi komi, daa eg skal vera paa ein annan stad. Og dermed skal du hava takk fyre laget.

Dette eventyret byrjar med aa røda um, kor hyggjelegt det er aa hava sellskap med andre folk.

„Det er inkje godt for mannen aa vera einsleg", det ordet gjeld inkje berre, naar me skal sjaa oss ikring etter ei Eva, som vil skifta likt og ulikt med oss, men det gjeld i alle tilfelle i livet. Mannen styrdnar og kolnar, naar han stødt skal ganga og stulla med seg sjølv. Arbeidet er ei velsigning — det er sant nog det — naar det inkje vert til helseslitande kav daa. Men ein treng til aa retta ryggen og kvila ender og gong. Aa halda kviledag imillomaat er reint ein helseregel. Gangverket slitnar, naar det inkje vert smurt med liter arbeidsbyte og kvila.

Aa faa lov til aa hyggja seg med vener og kjenningar i joli, det er berre eit rimelegt krav. Dei fleste folk kava og træla aaret rundt i slikt keidt og aandlaust traakk, at det smakar godt aa faa ei liti jolehelg. Det leide er berre, at flestalle misbruka denne kvila til turing og ukjurskap. Dei drikka og slaast, so dei er meir utslitne, naar dei slutta helgi, enn daa dei byrjad. Folk rekk inkje høgare enn deira aandlege lengting naar. Um dei meina, at kortleiken og fylla elder champagnelagi er den høgste livsnjoting, so triva dei etter slikt i jolehelgi i staden for aa njota kvila. Elder so eta dei, til dei mest rivna. Andre, som eiga betre hugmaal, dei vil kvila seg med spel og song og lesnad og teater og koselegt samprat i jolehelgi og kjenna seg styrkte ved det.

Mannen i eventyret vaart var vel inkje likare enn folk er flest. Han gjekk rundt og søkte lagsmenner. Og han hadde venteleg brennevinskaggen og flesket ferdigt til aa traktera med. Men so fann han ingen felage. Han kom all stad for seint. Dei hadde lovat seg ut til andre. Og so er det, at han, halvt harmfull, halvt sorg-

lystig, bed mannahausen paa kyrkjegarden um aa vera felagen sin. Og — skulde du set slikt — mannahausen lettar seg fraa marki og flyg med honom som ein annan fugl. Og *han* vert ein meir hyggjeleg og lentug kammerat enn baade brennevinskaggen og ribbesteiki ser det ut til. Mannen fekk daa spara godgjeringi si den gongen.

Det er eit underlegt paahitt av eventyrdiktaren, at han let denne mannahausen krinsa kring mannen og fylgja honom baade i skogen, paa marki, i stova og i kyrkja, ansa paa alt, som hender, og gjera sine innkast um det.

Er der no meining i detta paahittet? Kann ein tom mannahaus fljuga kring og tala?

Inkje ein *tom* mannahaus nei, men det som ein gong var i honom. Dei tankarne, som olst i den hjernen den gongen, han endaa var livande, dei ordi, som han fødde, dei gjerningarne han sette i verk — sjaa dei er endaa livande og kann inkje døy, um so den daude hovudskaali vert burtkastad og ligg paa kyrkjegarden og skal smuldra. Det er det store under og det store andsvar, at kvar menneskja skal liva etter dauden inkje berre soleides, at aandi gjerer seg fri fyre kroppen og liver i aandeheimen, men soleides, at ein liver i sitt verk her nede paa jordi, etter at ein er burtfaren. Ein hev havt born kann henda, som hev fenget sitt aandlege innsigle fraa far og mor. Og finst det inkje born i heimen, so hev ein ferdast millom so mange folk og hev stemplat aandi deira, so dei halda fram i same vegaleidi. Og dei ordi, som ein talad elder skreiv, og dei gjerningarne, sem ein gjorde, med' ein livde, dei hava verkat med sitt fyredøme og manat andre til aa fylgja etter. Og detta gjeld i vondt liksovel som

i godt. Difyr hev det myket paa seg det aa vera ei menneskja. Ei menneskja er ein saamann, som drys innverknad kring seg nett som saakorn, og detta saadet fester seg i eit og annat mannahjarta og skyt fram som godt elder vondt, anten saamannen meinte det slik elder ei. Eit ord, som alt er uttala, kann ein inkje taka i seg atter; ei gjerning som alt er gjord, kann ein inkje gjera ugjord. Dei hev floget ut i lufti som frækorn og fest seg og brydder fram ein veit inkje kvar.

Det finst folk, som meina, at det inkje bid liv etter dauden. Daa vert ein berre ein rotnande kropp, ein mannahaus, som vert nedlagd paa kyrkjegarden og smuldrar. Fyre slike folk maa synet av ei tom høvudskaal berre vera ufjølgt so som det var for Hamlet. I dette stykket av Shakespeare stend Hamlet og samsnakker med gravaren, som held paa med gravi til Ophelia. Gravaren hiv upp or moldi ein mannahaus, og Hamlet spyr, kven det var, som aatte denne. „Ein overlag lystug selle," svarar gravaren. „Han slo ein gong ei heil flaska rhinskvin yver hovudet paa meg. Denne skallen her var Yorick sin skalle, han hoffnarren".

So segjer Hamlet til venen sin: „Aa stakars Yorick! eg kjende honom vel Horatio, ein spelfugl av verste slaget, rett ein lentekrok. Han hev boret meg paa ryggen sin dei tusund gonger — og *no* — huff for ei fæla aa tenkja paa, eg vert reint elgjen. Her sat desse lipporna, som eg kysste so mange gonger. Kvar er dei no dine ordhitt, dine bukkesprett, dine visor, din lysande skjemt, som gjorde, at bordsellskapet mest skrattad seg forderva? Hev du inkje att eit einaste gapord, so du kann driva aatløgje med kor fælt

du griner no? Du Horatio, trur du at Aleksander den store saag soleides ut i jordi?

Horatio: Nett soleides.

Hamlet: Og stinkad so fælt? fy!

Horatio: Nett soleides min prins!

Hamlet: Kor kann me inkje verta brukte til laage endemaal Horatio. Kann inkje tanken no fylgja dusti av den gjæve Aleksander, til me finna henne brukt til aa dytta i ei sprunga."

Horatio: Aa sjaa soleides paa saki, det vilde vera aa sjaa henne for tett innpaa livet.

Hamlet: Nei inkje i minste laget. Det vilde berre vera i all bljugskap aa fylgja tanken i den leidi, der det er likt til, han vilde ganga. Sjaa no her: Aleksander døydde, Aleksander vart jordfest, Aleksander vart til dust, dust er mold, av mold gjera me leir. Kvat skulde daa vera i vegen for, at dei med den dusti, som Aleksander vart umskapt til, kunde dytta ei øltunna?"

Ja slik ein glisande, svivyrdeleg liktale yver dusti, kunde ein halda, um me *berre* skulde vera dust, um mannahausarne vaare laag der grinande som skallen til Yorick og berre skulde sparkast til og smuldra, og det var alt. Men no fortel eventyret vaart, at mannahausar kann letta seg fraa marki og krinsa rundt oss og tala til oss. For um me endaa vilde negta, at vaar aand livde etter dauden, so er det nokot, som ingen kann negta, at det, som ein hev livt, det som ein hev tenkt og talat, med' ein var til huse i kroppen, det liver og hev frætt seg vidare til andre, det er uppstadet i den komande ætti paa same maaten som kroppen, som vert til mold, stend upp i graset og blomarne, som veks paa gravi. Dei kaate paahitt av skjemtegauken Yorick dei liva og vert hugsade liksovel som heltegjernin-

garne til Aleksander, som hev skapt ei ny heimssoga. Mannahausarne til slike folk dei fljuga endaa kring i verdi, so som eventyret vaart fortel oss.

Og det er inkje berre so, at det arbeid, som gjekk ut fraa verkstaden i heilen vaar, hev fest seg i born og i fylgjesveinar og i dei gjerningarne, du hev gjort — nei dei hev ogso fenget liv i bøker, i kunstverk, i musik, soleides at dei, som liva etter oss, kann ganga dit og sjaa og njota. Naar me ganga paa muséar elder kunstsamlingar og sjaa med undring paa dei bilæthoggarverk og maalarstykke, som dei store kunstnarar hev skapt, so er det mannahausarne til desse burtfarne aander, som krinsa kring oss med sin tale. Og naar me sit paa romet vaart og gled oss ved eit vitskaplegt verk elder eit diktarverk, so er det mannahausarne til deim, som skapte desse verki, som hev fylgt oss heim og no let upp skattarne sine fyre oss. Shakespeare og Goethe, Ibsen og Bjørnson er inkje daude, dei liva inkje berre der uppe paa andre sida, men dei liva her nede millom oss. Kvar gong me lesa og gled oss ved diktarverki deira, er det mannahausarne til dei, som er komne paa vitjing aat oss og tala med oss. Og me kann mana dei til aa koma til oss berre med aa taka bøkerne deira ut or hylla og verta burte i deim. Men kjem den tid, daa bøkerna berre dekkjast med dumba i boksalarne, kjem den tid, daa ingen kjærer seg um aa lesa deim, av di deira synsmaatar inkje lenger høva med tidi — ja daa flyg inkje mannahausarne lenger rundt, daa dett dei ned paa marki og smuldra paa den kyrkjegarden, me kalla gløymsla. Daa hev dei fyllt sitt livsverk og kann faa kvila i fred.

Sæl er den mannen, som gled seg med aa kalla hit mannahausarne til fine, store og gode aander og lata deim bera ut or sitt tankestabbur tankeborni sine. Dermed hjelper han deim til aa liva og verka lenger her paa jordi etter dauden.

Det er mange av dei mest framsynte aander, som vart vanagtade, med' dei livde, av di dei var fyre si tid og difyr inkje vart skynad og verdsette rett. Men ei seinare tid hev gravet fram dei gløymde verki deira og gled seg ved deim og vert uppbygd ved deim. Her kann me segja, at mannahausarne til desse folki hev liksom leget smuldrade paa kyrkjegarden, men so er dei atter uppkastade or gravi og hev teket til aa fljuga rundt og tala og gjera si tiltenkte tenesta fyre verdi.

Den mannahausen, som vart felage med bonden i eventyret vaart, hev inkje høyrt til dei store aander i tidi, vonar eg. Men han høver godt ihop med den aandlege synsstad, som bonden sjølv eig. Og han hev eit gløgt kringsjaa og gjerer kvike innkast um det han ser. Lat oss no høyra, kvat det er, han fortel oss. Han maa hava voret ein lystug selle, for han hev det so med aa læja aat alle ting.

Fyrste gongen han log var, daa mannen var i skogen og skulde hogga ned ei bjørk. So rivnad skoen, og han laut slita upp ei taag og surra leret ihop atter. Men hadde han gravet nokot djupare ned med roti, so hadde han funnet ei diger pengekista mett med gull og sylv, som laag nedgravi der. Og det var so mange pengar, at han kunde hava kaupt heile bygdi, enn segje meg eit par nye skor. Og mannahausen lyt lægja aat di, at mannen kann vera so stuttsynt

og raadlaus, at han inkje kann sjaa lukka, som ligg nedfyre foten og berre ventar paa, at einkvar skal retta ut handi og triva henne.

No er det inkje sagt, at det alltid er slik ei lukka aa finna pengekistor. Det er mange, som vert øydelagde, naar dei braadt faa tak i rikdom, av di dei inkje hava vit til aa bruka rikdomen rett, men skusla burt honom til unyttes. Men for ein fatig krok, som inkje hev raad til eit par nye skor, kann det vera hendigt aa faa litet skillingar imillomaat. Me sjaa det, at mannahugen retter seg ut etter pengekista, for pengarne er magt og gjev oss lykelen til so mange freistande ting. Og norske segner gjeng ofta um skattegravarar, som med nattartider leita etter løynde skattar. Dei hev set blaatt ljos brenna yver haugen elder stellet, der skatten er nedgraven.

Eg trur no inkje, at det finst so mange pengekistor nedgravne her i Norig, endaa ein kann slumpa til aa finna baade gull og sylv i gamle gravhaugar. Skade at me inkje daa kann faa tak i slik ein fljugande mannahaus, som kann læja, naar me standa paa stellet og inkje veit kvat som under ligg. Og den blaae elden, som skal loga ut or haugen, er visst gjengen ut or moten, for eg høyrer inkje gjetet honom meir. Men sant er det, at det som oftaste er eit reint tilfelle, som syner ein veg til løynde skattar, um det inkje er digre pengekistor. Korleides bar det inkje til i Danmark, den gongen, daa dei fann gullhorni, som Øehlenschläger skreiv sitt herlege dikt um. Ei bondegjenta kom dansande burt etter marki, og so snaavad ho. Ho saag etter, kvat det var foten hadde støytt imot, og saag det var ein malmspiss. Dei grov rundt, og eit

herlegt drikkehorn av skirt gull, utkrotat med runor og teikningar lyfte seg uppyver moldi.

Fleire aar seinare var det ein bonde, som pløgde nede i Slesvik. So pløgde han upp nokot snodigt, som skein so underlegt, og det andre gullhornet var funnet.

Det er no inkje kvar dag dei i Danmark elder Norig kann finna elder pløgja upp gamle gullhorn or marki. Men kor ofta er det inkje tilfelle, at me aar etter aar kann ganga som blinde framum vaare eigne rikdomar og trakka paa deim og inkje drøyma, at dei er til. Det er tilfellet, som lyfter deim upp i dagen. Baade koparverket med Røros og sylvverket med Kongsberg vart opendagade med eit tilfelle. Kor lenge gjekk me inkje og klagad yver, at Norig var eit fatigt graasteinsland, fanst inkje malm her. So opendagar ein braadt, at her er ei mengd med malm, so pengemennerne fraa utlandet strøyma til som ramnar og vil plundra oss — heile malmfjell baade i Føldalen og Sud Varanger, der ein kann driva ut millionar tonn aar etter aar. Der hev desse pengekistorna vaare leget og ventat i hundrad paa hundrad av aar, og bonden hev trakkat paa deim og inkje havt tanke um rikdomen der med foten hans, med' han hev rivet upp bjørketæger til aa flikka paa fatigdomen sin med.

Og kvat skal me so segja um alle fossarne vaare, som i aarhundrad hev sunget visa si um, at her laag kraft, som kunde mala millionar til landet? Me hev inkje kjent krafti og inkje helder, korleides me skulde bruka henne. Mannen er stuttvis, so som mannshausen segjer, han ser inkje lukka, som ligg og kviler under foten hans. Men sjaa no — no slaast me um aa faa tak i

fossarne vaare, no leida me kraft yver fjell og dal. Og gangverk snurra, og vogner renna, og ljos vert kveikte i heimarne vaare og paa gatom — alt berre med krafti fraa desse fossarne, som ein hev vandrat framum i hundrad av aar utan aa ansa deim. Og uteljande kjeldor til kraft og rikdom liggja endaa og er inkje opendagade og ventar berre paa, at ein elder annan mannahaus skal læja aat oss og fortelja oss, kor ofta me ganga framum pengekistorna i Norig, dei som endaa liggja nedgravne i moldi.

Og detta gjeld inkje berre dei matnyttige rikdomskjeldorna, men og dei aandlege. Kor ofta springa me inkje framum vaare eigne gaaverike folk, so dei lyt røma or landet og skaffa seg arbeidsmark i utlandet. Meisteraandi Abel døyr i Paris i fatigdom, Wergeland lyt slutta ei tid med aa dikta, daa ingen vilde lesa dikti hans, Ibsen lyt bannlysa seg sjølv og svelt, daa ingen vilde prenta elder spela skodespeli hans so i fyrstningi. Me sjaa inkje dei aandlege skattarne, som me eig, men traa etter deim, som er framande.

Det som set mannahausen slik i godlag, at han lyt læja andre gongen, er daa han var i kyrkja. Huset er fullt, og presten stend paa stolen. Men det er ein heil hop med usynlege gjester inne, som inkje nett er hyggjelege, for det er ei mukka med trollkjeringar. Og hovdingen deira, gamle Eirik sjølv, er der og held manntal yver herstyrken sin og skriv upp namni deira paa eit kalvskinn, som han maa tøygja og tenja med tennom, med di det er so mange av deim, at han inkje fær rom paa skinnet.

Kan de minnast Garborgs „Haugtussa“, korleides den framsynte Veslemøy ser vardyvli til alle deim, som dansa i stova? Og snart

er det bukkar, og snart er det griser og andre dyr.

Haugtussa ho sit i myrkaste kraa
og ser paa og myler og mumlar;
ho ser det dei andre ikkje kann sjaa,
som villt seg i dansen tumlar.
I stova det kryr
med alle slag dyr,
dei hoppar som skuggar og flyg og flyr.

Kvar ein og kvar ei hev vardyvle sitt,
det fylgjer so truge sin herre;
det eine er svart, det andre er kvitt,
eit stygt og det andre verre.
Aa kunde dei sjaa,
dei fælte visst daa,
og vondskapens vegjer seg vende fraa.

Han Topp-Ola Leite, stroken og stram,
som sviv der med midja den svange,
han hev til fylgje ein haneham
med sterten og sporarne lange.
Han Daase-Per Skau
han heve ein saud,
og sløge Jon Bliland hev reven raud.

Han Late-Knut Aase, Likesæl-Knut
maa fylgjast med feitsugga fæle;
han Andrias Haaland, den gjentefut,
hev bukken hoppand' i hæle;
men søtmælte Svein,
som gjeng der so rein,
hev vargen den graa med dei lange bein.

Med Slurve-Jens fylgjer ein utsvelt gamp,
han fekk korkje høy elder vatn;
og bjørnen er med han sterke Lars-Kamp
men Haale-Jakop hev katten.
Han Kristian Skar
vil vera slik kar,
men harepus spring i hans fotefar.

Ho Skravle-Guri ho hev ei geit
med horni, som kvast kann rispa;

med Rund-Malli hoppar ein smaagris feit
og Flokse-Berit hev tispa.
Ho Mari der nord
ho heve ei skjor,
ho Langskankle-Rakel hev merri stor.

Ho Maren og Mette og Lisabet
og Stine fraa Storbrekk-Møne
og Jorina Klepp og Olina Klett
dei hev berre kvar si høne.
Men megga fraa Aas
med sylv under laas
og garden aaleine — ho hev ei gaas.

Dette er same tanken, som er meint i vaart eventyr med trollkjeringom. Vardyvle elder fylgjorna, som dei gamle nemnde deim, det er to og taatt av dei dansande, det som dei annars løyna so langt dei kann, men som bur dult i deim, og som tyt ut ender og gong, naar dei er sinte elder drukne, og hev gløymt aa agta seg.

Og soleides her i kyrkja med trollkjeringom. Aalmugen, som sit der og læst so from og burtkomen, knepper henderna ihop og ser toskut ut, han hev nog sume trollkjeringar hjaa seg: sine løynlege tankar og kjenslor, som han liver ihop med, naar presten remsar si leksa paa det beste. Kyrkja er inkje so fredlyst eit stelle, som folk meina. For han, som kann sjaa djupare inn, so som mannahausen i eventyret vaart, han ser sjølvaste gamle Eirik millom kyrkjelyden og ei slik mengd med trollkjeringar, at han inkje kann faa rom til deim paa skinnet sitt ein gong. Det vil verta for langt for meg her aa rekna ihop alle dei trollkjeringar, som er jamne kyrkjegjester. Garborg hev gjort det fyre meg i alle dei dansegjesterne, han skildrar. Eg maa nøgja meg med aa nemna dei vanlege og dei verste.

Og so nemner eg fyrst *skrymtingi.* For ein alnedjup skrymtarskap hera me inkje med oss, kvar me fara: skrymting i politik, skrymting i religion, skrymting i alle sociale forhold. Og i fylgje med denne skrymtingi gjeng daa ræddhug, ræddhug for aa vera seg sjølv, ræddhug for aa standa ved ordet sitt, ræddhug for aa hava ei meining. Og so gjeng ein og sukkar og legg hovudet paa skakke og talar um synd og jammerdalen, naar ein vil gjera seg til vens med pietistarne, um dei er i fleirtalet. So gjev ein pengar til missionen, um han er paa moten, endaa ein inst inne ynskjer baade Zulu og Madagaskar og Kina pokkeren i vald. So talar ein paa vegen og paa jarnbana i gudlege talemaatar um denne verdi, som ligg i det vonde, naar ein meiner aa faa bate av det, med' hjartat er langt fraa Gud.

Ja kor mange hev inkje negtat sin herre og meister: sanningi, berre for maten skuld. Dei dylja si rette meining for aa faa eit livebraud. Og kor mang ein egtemann er det inkje, som braskar seg med høg moral paa klubbom og i matsalom, og talar med skjelv i røysti um dei mange skilsmaalssaker, ein no les um i bladom, med' dei hev elskarinnorna sine gøymde bak umhenget. Og kor mang ei sedug kona er det inkje, som smattar ved aa fortelja drøsor um sine ulukkelege medsyster der med kaffikoppen, med' ho sjølv løynlegt held elskarar! Aa den skrymtingi! den skrymtingi!

I det fyrste stykket av romanen: „Sne“ hev Alexander Kielland hudflengt skrymtingi i bladom vaare, synt oss korleides ho grip og smittar heimen og tankestraumen der.

So hev me dei trollkjeringarne, som me kalla

ovtru elder kjeringtru. Dei herja ofta dei norske kyrkjorna. Folk hev tid etter tid lagat seg tankar baade um Gud og mann, som skjemmer desse. Og desse tankarne hev gjort folk harde, dømesjuke og drivet deim til aa forfylgja deim, som trudde eller meinte onnorleides. Dei spelad eit skodespel her i Kristiania, som heitte Anne Pedersdotter. Det, som der var skildrat, gjekk fyre seg i Bergen i det 16de hundradaaret, paa den tid daa Luther livde. Den gongen synte folk, kor fuse dei var i trui, med aa brenna trollkjeringar. I dette spelstykket kann ein høyra prestar, som elles gjeld for aa vera godlyndte, uttala si gleda yver, at herren hev unnt deim den naade aa faa sjaa 6 hekser livande steikte. Me veit, at jamvel Luther raadde folk til aa brenna trollkjeringar. Men naar det, som kallar seg kristendom, kann umskapa bra og snilde folk til aa verta ville som vargar, so er inkje eg hugad paa aa kalla slikt for kristendom, men helder ovtru.

Kor hev inkje baali til inkvisitionen sprakat yver all verdi, der dei beste og mest framkomne aander vart steikte til Guds æra. Ja — men slikt hende den gongen — vil du segja — slikt er umogelegt no. Aa me er inkje so rett trygge endaa kann henda. Naar eg høyrer svaavelpreikarar senda tusund paa tusund av sine medskapningar til eit evigt helvite, berre av di dei inkje kann tru nett dei same læresetningarne som dei sjølve, naar eg minnest den nordmannen upp i Dakota ein stad, som sa' med meg, at um eg saag Kristofer Janson liggja utanfyre døri mi og vrida seg i verkeplagor og stynja etter ein drope vatn til aa svala tunga si med — eg vilde kjenna det som mi *kristne skyida* aa negta honom det —

ja naar eg minnest slikt, so vil eg hugheilt segja, at det slag kristendom, som kann umskapa den naturlege medhugen til folk og gjera deim harde som stein, han er ei trollkjering, som gjerer vondt i staden for godt. Den rette kristendomen, anten han so kallar seg katolsk, luthersk elder unitarisk, skulde gjera folk milde, kjærlege, tolsame. Gjerer han inkje det, vert han ei trollkjering.

Det er ei ulukka med oss, at det er so mange, som lita paa, at dei *ytre* raader og skikkar skal forda deim trygt til himmerike. Dei kann sitja i kyrkja med harde hjarto, løynlega grunda paa aa snyta grannen i handel til dømes, og likevel kjenna seg trygge, for dei er døypte og dei gaa til alters, og dei læra etter læreboki og so trengst inkje meir. Trollkjeringar!

Og kor mange er det inkje, som sit i kyrkjom og let heilt burtkomne, med' tankarne deira er alle andre stelle enn i preika. Ei er midt i kjøkenstellet, ein annan tenkjer paa middagslaget med all den gode maten og vinet. Dei unge gutarne sit og skjegla aat gjentom, tenkja paa dansen og laurdagsfriingi — aa det finst mange slag trollkjeringar. Men laast gudlege lyt dei alle, for det høyrer til bygdarskikken.

Siste gongen mannahausen log, det var daa bonden sette krossar paa veggjom i alle husi sine, og so smaatrolli rømde paa alle kantar.

Huldri or haug,
tuft og dverg og draug,
bøyg og bustetroll
bykser inn i koll,
lufsar i kring
lett som ingenting,
kravlar upp paa kant og kista,
lempar seg rom
midt i staak og ljom,

dansar der i kraa,
ingen kann det sjaa.

Og villt og villare hei! det gjeng,
hei kringande deg,
hei svingande deg,
no gjeng det paa kar,
no gjeng det paa spreng
no gjend det forutan maate.
Og aldri saag du slik hurlumhei
med sveim og med staak
med bræl og med braak,
det durer i natti paa langan leid
og dei er fulle og kaate. (Garborg)

Det er liksom smaagreiner paa trollkjeringtreet alle desse smaatroll og styggety, som Garborg her skildrar, og som lufsar og tussar rundt i krokom og i veggjom til folk. Det er avbilætet av freistingarne og dei løynlege myrketankar, som fylgja mannen i heimen hans og i hans daglege gjerning. Men krossmerket jagar deim av. Naar folk skjera det i buveggen elder tjøra det paa stall og løda, so lyt trolli røma.

Det er merkelegt for ei magt alle folkeslag hev lagt i krossmerket, og det til alle tider og yver all verdi. Krossmerket hev vortet eit teikn paa sigren yver det vonde. Det hev fraa fyrstunde ingen ting med Jesu soga aa gjera. Det er tusund av aar eldre enn Kristus, og er berre brukat av kristendomen som eit teikn, som ogso minner um krossfestingi. Ovtrui hev brukat det baade i dei katolske og protestantiske kyrkjorna som ei raad til aa driva burt vonde aander. Bønderne i Italia skjera fliser or krossarne i kyrkjom elder skrapa maalingi av deim, og leggja det paa dei sjuke, so dei kann verta heilbrigda. Og dei norske bønderne gjera mange stader det same som bonden i eventyret vaart. Han skjer elder maa-

lar krossmerket paa veggjom og paa baasom i fjos og stall, so inkje vondt skal koma nær aat korkje folk elder fe.

Krossmerket hev inkje aa gjera med Jesu soga, sagde eg. Men det stend i samanheng med soli og med guddomen. Me kann finna krossmerket inkje berre millom kristne folk, men det er ritat paa dei morknande veggjerne i heidingatemplom, paa fjellsidor, i gravkveiv, paa pengestykke, paa vasor, ja endaatil paa bringa til dei daude.

Millom *Indiafolket* av Brahmatrui hev krossteiknet voret ærat fraa æveloge tider som eit minne um Agni, guden fyre ljoset.

Millom *buddhistom* hev krossmerket voret heidrat og hev vortet klostermerke fyre fleire munkelag.

Paa bilætet av *egyptargudar* kann me ofta sjaa ein kross i handi deira. Me kann finna bilæte av egyptarar, som hev halsband med krossar i. Dei gamle egyptarar brukad og aa setja ein kross paa bakom sine. Mange gravkveivar hjaa egyptarom er bygde i krossform, og kvinnorna bar ofta ein kross til pynt, liksom kristne kvinnor gjera det den dag i dag.

Dei gamle *babylonarar* ærad krossen som eit gudlegt teikn. Paa det kjempestore bilætet av Assyrarkongen Tiglat Pilesar, som er utgravet i Ninive og som no finst i samlingi i London, heng det ein kross paa bringa til kongen.

Dei flaggmerke, som vart borne av *persarom*, daa dei stridde med Aleksander den store (335 f. Kr.) var gjorde i krossform.

Me kann og finna krossmerket paa pengestykke fraa *Vesle-Asia*. Fleire av deim bera ein veder elder eit lamb paa den eine sida, ein kross paa den andre. Lambet peikar daa paa veder-

teiknet i dyreringen og heng soleides ihop med soldyrking.

Paa eldgamle myntar hjaa *fønikarne* hev me og funnet krosssen, kransad med perlor.

Ein kross og eit hjarta kann ein ofta sjaa avbildad paa gravmæli aat *etruskarom*.

Romarar og *grækarar* ærad krossen, lenge fyrr Jesus vart fødd. Ja fyre romarom og fyre etruskarom hjaa dei *folk* i *Nord-Italia*, som bygde paa paalar, hev ein funnet krossen som det teiknet, dei signad kvilstaden til deira daude med.

Hjaa *vaare forfeder* i heidningatidi finna me atter krossformi i Torshamaren. Med honom vigde dei offerdyri sine.

Hjaa *laplendarom* var og krossteiknet eit heilagt merke. Med store høgtider vart alle gudabilæti merkte med det, teiknad med blod fraa offerdyrom.

Dei gamle *druidar* i Storbritannia hadde age fyre krossen. Paa sine heilage tre sette dei ein tverbjelke, so treet saag ut som ein kross.

Den gongen dei spanske missionshærarne fyrst sette foten sin paa amerikansk grunn i det 15de hundradaaret, vart dei reint klumsad, daa dei saag, at krossmerket var lika høgt i æra millom *indianarom* som millom dei sjølve. Paa eldgamle indianske tavlor hev dei funnet krossar, og paa ei endaatil ein blødande guddom upphengd paa krossen.

Keisararne i *Peru*, Inkaerne, heidrad krossen, so spanjolarne endaa tok ein fint lagat marmorkross og flutte fraa deim ut til ei kristi kyrkja.

Av denne lista kann de sjaa, korleides krossmerket hev voret eigedom fyre heile verdi kann me segja, eit gudlegt teikn, som skulde verja

folk mot all vond innverknad og jaga burt all trollskap nett som i eventyret vaart. Og i samanheng med soli stend detta teiknet hjaa alle, for soli driv burt myrkeskodda og skaper ljos og grøderikdom.

Difyr er det og, at St. Olav, som i dei norske eventyri hev løyst av han Tor som ein stridsmann mot all trollskap, alltid freistar aa hefta trolli til soli renn, for daa anten sprikk dei elder vert til stein. I den maalande tilburden, som er skildrad i Olavs soga um det møtet, kongen hadde med heidningom i Guldbrandsdalen, der slær Kolbein den sterke til avgudsbilætet, med det same soli renn, og sjaa — det yr og kryr med rottor og paddor og alt slag styggety ut or bilætet. Og dei maa hava seg av garde, nettupp som i eventyret vaart.

Eventyret vil soleides læra oss, at det gjeld um aa fri kyrkjorna vaare fraa trollkjeringar og fraa gamle Eirik, og fri heimarne vaare fraa alt uty, so sol og ljos og fred kann sleppa inn og vinna siger yver hugen vaar, so skrymting og sedløysa, drikkelyst og pengetorste og andre vonde magter maa fly, og me kann liva trygge under Guds krossmerke. Kann mannahausen hjelpa oss til det, det vil segja, kann vaar bokavl paa alle kantar, dei tankar, som er utgjengne fraa hjernom aat burtfarne ætter, utvikla oss i kunnskap og fred og gleda og vaken medhug, so skal me vera takksame mot slike mannahausar.

Fylgjesveinen.

Det var ein gong ein bondegut, som drøymde um ei prinsessa der langt sørpaa. Og denne

draumen var so livande, at med det same han vaknad, var det som han saag henne smetta ut gjenom døri. Og denne prinsessa var so væn, at guten tykte, han kunde inkje liva, minder han fekk henne. So selde han alt det han aatte og gav seg paa vegen og skulde leita upp henne.

Fyrst so kom han til det landet, der alle vegjerne laag beint fram. Og daa han hadde gjenget der eit bil, kom han til ein by, og i den byen var det eit torg, og paa torget stod det ei kyrkja, og utanfyre kyrkjedøri laag det ein diger isklump, og i den isklumpen laag det eit lik. Og kvar gong kyrkjeaalmugen gjekk inn og gjekk ut gjenom døri, so sputtad dei paa det liket. Detta tykte guten var stygt, og so spurde han, korleides detta kunde hava seg. Jau det var ein illgjerdsmann, som var avrettad for sine ugjerningar.

Kvat hadde han daa gjort? Jau her i livet hadde han voret vinhandlar, og so blandad han vinet med vatn.

Ja, det var fulla inkje rett; men hadde no mannen mist livet fyre det, laut det vera nog, meinte guten.

Men kven skal daa betala alt det, som betalast skal? Folk maa hava sitt, naar dei skal brjota honom ut or isen, kyrkjekassa skal hava sitt for kyrkjemold, gravaren skal hava sitt for gravi, ringjaren skal hava sitt for klokkorna, presten skal hava sitt for talen og klokkaren sitt for aa segja amen — kven skal betala alt detta?

Ja vilde ingen annan, so laut han freista, sagde guten.

Og so braut dei vintapparen ut or isen, og ringjaren ringde, og presten talad, og klokkaren sa' amen, og dei heldt gravøl, so dei baade gret

og log. Men daa guten hadde betalat kvar sitt, so var det inkje myket att.

Men han gjekk glad og nøgd vidare. Og rett som det var, kom det ein mann etter honom. „Du gjeng einsleg du?“ sa mannen.

„Aa nei, eg hev alltid eitkvart til aa tenkja paa, og so er ein inkje einsleg daa,“ svarad guten.

„Men du treng vel ein tenar lel,“ sa' mannen.

„Aa nei, eg er van med aa vera min eigen tenar,“ svarad guten. „Og eg eig inkje pengar til kost og løn helder.“

„Men eg veit, du treng ein tenar, og det ein, som du kann lita paa i liv og i daude“, svarad mannen. „Og vil du inkje hava meg til tenar, kann du taka meg til fylgjesvein. Eg skal inkje kosta deg nokot.“

Ja paa den maaten vilde guten gjerna hava honom, og so vandrad dei daa saman. Daa dei hadde gjenget yver mange aasar og heidar, kom dei til eit tverberg. „Her skal me inn“, sa' fylgjesveinen. Han slo paa bergveggen, han opnad seg, og dei kom inn i ei hall. Der kom det ei trollkjering mot deim og var svært blid og tyd. Ho baud deim endaatil stol. „De kann vera trøytte“, sa' ho, „ver so god aa sitja.“

„Sit sjølv du mor“, svarad fylgjesveinen, og so sat ho. Men den stolen hadde slik gjerd, at han slepte inkje den, som sat der. So ransakad dei berget og fann eit sverd, og det tok dei, med' kjeringi sat der i stolen og sleit.

So gjekk dei yver mange fjell att, og so kom dei til eit annat tverberg. Der gjekk det lika eins, og det, som dei der fann, var eit gull-nysta.

So bar det i vegen atter gjenom skogar og

engjar, til dei kom til tridje tverberget. Der var dei og inne, fjettrad trollkjeringi fast i stolen og tok ein gamall hatt, som gjorde honom usynleg, som hadde hatten paa.

Langt um lenge kom dei til eit sund. „Korleides skal me sleppa yver her?“ spurde guten, „her finst korkje baat elder bru.“ Daa tok fylgjesveinen gullnystat, og kastad det so hardt mot bergveggen paa andre sida sundet, at det spratt attende av seg sjølv. Og so ein gong til og ein gong til, og so lagde det seg ei bru av gulltraadar yver sundet. Daa dei vel var yver komne, nystad guten traadarne til seg att, so fort han kunde. Og det var paa tide, for der kom trollkjeringarne farande so arge, at det stod som ei skodda av deim. Dei sprang ut i sundet og treiv etter traaden, men dei naadde inkje i honom. Og so druknad dei alle tri.

So gjekk guten og fylgjesveinen nokre dagar til og so kom dei upp paa eit høgt berg. Derifraa saag dei ut yver eit rikt land. „No kjem me snart til slottet, der som prinsessa bur, henne som du drøymde um“, sagde fylgjesveinen. „Gakk radt upp til kongen du og fortel honom um draumen din, og kvat det er du vil.“

Jau kongen fagnad deim baade godt og vel. Han bad deim til middags, og daa fekk guten sjaa prinsessa, han hadde drøymt um. Og det var ho livslivande.

Guten fridde daa til prinsessa, og ho sa', at hon likte honom vel. „Men du lyt fyrst greida tri prøvor, for soleides er no lovi her,“ sa' ho. „Og kann du inkje det, so misser du livet. Og so set dei hovudet ditt paa ein stake, so som dei

hev gjort med dei andre friarom, som er komne til gards. Du hev vel set beingrindarne etter deim ute paa tunet?“

Detta tykte guten var uhuglegt, men han vilde daa vita, kvat prøva var.

„Den fyste prøva er, at du skal gøyma denne gullsaksi mi,“ sa' prinsessa. Og dermed flidde ho guten ei gullsaks. „Men kann du inkje gjeva meg den saksi att i morgon middag, so er det ute med deg,“ la' ho til.

„Jau det skulde vera faarlegt aa gøyma ei saks,“ meinte guten, og dermed stoppad han saksi i lumma. Men rett som det var, gav prinsessa seg til aa flogsa med honom, so guten reint miste sans og samling. Og daa han kom upp paa romet til fylgjesveinen, var saksi burte. Guten var reint illa ved, men fylgjesveinen lovad aa hjelpa honom. Han tok sverdet i hand og gjekk ned til stallen, der prinsessa hadde bukken sin standande, han som kunde fara gjenom lufti. So dreiv han til bukken millom hornom og ropad: „Kvat tid fer prinsessa til kjærasten sin, som ventar i fjellet i natt?“

„Klokka elleve!“ mekrad bukken.

Jau klokka elleve stod fylgjesveinen der, og han hadde hatten paa, som gjorde honom usynleg. Og rett som det var, kom prinsessa stiltrande, smurde bukken med ein salve, ho hadde i eit horn og sa': „Til vers, til vers yver mønsaas og kyrkjespir, yver land, yver berg, yver vatn, yver dal til kjærasten min, som ventar i fjellet i natt.“

I det same sette bukken av stad, men fylgjesveinen slengde seg attpaa, og som ein vind bar det gjenom lufti til trollet i berget. „Jau no skal me hava moro“‘ sa' prinsessa og log. “Der er

komen ein ny friar til gards, venen min, men eg vil ingen annan hava enn deg", sa' ho og gjorde seg lækker fyre bergtrollet. „I morgon middag skal han fli meg denne saksi, men her er saksi, og no lyt du gøyma henne i staden".

Jau det skulde han daa gjera, og so fann han fram jarnskrinet med tri laas fyre og skulde sleppa saksi nedi. Men i det same stod fylgjesveinen der og nappad henne. Og han var usynleg. Og so læste trollet i for skrinet og gøymde lyklarne i den digre jakslen si, der han hadde trollverk.

Daa guten kom ned til middags andre dagen, skapad prinsessa seg so spotsk og spansk, at ho snaudt nog vilde sjaa paa den sida, der guten sat. „No kor var det med den saksi, du skulde fli meg i dag?" spurde ho.

„Jau her er saksi," sa guten og heiv henne burtetter bordet, so ho hoppad. Au — prinsessa vart reint illa ved; men det var saksi, ho kunde inkje negta det.

„Det kann vel inkje verta vandare aa gøyma dette gullnystat daa", sa' ho, „for det er den andre prøva."

Nei guten stappad nystat i lumma, men so tok prinsessa til aa basa og styra med honom. Og daa guten kom upp att til fylgjesveinen, var nystat burte. Fylgjesveinen ned til stallen til bukken, dreiv til honom millom hornom og ropad: „Kvat tid rid prinsessa til kjærasten sin, som ventar i fjellet i natt?"

„Klokka tolv!" mekrad bukken.

Jau klokka tolv var fylgjesveinen der andre gongen. Og so gjekk det liksom sist. Han vart med prinsessa til trollet. Men daa ho var framkomi, var ho inkje blid. „Korleides var det

du hadde gøymt saksi?“ sa' ho; „friaren hadde saksi han.“

Nei det var umogelegt, meinte trollet. Og han til aa læsa upp atter skrinet — jau skrinet var tomt det.

„Men no lyt du gøyma dette nystat betre, for det skal guten fli meg i morgon,“ sa' prinsessa.

„Ja so er det best me hiva det paa varmen,“ meinte trollet. Men i det same stod fylgjesveinen der og greip det.

Daa guten kom til middags dagen etter, skapad prinsessa seg endaa meir spansk enn fyrr, drog paa geipen og sa': „Ja so var det detta gullnystat daa.“ „Ja, her er det,“ sa guten og slo det i bordet, so det hoppad, og kongen skvatt av stolen.

Prinsessa vart so bleik som ein naae; men ho tok seg atter og sa': „Du er flink du, det er vel so du skal verta brudgomen min, for siste prøva er vel den lettaste. Du skal berre i morgon fortelja meg, kvat eg no tenkjer paa.“

Aa guten stakkar vart reint annars ved, for korleides kunde han vita, kvat ho tenkte paa. Og so klagad han seg til fylgjesveinen.

Jau fylgjesveinen til bukken som vanlegt og til aa dengja honom. „Kvat tid rid prinsessa til kjærasten sin, som ventar i fjellet i natt?“

„Klokka eit!“ mekrad bukken.

Jau klokka eit kom prinsessa stiltrande med smurningshornet sitt og ropad: „Til vers, til vers yver mønsaas og kyrkjespir, yver berg, yver dal, yver vatn til kjærasten min, som ventar i fjellet i natt.“ Og der bar det av med deim. Men fylgjesveinen slengde seg attpaa. Og daa var han so arg, at han gav prinsessa den eine dulten

etter den andre. Og daa ho var framkomi, gret og jamrad ho seg, for slikt forsett ver hadde ho inkje voret ute i fyrr. „Hagli slo meg, so eg er baade gul og blaa yver heile kroppen,“ sa' ho. „Men ein laaking er du til aa gøyma. Hadde inkje guten nystat meiner du? Men no hev eg funnet paa nokot løgjet. I morgon middag skal han fortelja meg, kvat eg tenkte paa. Og veit du, kvat det var?“

Nei det visste inkje trollet. Jau det var hovudet ditt det venen min, trur du han kann gjeta det?“

Nei det trudde inkje trollet, og so log han som ein annan gast, og prinsessa drog honom i skjeggbusterne hans og gjorde seg lækker fyre honom. Og dei gledde seg, som hadde dei alt hovudet til guten paa stake i kongsgarden.

Daa det leid paa morgonsida, sa' prinsessa, at ho torde inkje rida heim einsleg, trollet laut fylgja. So gjorde han det, men fylgjesveinen vart tridjemannen. Og daa dengde han trollet slik, at det maatte gjeva med det, at slikt ver hadde det inkje voret ute i fyrr. Han vart reint utmasad.

Daa han so hadde set prinsessa vel heim med slottet, skulde han venda att. Men der stod fylgjesveinen med sverd i hand, hogg hovudet av honom, og med det daude trollhovudet under kaapa kom han attende til guten. „Her er det, som prinsessa tenkte paa,“ sa' han.

Daa guten kom til middags den dagen, var prinsessa so blid som ei leika. „Kvat var det som eg tenkte paa?“ spurde ho sleisk.

„Jau detta var det,“ svarad guten, han reiv trollhovudet fram under kjoleflaket og slengde det paa bordet.

Prinsessa vart kvit, som hadde ho leget i jordi; men ho kunde inkje negta, at det var rett.

Og so skulde dei daa tura brudlaup desse tvau. Men brudlaupskvelden sa' fylgjesveinen med guten: „Um du hev livet ditt kjært, maa du lyda paa meg no og gjera som eg segjer. For i natt vil prinsessa hakka hovudet av deg. Ho hev gøymt slagtarkniven under hovudgjerdet. Du maa berre laast som du søv, og naar du ser, ho vil til, skal du springa upp og hava henne ut or sengi. Og so skal du fyrst slita ut paa henne ni nye bjørkeris — eg hev lagt risi til rette under sengi. Og so lyt du skrubba henne i eit ker med fjorgomol mysa, og so maa du skura henne i sur mjølk, og so fær du skylja henne i søt mjølk — daa fyrst vert ho som annat folk.“

Jau guten skulde koma i hug alt detta.

Daa dei daa hadde lagt seg um kvelden, lest han berre som han sov. Prinsessa lettad seg paa olbogen og nidstirde paa honom. Jau han sov. So tok ho og kritlad honom under nasa med eit haar — jau han sov. Daa treiv ho kniven og vilde hakka hovudet av hónom; men i same blinken var guten der, hadde henne ut or sengi og til aa dengja og dengja. Ho skreik og bar seg; men han heldt henne kring handleden med eine handi og dengde med den andre, so lenge kvisten var att av alle dei nye risi. Og daa dei var utslitne, heiv han henne ned i den fjorgamle mysa. Og daa fekk han sjaa, for eit lækkert ting, han hadde fenget tak i, for ho vart svart som ein ramn yver heile kroppen. Men daa han hadde skurat henne i den sure mjølki og skylt henne vel i den søte, so vart ho so blid som ei leika, og daa var trollhamen reint

kvorven. Ho vilde hava guten, og guten vilde hava henne. Og alt var godt og vel.

Og so tok fylgjesveinen alt gullet og sylvet, som i fjellet var, og bar til deim. Og so fylgde han deim heim til det landet guten var ifraa. Og so sa' han, at no maatte dei skiljast. Guten bad honom stana, men det kunde han inkje, sa' han.

Ja kvat løn skulde han daa hava for alt han hadde gjort for deim?

Nei det skulde *inkje* vera det; men vil du no plent gjeva nokot, so kann du gjeva meg helvti av det, du eig um 5 aar.

Ja det vilde guten gjerna. Og daa fem aar var lidne, stod fylgjesveinen der att. Daa hadde guten skift godset sitt i tvo like partar.

„Du hev inkje skift likt,“ sa fylgjesveinen.

Jau det meinte guten, han hadde gjort.

„Nei du heve fenget eit barn sidan sist,“ sa fylgjesveinen.

Ja, det var sant, men det tenkte inkje guten skulde reknast med. Rett skulde daa vera rett — og der treiv alt guten barnet sitt og skulde hogga det og i tvo partar. Daa stoggad fylgjesveinen honom. „Var du inkje glad du slapp hogga no?“ spurde han.

„Jau so glad hev eg inkje voret i mine livedagar.“

„Ja so glad var eg og, daa du løyste meg ut or isklumpen. For no skal du vita, at eg er aandi til honom, som laag fastfrosen der. Og til' takk for det, du hadde gjort, bad eg Vaarherre um, at eg skulde faa lov aa fylgja deg eit aar og rettleida fyre deg. Godset ditt kann du hava, for det treng inkje eg no, daa eg er ei sæl aand hjaa Gud. Høyr — no ringja de etter meg med himmeriks klokkor.“

Dermed sveiv fylgjesveinen burt, og guten saag, kor han karv smaatt um senn.

Det, som det gjeld um i dette eventyret, er aa fri ut ei prinsessa, som er forgjord. Ho er vorti so skakk-køyrd, at ho inkje blygjest for aa leika kjæreste med eit skræmelegt troll, liksom det hadde voret ei menneskja. Det, som vantar henne, er den djupe, trufaste kjærleiken. Ho er vorti so vill og vond, at ho gled seg i aa taka livet av alle deim, som frir til henne. Ho likar aa sjaa hovudi til alle desse stakkarom grina paa paalar i kongsgarden. Ja ho vil endaatil hakka hovudet av den guten, som skal fri henne fraa hennar ulukka, endaa det gjeng paa livet laust fyre honom.

Han, som kunde gjera detta, hadde drøymt um henne, daa han gjekk som bondegut derheima. Og den draumen tok slik magt i honom, at han tykte, han inkje kunde liva, minder han fekk henne. Det syner, at det maa vera nokot godt paa botnen hjaa denne prinsessa, endaa ho ber seg so illa; for ei god menneskja kann inkje drøyma seg sterk i nokot, som er kav vondt, um det er aldri so fint og rikt som alle haugar. Det er her det same tilfellet, som so ofta møter oss i dei gamle segnerne, at det, som me faa evna og lukka til aa gjera, naar me vert vaksne, det hev leikat i hugen vaar, daa me var smaae. Det fyller oss med lengting etter aa freista, kvat me duga til. Ungdomsdraumen er skuggen av framtidi, hev ein diktar sagt. Men det er ofta ein inkje vert til det ein hev drøymt, av di ein for litet ansar den røysti, som lokkar og syng inne i oss, Ein vert sjeldan til nokot større enn det, som

ein drøymde, men ofta til nokot annat. Ein slær av og slær av paa s'ne krav. Og sistpaa innbiller ein seg, at den gilde garden, som freistar ein, det var no visst Soria Moria slottet, eg drøymde um. Og gjenta paa 50 aar, som fylgjer med garden, og som er alt annat enn væn, ho var no visst den prinsessa, eg saag i draumen. Eit livebraud paa 8 000 krunor hev ei vedunderleg dragkraft, um yrket er aldri so keidt og aldri so lite høvelegt fyre meg. Og det var vel detta, eg traadde etter lel, raar eg drøymde stort som gut, og inkje detta andre braudlause strævet.

Men han, som hev smakat, kor det frigjerer ein mann og gjerer honom heilstøypt og glad aa faa liva for det ein hev kjært, og inkje berre spyrja etter løni, han snur inkje so snøgt i bakken.

Det er fyrste stiget, som kostar. Alle avgjerande val i livet kosta. Ein ser, at endaa til fylgjesveinarne til Jesus i ei veik stund spurde, kvat løn dei skulde faa, som hadde gjenget ifraa alle ting og hadde fylgt Jesus. Men etter kvitsundagen, daa eldtungorna hadde skinet paa hovudi deira, og aandi var gjenomglødd av Guds aand, daa spurde dei inkje soleides meir, daa lengtad dei inkje etter kjøtgrytorna i Egyptarlandet, men dei gjekk moduge til baal og øks og hudpisking, predikande Jesu ord og gjerande hans gjerning. Den prinsessa, som apostlarne vilde utfri or trollvald, var den mannaætti, som laag bundi i faakunna og synd.

Og soleides ogso med guten her i eventyret. Naar draumen hev vorte so sterk i honom, at han tykkjer, han inkje kan liva, minder han fær sjaa honom uppfylt, daa skjeglar han korkje til høgre elder til vinstre, men han gjeng rakt

fram mot maalet. Han spyr inkje etter mødorna, han njosnar inkje etter faararne, han gjeng rakt paa. Og for at han inkje skal verta freistad aa ganga attende, so skjer han alle bruer av — han sel alt han eig og legg i vegen.

Og so kom han fyrst til landet med dei beine vegjerne. Og det skal vel segja det same som, at vil ein gjera verk, som duger, so lyt ein fyrst læra aa ganga beint fram og inkje slaa krok. Det er so mange, som vil læra ungdomen vaar ein annan livsvisdom. Det er best aa snu kaapa eter vinden, segja dei, smjuga og smetta. Du lyt vera sleip som ein aal, tuta med dei ulvar, du er imillom. Aa snyta litevetta i ein handel, aa sverja paa, at den starblinde merri di er lytefri, naar han, tosken, som kauper, inkje kann sjaa det — det kann daa inkje vera so faarlegt. „Son min, vil du i verdi fram, so bukk,“ stend det i visa. Naar du berre inkje lyg for grovt, so gjeng det.

Men tvertimot slik hundavisdom set eventyret vaart det velrøynde gamle ordtøket: ærlegdom varer lengst. Han som vil gjera ei god gjerning for mannaætti, maa inkje byrja med aa ljuga og narra. Han maa sjølv ærleg ganga dei beine vegjerne mot maalet.

Men dette landet med dei beine vegjerne, det var og det strenge rettferdslandet. Kvar mann her krev aa faa det, han skal hava paa ein prikk utan aa krevja elder syna miskunn. Difyr er dei so strenge med den stakkars syndaren, som hadde blandat vatn i vinet sitt.

Det er inkje so beint detta aa vera rettvis og gjeva kvar sitt. Serleg er det inkje greidt, naar ein skal hava med motstandarar aa gjera. Ein retttruande statskyrkjemann ser inkje gjerna nokot

godt hjaa sekterna, og desse helder inkje nokot godt hjaa statskyrkjemannen. I politikken skjeller „Morgenbladet“ ut „Dagbladet“, og „Dagbladet“ skjeller ut „Morgenbladet“ og „Socialdemokraten“ peiser paa deim baade tvo. Nordmennerne maa alltid grina og slaast, veit de.

Men likevel likar inkje eventyrdiktaren seg i dette rettferdslandet, for der som ein berre vil syna rettferd og inkje kjærleike, der er inkje verande for arme syndarar. Rettferd utan kjærleike er som ein blom utan ange. Det er bra nog det, at me skal segja sant til alle; men hev inkje denne vaar trong til aa segja sant si rot i kjærleike, daa duger ho inkje, daa kann ho ofta gjera vondt i staden for godt. Det er inkje vaar skylda aa fara ikring og segja sanningar i tide og utide. Det er stunder, daa det er betre aa tegja enn aa tala. Kann du inkje gjera nokot godt med aa segja sant, men berre eggja til vreide og vondord, berre forherda i staden for aa frigjera, daa er det betre aa tegja seg. Gunnar Heiberg hev skrivet eit skodespel, som han kallar „Kong Midas“. Der skildrar han slik ei utidig sanningstrong, og kor mange ulukkor ho kann gjera. Stykket gjeng um ei ung enkja, som hev elskat mannen sin inderlegt og set upp til honom som den reinaste og mest trufaste mannen ho kjenner. So kjem denne sanningspreikaren Ramseth og riv sund alle draumarne hennar. Han fortel henne, at den mannen, som ho hadde havt slik lit paa, hadde voret utru og ein ranglefant. Frua, som fyrr var nerveveik og skral, vert so uppskakad, at ho gjeng fraa vitet.

Det er syrgjelegt men sant, at det finst mange menneskjor, som finna gleda i aa fara kring og fortelja sanningar til folk, sanningar som maa

saara og setja vondt blod, liksom det var tilfellet i eventyret vaart der i rettferdslandet, naar folk sjølvgode sputtad paa den stakkars syndaren i isen. Ei sanning, som fordømer, er lettare aa segja enn ei som frigjerer. Difyr er det og i vaare dagar so mange, som i rettferds namn sputta paa syndaren i staden for aa løysa honom ut. Den stakkaren, som hev fenget eit offentlegt svimerke paa seg, som hev vore' paa tukthuset til dømes, sky me som føre han pestfengd. Han kjenner seg, som laag han i ein avgrunn stødt. Um han aldri so myket hev sett seg fyre aa verta ei skikkeleg menneskja, so kann han det inkje, einast av di han berre møter rettferdige og so faae, som er kjærlege. Han leitar etter tenesta elder eitkvart arbeidet. — „Hev du attestar? Kvar var du sist?" — „Paa tukthuset." „Gud fri oss — nei mange takk!" Og so rek denne ulukkelege mannen ikring fraa hus til hus og fær nei alle stader. Han vert ofta tvingat til aa stela elder gjera nokot galet, skal han inkje svelta ihel.

Men detta samfundet, som er so snart til aa vera rettferdigt og so seint til aa vera kjærlegt, det skulde tenkja paa, at det hev sin store part i alle desse ugjerningarne, som henda kring oss, av di det hev gløymt aa taka slike stakkarar inn til seg og lata deim kjenna ljos og varme, av di det hev tolt, at born vert uppalne i lygn og lort og faakunna og aldri hev rett ut ei hand til deim, aldri gjevet deim eit kjærlegt ord. Me skulde tenkja paa, alle me, som er so svært rettferdige og so litet kjærlege, me skulde tenkja paa, at me ofta stengja framtidi for dei syndararne, som angra, naar me berre svara paa bønerna deira med aa peika paa syndi og so

sputta paa deim. I rettferdslandet er det inkje rom for anger. Og eg tykkjer det er godt gjort av eventyrdiktaren, at han let all denne fordømingi, alt dette hatet i sannings og rettferds namn leggja seg som ei isskorpa kring det stakkars liket, som var utsett der til spott og spe. Den fordømande rettferdi forfylgjer syndaren endaa til etter dauden, hans ettermæle vert ogso sputtat paa.

Men alle desse, som sjølvnøgde sveipa seg i si eigi dygd, med' dei sputta paa syndaren, naar dei ganga framum liket hans der med kyrkjeporten, dei er fuse nog til aa faa kvar sitt. Presten vil ha sitt for talen og klokkaren sitt for aa segja amen; ringjaren skal hava sitt for klokkorna, gravaren sitt for gravi, kyrkjekassa sitt for kyrkjemold, og folk sitt, naar dei skulde sprengja liket ut or isen. Guten maa betala kvar sitt paa skillingen, skal han so sant faa syndaren i kristenjord.

Dei segja so um sume i vaart land — og det dei som vil gjelda fyre dei mest gudlege — at dei og er fusast til aa halda paa skillingen.

Er detta tilfellet, so talar eventyret her eit aalvorsord til deim.

Men *det* er inkje det fremste aa vera rettferdig i smaatt og stort, men aa vera so kjærleg tillika, at ein kann gøyma „syndernes mangfoldighet". Han, som tek syndaren inn aat seg og offrar alt han eig til aa kaupa honom fri, er større enn honom, som sputtar paa honom. Detta er det dømet, som vaar store meister hev gjevet oss, han som med' han vandrad her paa jordi, inkje sputtad paa syndarom men tok tollarar og skjøkor inn aat seg, snakkad godt til deim og vilde reisa deim, med' dei sjølrettferdige farisæarane fornæme

sputtad baade etter honom og fylgjet hans, naar dei drog seg framum, og sveipte kaapefalden tettare kring føterne, so myket dei inkje skulde verta smittade av aa hava røyvt honom. Men freista du aa fylgja hans fyredøme, freista du aa gjera deg til vens med deim, som offentleg er svidmerkte og sputtad paa, og du skal finna ut det, at det finst fleire, som er lik farisæarom enn som er lik Jesus av Nasaret.

At Vaarherre inkje dømer so hardt som folk, det syner seg i eventyret i det, at vintapparen var komen i himmerike lel han, um dei skamfór liket hans hernede aldri so myket. Dei ringde etter honom med himmeriks klokkor stend det. Det maa hava voret nokot godt med vintapparen lel daa, um han endaa i ei veik stund let seg freista til aa driva uærleg handel. Han maa hava angrat og umvendt seg, og den truskapen, som anden hans syner, daa han er fylgjesvein til guten, tyder paa, at han maa hava eit godt hjartelag. Men folk hev so vondt for aa gløyma ei synd, som ein gong er gjord. Det er berre Gud, som tek den burtkomne sonen inn i armom sine, um han er aldri so fæl og hev livt med svinom, naar han berre vil koma attende til honom.

Guten i eventyret vaart offrad alle skillingarne sine, so myket syndaren kunde faa kvila i kristenjord. Han gjekk dei beine vegjerne, men med kjærleike. Og i detta skal me likjast honom.

Det finst ei gomol kjempevisa um St. Olav, som syng den same tekst, at ærleg ferd varer lengst. Der fortel visa, at Olav ein gong skulde kappsigla med bror sin Harald, og den, som fyrst kom til Nidaros, skulde vera konge. Men denne Haralden var ein stor fuling. Fyrst so

narrad han fraa Olav skipet hans, som var ein skarpsiglar, og gav honom sitt tunge, vatsdrukne skip „Uksen“ i byte. Og so strauk han, fyrr avtalen var. Mennerne kom i kyrkja og melde Olav, at bror hans alt hadde siglt. Men Olav svarad: „Lat honom det, me vil halda avtalen.“ Daa tidi var der, gjekk Olav umbord paa „Uksen“ og bad honom rappa seg, so godt han kunde. Men det vilde inkje muna. Og der saag dei alt Harald sigla inn gjenom Nidarosgapet. Daa — so mæler den gamle visa — daa lagde Olav seg paa kne og bad til Gud. Og so gjekk han fram i stammen, dreiv til uksen under øyrat og ropad: „Beint fram ukse i Jesu namn!“ Og dermed tok Uksen til aa hiva seg og renna i vegen, so inkje ein mann kunde standa paa dekk. Og beinast bar det gjenom luft og fjell og jord. Og daa broderen kom siglande inn til bryggja, so stod Olav der og ynskte honom velkomen etter. Sjaa, Olav kjende det ordet, som kunde føra fort og trygt i hamn, um folk brukte aldri so mange motknip. Og det heiter: „Beint fram i Jesu namn!“ Det var detta ordet, guten i eventyret vaart fylgde, og difyr fekk han ei sæl aand til fylgjesvein, som hjelpte honom gjenom alle faarar og trengslor. De kann sjaa, at me i eventyret er heilt inni den kristelege tanken um dei sæle aander som Guds tenarar, som han sender til fylgje og til verja for dei menneskjor, som tru paa honom.

No er det fleire smaating i detta eventyret, som eg vil beda dykk bita merke i. Det er fyrst samsnakket millom guten og fylgjesveinen, daa denne byd seg fram til aa slaa lag med honom. Fylgjesveinen spyr, um det inkje var keidt aa reka slik i kring eismall. Guten svarar, at han

alltid hev eitkvart aa tenkja paa. So spyr han, um inkje guten gjerna vilde hava ein tenar. Guten svarar, at han er van med aa vera sin eigen tenar. So byd han seg til aa verta fylgjesvein, og daa tek guten mot det med fagnad.

Detta, at guten aldri kjenner seg einsleg, men alltid gjeng og grundar paa nokot, det syner oss, at han er vaken, at han ser sig ikring og lærer av alt det, han ser Han gled seg i literne og angen av blomarne, han fegnast ved dei kaate byks og sprang av dyri paa marki, ved surringi av flyet, ved solstraalarne, som dansa millom lauvet, ved gløden fraa luft og hav, ved folk, som han møter paa vegen Gapne folk dei sjaa inkjevetta. Dei trampa sine daglege stig liksom sporvognshestar med skygglappar for baade øyro og augo. Og so er det godt liksom guten aa vera sin eigen tenar. Den som er nøydd til aa olboga seg fram gjenom livet, maa kunna bruka baade hender og vit. Han maa inkje dragsa paa 4—5 kuffertar og trenga ein tenar paa kvar finger.

„Naar du vil paa fjeldesti,
og skal nisten snøre,
læg da ikke mere i,
end du let kan føre,
drag ei med dig dalens tvang
i de lyse lier,
skyl den med ein freidig sang
med ad fjeldets sider.“

Han som vil brjota seg veg gjenom livet, maa inkje halda seg for god til nokot arbeid, som er ærlegt. Det finst mang ein burt i Amerika, som hev byrjat med aa vera skospussar og hev sluttat med aa vera præsident.

Men det er no godt lel aa fylgje i livet,

og det eit fylgje, som er aa lita paa. Ein skal vera seg sjølv, men inkje vera seg sjølv nog. Tvo kann draga større lass enn ein. Og vegen gjeng lettare med samprat, enn naar ein stødt stullar einsleg. Men naar ein skal vera tvo i lag, so gjeld det um aa finna ein trufast fylgjesvein helder enn ein tenar leigd fyre betaling. Ein ven, som tenar meg av kjærleike er meir verd enn ein, som tenar fyre so og so myket um maanaden. Difyr skulde kvar husbond og matmor freista so myket som mogelegt aa skapa tenararne sine um til fylgjesveinar, til vener. Den heimen er lukkeleg, som eig gamle trufaste tenestfolk, som gled seg med husbondsfolket sitt, naar dei er glade, og syrgja med deim, naar dei er sorgfulle, og som verja um heimens æra og velferd, liksom dei var medlemer av huslyden.

I gamle dagar høyrde ein oftare gjetet slike tenestefolk enn no. No renna tenestfolk fraa den eine tenesta og til den andre og berre spyr etter høgste løni. Hjartelaget millom husbond og tenar høyrer ein litet um.

Ein skriv so ofta i bladom um, at det gjeld „disciplin" paa alle kantar millom yverordnade og underordnade. Og det er rett og sant. Nordmennerne serleg kunde trenga litet meir „disciplin". Men eg trur, at den mannen skaper beste „disciplinen" som kann gjera tenaren sin til ein friviljug fylgjesvein, som kann faa honom til aa høgvyrda og elska seg. Soldaten vaagar livet sitt i ufred for den løytnanten elder kapteinen, som han elskar; men det kann nog henda, at han i krutrøyken smeller laust paa den kapteinen, som hev hundsat honom og brukt kjeft paa honom. Den disciplinen, som dei i gamle dagar meinte var naudsynleg aa tvinga fram med svi-

vyrding og juling, han skaper berre trælar. Men den, som kann faa fedralandselsken til aa gløda i soldaten, skaper lyduge og friviljuge fylgjesveinar. Naar me i soga vaar lesa um kjemporna, som fylgde Haakon Athelstansfostre paa Stord og heilag Olav paa Stiklestad, og som glade gjekk i dauden fyre hovdingen sin, so er det ei soga um trufaste fylgesveinar og inkje um leigde trælar. Men den mannen, som er verd aa faa ein trufast fylgjesvein, maa og hava nokot ved seg, som er verdt aa elska og verdt aa hjelpa fram. Og han, som kann syna største kjærleiken, han skal og faa største kjærleiken atter. Og fær han det inkje av menneskjor, so fær han det av Gud, som skal senda ein av sine sæle aander som ein verjande fylgjesvein til honom, soleides som me høyrde det i eventyret.

Liksom det er tilfellet i so mange andre eventyr, so lyt guten ogso her gjenom mange trollberg. Der skal han finna det, som han seinare hev bruk for, paa same tid som han skal faa magt til aa fjettra dei vonde magterna, so dei inkje skal skada hans liv elder helsa. Eg tenkjer nokon kvar hev voret i slike trollberg. Dei, som hev havt ein laak heim, der dei hev høyrt banning og raaskap fraa dei var nevestore, som hev set foreldri sine raga drukne kring og slaast — dei hev voret i trollberg.

Dei som hev ei hard tenesta, der dei aldri høyra eit venlegt ord, men berre vert hundsade og trakkade paa — dei kava i trollberg.

Dei som strida med sjukdom og næringssorg, dei strida i trollberg.

Dei som maa svelta og lesa helsa av seg berre for aa naa snøgt fram, dei maa gjenom trollberg.

Sæl den, som kann sleppa gjenom slike trollberg utan for mange saar, for ein gjeng alltid klokare ut enn ein gjekk inn. Med sine dyrt kaupte røynslor kann dei lettare hjelpa andre, som koma i same naud. Mang ein ung prest til dømes, som meiner det vel, kann inkje finna rette maaten og rette ordi til aa trøysta gamle folk med, naar dei strida med anfegting, av di dei aldri hev voret i slike trollberg sjølve og difyr inkje veit, korleides det ser ut der.

Og likevel skal me inkje lengta etter aa koma i trollberg, for det er inkje sagt, at me kann tola det og koma usaarlege igjenom. Me lyt venta, til lagnaden fører oss dit inn, og daa lyt me sjaa aat aa finna eitkvart der, som kann vera oss til nyttes seinare. Det var fylgjesveinen, som fann fram til guten sverdet, gullnystat og hatten, dei ting, som skulde hjelpa honom fram seinare. Guten visste den gongen inkje, kvat han skulde bruka desse ting til.

Soleides er det mangt i liver, som me inkje hev vit til aa bruka straks, men seinare faa me augo paa det. Soleides med mange kunnskapar me hev fenget i ungdomen, soleides med mange forhold me er komne uppi, som tærer baade paa vaar tid og vaar helsa som det synest utan aa gjeva vederlag. Den dagen me treng røynslorna, vil me sjaa, kvat dei var verde. Tak mot sverdet og nystat og hatten du, endaa du inkje veit, kvat du skal bruka deim til nett no.

Og so kom daa guten, lesst med desse sakerna, som han hadde samlat i trollbergi, til eventyrprinsessa, som han hadde drøymt um. Og so finn han henne forgjord. Ho leikar kjæraste med eit fælt troll. Den givnad, som ho eig til aa draga menner aat seg og til aa kunna elska

djupt og inderlegt, hev ho berre leikat og flogsat burt. Ho driv slikt spel med friarom sine, at dei reint ganga fraa sans og samling. Ho gled seg i aa faa narra livet or deim og sjaa hovudi deira grina paa paalar der i kongstunet. Ho er av dei kvinnfolki, som inkje vyrder det dust, um dei trakka menneskjehjarto og menneskjelukka under fot, naar dei berre faa njota si magt og sjaa, korleides mennerna krøkja seg millom fingrom deira, og standa reide til aa lyda deira minste vink.

Det trollet, som ho hev gjevet seg i vald, kann me gjerna kalla „erobringssykja“ og slike gjentor „kokettor“ naar me vil hava det fint paa fransk. I Gausdal kallad dei deim „ei fjakle“.

Det skal hard lut til, skal ein faa denne styggedomen tvættat burt or ein hug, som er fengd med honom. Ein maa rothogga. Hovudet maa kappast av trollet. Og so lyt fjakla dengjast med ris og skurast i mysa og sur mjølk, fyrr ho kann verta skylt yver med den søti mjølki og verta som annat folk. Eventyret maalar alltid med sterke liter. Ein skulde mest tru, at eventyrdiktaren hadde voret i Amerika og der fenget tak i ein av slike patentmedicinar „for man and beast“.

Og fygjesveinen er det, som raader, og som verjer guten og gjev honom dei vaapn, som kann øydeleggja dei vonde magterna. Under hans vengjor gjeng han fram trygt.

Som de veit, er mange av folkeeventyri vaare fleire tusund aar gamle og hev fylgt vaare forfeder fraa dei eldste bustaderne, som dei aatte i India. Detta er tilfellet med eventyret um fylgjesveinen. Ein kann etterrekkja det hjaa grækarar, hjaa romarar, ja endaatil hjaa jødar. Og

den jødiske formi av det, tenkjer eg dei fleste av dykk kjenna: Det er boki um Tobias, som er uppteki millom dei apokryfiske bøkerne i Bibelen. Vil de saumfara boki um Tobias nærmare, so vil de finna, at me hev eventyret um fylgjesveinen att i alle smaating. Hjaa jødarne er eventyret bundet ihop med ein mann Tobias, som gjerna kann hava livt for alt me veit, av di han gjorde *det* til sitt livsmaal, som er kjernen i eventyret, det soleides aa elska og kjenna seg i blodsband med folket sitt, at han vil freda endaatil deira kvila i gravi.

Daa mange av mine lesarar inkje i ein fart kann minnast innhaldet av boki um Tobias vonar eg, skal eg her so stutt som mogelegt fortelja det.

Det var ein jøde av Naftali ætt, som i fangenskap vart slæpt aat Assyria i lag med andre landsmenner. Dei sleit fælt vondt der. Mange av deim vart drepne, og liki slengde fyre hund og ramn. Daa var det, at gamle Tobias vaagad livet sitt og grov deim ned um natti. Han vart sakad fyre detta og laut røma. Og dei tok fraa honom alt han aatte. Men so vart kongen der i landet myrdad, og Tobias fekk lov aa koma attende. Kona hans og son hans stelte daa til eit lag fyre honom; men Tobias tykte det var synd aa eta all den gode maten einsleg, og so sende han son sin ut, um han inkje kunde faa auga paa ein landsmann, som han kunde beda inn. Sonen kom inn att og fortalde, at det laag eit lik av ein jøde slengt midt paa torget. Daa vart gamle Tobias uppskakad og sprang ut, fyrr han hadde røyvt anten mat eller drykk. Han tok og bar liket inn i huset sitt og grov det ned, fyrr soli gladad. Grannarne log aat honom og

sa', at han laut hava ein underleg hug paa aa døy, ettersom han atter vaagad livet fyre daude kroppar. Men Tobias gret han. Etter Moselogi var han no vorten urein, med di han hadde røyvt eit lik, og han torde inkje treda inn i huset sitt, fyrr han vart reinskad. So la' han seg ute paa tunet inunder muren. Men han hadde inkje gaatt, at det sat sporvar uppe paa muren, og dei slepte lort inn i dei opne augo hans, so dei vart ille, og Tobias vart blind. Han gjekk til doktarar, men dei kunde inkje hjelpa. Kona laut no tena føda med aa spinna, men det var inkje fritt for, at ho gav mannen vondord for det. Det var *hans* skuld, at dei var komne upp i denne ulukka. Daa vert Tobias so hugsprengd, at han bed um aa faa døy. Men so kom han i hug, at han hadde pengar utestaaende hjaa ein ven i Media. Dit sender han daa son sin, unge Tobias.

Paa same tid som gamle Tobias bed Gud um aa faa døy, er det ei ung gjenta i Media, som bed um det same. Ho var so nedfor av sorg, som ho vel kunde vera. Ho hadde sju gonger havt brudlaup, men ein vond ande, Asmodeus, som hadde forelskat seg i henne, hadde myrdat alle brudgomarne brudlaupsnatti. Og no gjekk det ordet, at det var ho, som hadde gjort det. Daa er det, at Gud sender sin engel Rafael, at han skal vera fylgjesvein til unge Tobias. Og denne fylgjesveinen makar det so, at Tobias fær Sara til brud og pengarne i Media. Og han gjev og gamle Tobias synet atter. Han tel unge Tobias til alt, han skal gjera. Han fær honom til aa fria til Sara, endaa han inkje er stort hugad paa det, etter det som hendt er. So fær han Tobias til aa skjera hjartat og livr og galde

ut or ein diger fisk, dei hev teket i elvi. Og so skal han leggja hjartat og livri paa gløder og røykja med det i bruderomet. Og daa den vonde anden kjende røyken, so rømde han til øvste Egyptarlandet, og der batt engelen honom. Og galden smyrja dei so paa augo til gamle Tobias, daa dei er heimkomne. Han fær synet att, og alt endar i hungnad og gaman.

De kann sjaa av detta, at me her hev vaart folkeeventyr atter i alle smaating. *Guten* i eventyret offrar alt han eig, so myket han kann faa det arme burtslengde liket i jordi. *Tobias* offrar si syn og si timelege velferd for det same. Som løn faa dei baade ein ande fraa Gud til fylgjesvein. At det her er unge Tobias, han fylgjer, gjerer inkje skil, for unge Tobias gjeng i stellet fyre den gamle, daa han er blind.

Den *unge gjenta* i eventyret hev hovudi til alle friarom standande paa paalar i kongsgarden; *Sara* i boki um Tobias er og kringsett av daude brudgomar.

I eventyret er det *tri ting*, som skal hjelpa guten fram: eit nysta, eit sverd og ein hatt. I boki um Tobias er det og *tri ting:* hjarta, livr og galde av ein fisk. I baae tilfelle er det fylgjesveinen, som skaffar fram sakerna.

I eventyret ser det ut til aa verta den visse dauden aa bedla til denne prinsessa. Det same er tilfellet i boki um Tobias med Sara; men fylgjesveinen tel til det, og so vert det gjort.

I eventyret elter fylgjesveinen trollet um natti og kappar hovudet av det. I boki um Tobias er det og fylgjesveinen, som set etter den vonde anden paa hans natteferd og bind honom, gjerer honom uskadeleg der i øydemarkerna i Egyptarlandet.

Liksom tilfellet er i eventyret, byd dei ogso i boki um Tobias halvparten av godset sitt som løn til fylgjesveinen. Men han forsmaar det, sidan han er ein engel hjaa Gud.

Grunntankarne er soleides dei same baade i det jødiske og i det norske diktet. Men i maaten aa skildra paa er det stor skil. Det norske folkediktet er sterkt og villt, liksom ein velter paa digre steinar i ei urd. Den jødiske forteljingi er fin og yndeleg, liksom ein gjekk i ein hage med angande mandeltre.

Det som hev gjort dette eventyret so kjært fyre alle folkeætter gjenom so mange hundrad aar er, at det er bygt paa den ævelege sanningi, at Gud vil senda si usynlege hjelp til alle deim, som elska sitt folk so djupt, at dei endaatil freda um deira gravkvila. At denne tanken serleg laut slaa ut i dikt hjaa jødefolket er rimelegt, for det finst inkje eit folk, der familiebandet er so sterkt som hjaa jødarne. Deira bodord og vaart: „ær far din og mor di" gjeld inkje berre vaare kjøtlege foreldre, men alle feder og møder ætterna uppetter, alle deim, som hev graatet og stridt, strævat og bedet og lidet, for at me kann rekka so langt fram, som me no er komne. Det vert samanheng og meining i eit folks soga, naar dei kjenna seg som led av dei burtfarne ætterna, naar dei kjenna, dei hev ervt velsigning elder forbanning fraa deim, ettersom dei hev stelt seg. Kjærleiken til vaart fedraland og vidare ut til heile mannaætti er ein religiøs tanke, for det er den same Gud, som hev andat sin livsande inn i oss alle og kallat oss til aa vera hans born. Og naar me heidra forfederne vaare, so vert me styrkte og uppmodad til aa gjera vaar skylda i vaar tid, som dei gjorde det i si.

Men vaar kjærleike til federne vaare og til kvar menneskja lyt vera hjarteleg meint. Me maa inkje hysa nokon baktanke um verdslege fyremuner. Guten i vaart eventyr offrad alt han aatte, og Tobias offrad sitt syn, so myket dei kunde skaffa sine landsmenner kvila i jordi. Dei hadde inkje baktankar. Men kvar gjerning gjord i kjærleike skal faa si løn. Lat oss hugsa det! Vert inkje gjerningi paaagtad av menneskjor, so vert ho det av Gud. Og han skal senda sine usynlege fylgjesveinar, som skal leida og hjelpa alle deim, som hev voret trufaste mot ungdomsdraumen sin, som hev latet kjærleike og rettferd gjenomgløda sitt liv.

Manndotteri og kjeringdotteri.

Det var ein gong ein enkjemann, som gifte seg med ei enkja. Dei hadde kvar si dotter. Kjeringdotteri var lat og vilde aldri gjera det bidige slag. Manndotteri var flink og viljug; men endaa kunde ho aldri gjera moderi til lags, og baade kjeringi og dotteri hans vilde gjerna verta kvitt henne. So skulde dei ein gong sitja med brunnen og spinna baae tvo. Kjeringdotteri skulde spinna lin; men manndotteri fekk inkje annat enn bust. Og so vart dei forlikte um det, at den, som det fyrst rauk av fyre, skulde i brunnen. Rett som det var, rauk det for manndotteri. Og so laut ho i brunnen. Men ho slo seg inkje. Og daa ho var til botnar komi, saag ho ikring seg ei fager eng. Daa ho hadde gjenget fram eit stykke, kom ho til eit risgjerde. „Aa trakka inkje hardt paa meg du, er du snild,“ sa' risgjerdet, „so skal eg hjelpa deg ein annan gong

eg.“ Ja gjenta gjorde seg so lett som ei fjør, og trødde so vart, at ho mest inkje kom nær gjerdet.

So gjekk ho eit stykke til. Og so kom ho til ei brandutt ku, som gjekk med ei mjølkekolla paa hornom. Men juret stod reint sprengt paa henne stakkar. „Aa ver so snild og mjølka meg,“ sa’ kui, „eg er so hardt mjølkesprengd. Drikk so myket du lyster og slaa resten ut paa klauverna mine, so skal eg hjelpa deg ein annan gong.“ Ja manndotteri gjorde som kui bad, og kolla hengde ho att paa hornom.

Daa ho hadde gjenget eit bil til, møtte ho ein diger saubukk. Han hadde so tjukk og lang ull, at ho slæpte etter honom. Og paa eine hornet hekk det ei stor saks. „Aa klipp meg du,“ sa’ bukken, „her gjeng eg pæser med all denne ulli, og det er so varmt, at eg er um aa kovna. Tak so myket du vil og veivla resten kring halsen min, so skal eg hjelpa deg ein annan gong.“ Ja manndotteri var straks viljug. Og bukken la’ seg upp i fanget hennar, og der laag han so stilt so stilt. Og ho klipte so vart, at han inkje fekk minste risp i skinnet ein gong.

So kom ho til ein apall, som var so full med eple, at alle greinerna var bøygde helt ned i marki. „Aa ver so snild og plukka epli av meg,“ sagde treet, „so myket greinerna kann retta seg atter, for det leitar paa aa standa so krokut. Et so myket du vil og legg resten innved roti, so skal eg hjelpa deg ein annan gong.“ Ja gjenta gjorde nett som treet bad henne.

So gjekk ho endaa eit langt stykke, og daa kom ho til ein gard, og der budde ei trollkjering. Gjenta steig inn og spurde etter tenesta.

„Aa det kann inkje nytta, eg hev havt so

mange, men dei duga inkje," gneldrad trollkjeringi. Men gjenta bad so lækkert, og so fekk ho vera der. Det fyrste trollkjeringi sette henne til var aa hemta vatn i ein haarsil.

Gjenta tykte nog det var urimelegt aa fylla vatn i ein sil, men ho gjorde, som kjeringi bad henne lel. Daa ho kom aat brunnen, song smaafuglarne:

Klin i leir,
stikk i straa,
klin i leir,
stikk i straa.

Ja gjenta gjorde det, og so kunde ho bera vatnet i silen nokso bra. Men daa trollkjeringi fekk sjaa det, sa' ho: „Detta hev du inkje soget fraa ditt eiget brjost."

So sa' trollkjeringi, at ho skulde ganga i fjoset, moka og mjølka. Men daa ho kom dit og skulde taka reka, var ho so tung, at ho inkje orkad lyfta henne ein gong. Daa song fuglarne, at ho skulde taka skaftet og hiva ut ein liten grand, so fór resten av seg sjølv. Gjenta gjorde det, og fjoset vart so reint, som hadde det voret baade mokat og sopt. So skulde ho til aa mjølka, men kyrna var so urolege, baade sparkad og spente, so ho slett inkje kunde koma til aa mjølka deim. Daa song fuglarne:

Liten streng
liten sup
til alle smaafuglar sprut.

So sprutad gjenta ein liten streng mjølk ut til smaafuglarne, og i det same stod kyrna reint kyrre og let henne mjølka seg.

Daa trollkjeringi saag, at ho kom med mjølki,

sa' ho: „Detta hev du inkje soget or din eigen barm; men no kann du taka denne svarte ulli og vaska kvit."

Gjenta skynad inkje, korleides ho *det* skulde gjera, for ho hadde aldri set nokon tvætta svart ull kvit. Men ho gjorde som trollkjeringi bad, tok ulli og gjekk til brunnen med henne. Daa song smaafuglarne, at ho skulde taka ulli og hava upp i den digre bytta, som stod attmed, so vart ho kvit. Daa so gjenta kom med den kvite ulli, sa' trollkjeringi: „Nei, nei, deg nyttar det inkje aa hava lenger, du kom til aa terga livet av meg med det, at du kann alt. Det er best du gjeng atter."

So sette trollkjeringi fram tri skrin, eit raudt, eit grønt og eit blaatt. Og so skulde gjenta faa lov til aa velja det ho vilde av desse tri skrini. Det skulde vera løni hennar. Gjenta stod tvihugad. Daa song fuglarne:

Tak inkje det grøne,
tak inkje det raude,
men tak det blaa,
som me hev sett tri krossar paa.

So tok ho det blaa. „Tvi være deg!" ropad trollkjeringi, „det skal du koma til aa umgjelda."

Daa manndotteri skulde fara, skaut trollkjeringi ei gloande jarnstong etter henne; men gjenta sprang attanfyre døri med det same, so kjeringi raakad henne inkje. Det var smaafuglarne, som hadde aatvarad henne ogso denne gongen. Gjenta skundad seg av so fort ho kunde. Men daa ho kom burtimot apallen, høyrde ho det tok til aa dura. Det var trollkjeringi, som kom set-

jande. Gjenta vart so rædd, at ho visste inkje, kvar ho skulde gjera av seg.

„Kom hit til meg du,“ sagde apallen, „eg skal gøyma deg under greinerne mine, for fær ho klør i deg, so tek ho skrinet og riv deg ihel.“

Gjenta gjorde so, og rett som det var kom trollkjeringi farande. „Hev du set ei gjenta ganga framum her?“ spurde trollkjeringi.

„Ja det sprang ei burtetter for ei god stund sidan; men no er ho so langt burte, at du aldri naar henne atter.“ So vende trollkjeringi og fór heim.

Men gjenta drog vidare.

So kom ho dit som bukken stod. Daa høyrde ho det dura atter. Det var trollkjeringi, som hadde angrat seg og kom att. „Kom hit til meg, so skal eg hjelpa deg,“ sagde bukken. „Gøym deg under ulli mi, so ser ho deg inkje.“

Rett som det var, kom trollkjeringi setjande. „Hev du set ei gjenta fara framum her?“ spurde ho bukken. „Ja, eg saag ei for ei tid sidan, men ho sprang so fort, at du inkje tek henne atter.“

Og trollkjeringi vende. Men ho angrad seg gong paa gong og sette etter gjenta. Og hadde inkje kui gøymt gjenta under juret sitt og risgjerdet gøymt henne under kvisterne sine, so hadde det voret ute med gjenta.

Daa gjenta kom heim til stykmor si og til dotter hennar, vart dei so arge og ovundsjuke, at dei jagad gjenta ut i grisehuset. Der kunde ho halda til. Gjenta vaskad bolet sitt reint, og so let ho upp skrinet og skulde sjaa kvat som i var. Og daa var det so myket gull og sylv og so mange gilde ting, at baade veggjer og tak

vart dekte med deim, og det vart finare i grisehuset enn paa den gildaste kongsgarden.

Daa stykmori og kjeringdotteri fekk sjaa det, spurde dei ut manndotteri, og ho fortalde daa alt, som hadde hendt henne. Og dermed so deiste kjeringdotteri paa hovudet i brunnen.

Det gjekk henne lika eins. Ho kom til risgjerdet og til kui og til bukken og til apallen. Men ho var so arg og sint, at det berre fræste. Ho trakkad paa risgjerdet, so det berre knakad. Ho slengde kolla til kui burt etter marki. Ho klipte store hol i skinnet til bukken og tok all ulli med seg, og ho reiv store greiner av apallen. Daa ho so kom til trollkjeringi, fekk ho og tenesta der. Og so skulde ho og hemta vatn i haarsilen. Smaafuglarne song ogso fyre henne um, korleides ho skulde klara det; men ho berre kastad lort etter fuglarne, so dei flaug sin veg. So kom ho heim utan vatn og fekk skrubb av trollkjeringi.

Lika eins gjekk det i fjoset. Ho kastad myk etter fuglarne og baade spente og sparkad kyrna, daa dei inkje vilde standa still. So fekk ho korkje mokat elder mjølkat. Trollkjeringi jagad henne daa, men ho skulde faa lov ho og til aa velja eit skrin. So valde ho det raude, for det glodde mest. Og ho fekk ganga i fred med skrinet sitt, det var ingen, som vilde riva det fraa henne.

Daa ho kom heim, vart det stor gleda paa mor hennar. Og dei sette seg straks i storstova og skulde til aa forgylla veggjerne sine, som manndotteri hadde gjort. Men daa dei opnad skrinet, valt det ut berre ormar og paddor. Og daa kjeringdotteri opnad kjeften sin, vart det lika eins. Det valt ut ormar og paddor og makkar

og alt slag uty, so dei sistpaa inkje kunde vera i hus med henne. Det var den løni ho fekk fyre tenesta i trollkjeringgarden.

Detta er eit fint eventyr, tykkjer eg. Og det er greidt aa skyna, kvat diktaren meiner med det. Han vil syna oss, at den, som er god og kjærleg, vil faa si løn, og den som er arg og vond, vil og faa si, men ho vert no deretter. Desse tvo, manndotteri og kjeringdotteri er sette fram mot kvarandre til samanlikning. Og endaa det, at den vonde brukar knip og alle moglege meinkrokar, so vert det *ho* lel, som dreg stuttaste straaet.

Kor fint og kløkkjande er inkje manndotteri teiknad. Kor tolug og stilfarande er ho inkje. Kjeringdotteri gjeng der lat og sur, med' manndotteri gjerer hennar arbeid utan knurr, og ho er lika blid. Ho skynar, at dei gjerna vil verta kvitt henne, men ho segjer ingen ting til det, berre gjerer si skylda og er lydug, baade mot stykmor og styksyster. Endaa den gongen dei skal kappspinna, vil dei freista aa lura henne og gjeva henne bust, med' kjeringdotteri fær reideleg lin. Og endaa manndotteri veit, det gjeld livet — for ho skal hivast i brunnen, um traaden ryk sund — so legg ho inkje imot, men tek tolugt busti og tek til aa spinna.

Kor storglade standa dei inkje att, kjeringdotteri og mor hennar, daa dei vel hev slengt manndotteri paa hovudet i brunnen. Kor kaldflira dei inkje, daa dei hev narrat den godfjotta. No slepp dei harma seg yver aa sjaa paa detta blide andlitet stødt. No er ho daud og burte, og dei kann raa grunnen aaleine. Men stakkars

krokarne dei veit inkje det, at den som er god, hev ei usynleg englavakt med seg, som slær ring kring ein og hjelper ein fram gjenom det umoglege, so som me høyrde det i eventyret um fylgjesveinen. Og eventyrbrunnarne, veit du, er inkje som andre brunnar med aur og stein paa botnen. Nei gjenta her ho dalar trygt og godt ned paa ei grøn eng, og der gjeng ho kring lika livande som fyrr. Og no skal det røynast paa mange maatar, um ho er so god, som ho ser ut til.

Fyrst so kjem ho til eit risgjerde, som sprikjer kry med kvistom sine. Det bed, at ho inkje maa knekkja kvisterne, er ho snild. Og gjenta tred so varlegt paa gjerdet, bøygjer dei granne greinerna til sides, so ho inkje skader ein einaste kvist.

Me raaka ofta paa slike risgjerde, folk som det er vandt aa koma nær. Dei tola inkje aa verta trakkad paa, dei er smaasaare og vert tykne, berre ein bryt ein liten kvist av meiningom deira. Naar ein motsegjer deim, so sprikja dei straks. Ein lyt fara varlegt med slike folk. Det er mange umsyn aa taka med deim, so ein inkje saarar den hudlause sjæli deira. Tek ein vart paa deim liksom gjenta i eventyret, so gjerer ein deim til vener, og dei er viljuge til aa hjelpa ein annan gong, naar ein kjem i lægervall. Du gjerer deg sjølv ein bate, um du ser til aa skyna dei ymse folk, som du ferdast millom og agtar deg for aa saara deira veike sidor. Kvat vinn ein med aa krenkja til faanyttes ei onnor sjæl? Den, som vil vera god, buser inkje paa, soleides som kjeringdotteri gjerer etterpaa. Ho bryr seg inkje um annat enn aa olboga seg fram, riva og knekkja og slita. Kvat kjærer ho seg um, at andre hev det vondt, naar berre ho karar seg fram.

Men manndotteri eig slik fin sjæl, at det grys i henne, berre ho tenkjer paa, at ho skulde koma til aa gjera nokor menneskja ilt, naar ho kann sleppa. Kann de minnast, kor varlegt apostelen Paulus fer aat med deim, som paa hans tid vart forargad, av di nokre kristne folk kaupte og aat det kjøtet, som hadde voret vigt til heidningaoffer? Paulus stend paa same sida som dei meir frisinnad og meiner, at kjøt er kjøt, anten offerprestarne hev mullat nokre heidningaord yver det, elder ei. Men han bed sine meir frigjorde brøder likevel aa gjeva avkall paa denne njotingi, so lenge dei veikare harmast yver det. Dei kunde koma til aa taka skade paa si sjæl med slikt. Bøyg kvisterne paa risgjerdet til sides og bryt deim inkje!

So kjem manndotteri til dei andre prøvor, og ho greider deim alle ihop. Det er daa fyrst kui, som gjeng mjølkesprengd, so er det sauden, som pæser i varmen i all ulli si, so er det apallen, som er tyngd av si frukt, so han inkje kann retta greinerna. Gjenta hjelper deim alle til rettes og paa ein slik fin og var maate, at ho inkje skader korkje ku elder saud elder apall.

I alle desse tri tilfelle lyt ein tenkja paa folk, som er soleides tyngde ned med si gjerning, at dei hev vortet uføre til aa fullgjera henne. Kor mange er inkje det tilfelle med? Dei er nær sprengde av sitt eiget arbeid. Dei hev voret so fuse etter aa fylgja sitt kall, at dei hev røynt seg for hardt. Og no merka dei, at dei hev festnat soleides i arbeidet, at dei inkje kann koma korkje att elder fram. Eg vil inkje heftast med slike, som hev fløkt seg inn i so mange gjeremaal, at dei liksom sitja fast i moskarne av si eigi not. Eg vil helder inkje dvelja med deim,

som er so fuse etter og viljuge til aa gjera stat elder kommuna ei beine, at dei lata seg lessa ned med lønlaust arbeid, til dei mest er sprengde.

Men eg tenkjer nærmast paa vitskapsmenner, som hev kavat so trottugt med studeringom sine, at dei hev vortet reint haattlause. Og eg kjem i hug desse mange vekkjings-preikarar, som fara kring og tala paa møte morgon, middag og kveld, til dei mest stupa, og detta berre av brennhug fyre gudsriket, som dei meina.

Eg tenkjer paa ein diktar som *Strindberg* t'l dømes, som kunngjorde, at han midt under strævet med andre bøker hadde planlagt 10 nye skodespel.

Naar eg høyrer um slike aldri kvilande, alltid fødande heilar, so lyt eg spyrja meg sjølv: skal tru inkje desse apallar sistpaa vert so nedtyngde med frukt, at greinerna vil bresta? Elder skal tru dei inkje, lik sauden, vil pæsa soleides i varmen av si eigi ull, at dei snaudt kann røyva seg? Det er baade rett og godt aa bruka sin givnad og sin gode vilje til aa bera rik frukt; men ein lyt agta seg, so ein inkje røyner seg for hardt. Ein lyt inkje ausa ut med slike romhendte fingrar, at ein kjem til aa standa tom og turr atter. Dermed gagnar ein ingen, stend berre der beisk og saar. Ein hev magtstolet sin eigen styrke. Og ein hev vortet lik ein visen mann, som endaa kjenner arbeidshugen fossa i aadrom og vil springa upp paa sine føter utan aa sansa, at ein er nomen, og so sig i golvet, for beini ber honom inkje lenger.

Kvar den, som kann letta den mjølkesprengde kui og klippa den plaagsame ulli av den pæsande sauden og plukka eple av dei tyngde greinerna

paa apailen, gjerer ei god gjerning. Men ein lyt gjera det varlegt og fint, av di ein skynar, kor myket dei er verde desse lidande medskapningar. Henrik Ibsen her hjaa oss stod i mange aar lik ein apall tyngd med rik alda; men det var ingen, som iddest plukka epli hans. Han hadde diktat Fru Inger til Austraat og Gildet paa Solhaug og Hermennerne paa Helgeland og Kongsemnerne og „Kjærlighedens komedie" — meisterverk, som no er verdsette av alle. Men ei tid kunde han mest inkje faa ein prentar til aa kosta sverta paa deim. Det var fyrst etter at Brand var utkomen, at folk skynad, kvat dei aatte i honom. Og no er det fullt av deim, som vil plukka epli til Ibsen.

Og kor mange andre diktarar og vitskapsmenner baade fyre og etter hans tid hev inkje stadet der lik mergfulle tre og hev bodet fram dei saftfulle frukterna sine paa livsens grøne eng, men folk hev inkje ansat deim. Og dei hev vortet standande der, nærpaa kjøvde av ulli og av grøderikdomen sin.

Daa manndotteri kjem i tenesta hjaa trollkjeringi, vil ho faa henne til aa gjera det umogelege: aa hemta vatn i ein sil, aa moka fjoset med ei reka so tung, at ho inkje orkar aa handsama henne. Ho syner med detta, at ho er ei trollkjering av rette slaget, ei som hev gleda av aa faa folk i lægervall og attpaa skamskjella deim, av di dei inkje kann greida tenesta.

Me hev mange slike trollkjeringfruor, som krevja det umogelege av tenarom sine og masa og skjella, naar desse inkje kann greida det umogelege.

Mer trollkjeringi rauk lel her, for ho visste

inkje, at den som er god, vil finna smaa hjelpesmenner, der ein minst ventar aa finna deim. Her er det smaafuglarne, som syngja til manndotteri kvat ho skal gjera. Det er inkje alltid store ting elder svære uppfinningar som skal til. Det er ofta smaating, berre litet leir og litet straa, som kann gjera det, elder aa finna knipet med aa lyfta den tunga reka, so resten gjeng av seg sjølv. I eventyret galdt det berre, høyrde me, aa snu spadeskaftet og faa fyrste skvetten ut, so reinskad fjoset seg av seg sjølv etterpaa.

Kven er so fuglarne, som sistpaa endaa lærde gjenta kunsti aa tvætta den svarte ulli kvit? Ja fuglarne kann vera mange ting dei. Me bruka ofta aa svara borni vaare, naar dei spyrja: men korleides kann no du vita det mor? — aa det var ein liten fugl, som song um det. Desse smaafuglarne kann vera mange ting dei: eit litet ord, som fell paa vegen, ein song ein høyrer, ei bok ein les, kann gjera slik verknad paa ein, kann kasta slikt ljos paa spursmaal, som ein fyrr faafengt hev grundat paa, at det liksom spring upp ein port til nye syner, og det, som tyktest umogelegt, er braadt vortet lett. Kor mange av dei store uppfinnarar er det inkje, som hev gruvlat og grunat. Dei hev maskina si ferdig, men det er ein liten ting, som vantar, som gjerer henne utrygg. So spring det braadt upp i heilen deira, korleides detta skal verta rettat — det var berre ein liten smaating, som var gløymd. Det er detta me kalla inngivnad elder hugskot. Det er dei usynlege smaafuglarne, som syngja:

Klin i leir
stapp i straa.

Og uppfinnaren smiler: det var daa merkelegt, at han inkje fann paa detta straks, det som var so endeframt.

Kor vilde inkje folk for nokre aar sidan hava skrattat, um ein hadde sagt: „No kann dei laga gjødsl ut or lufti.“ Og dei vilde hava svarat spottande: „Ja det er rimelegt det, at *du* kann tvætta den svarte ulli kvit, du ser meg ut til di.“ So kjem smaafuglarne og syng fyre uppfinnaren og sjaa — det umogelege er gjort, den svarte ulli er kvit vorti.

Ja songen til smaafuglom kann gjera underverk han, naar ein berre, som den gode gjenta her, hev øyro, som er upplatne fyre songen. Kor mang ein liten barnasull, mullad attmed vogga til smaaguten, hev inkje voret som frelsande smaafuglsong fyre ungdomar, som stod reide til aa kasta seg ut i kvervelen til freistingarne.

Dei vil busa fram, eggjad av det heite blodet sitt — daa kjenna dei braadt liksom ei hand, som stoggar deim, som stryk deim lint gjenom haaret. Og dei koma braadt i hug ei visa elder ein salme, som mor so tidt song fyre deim, daa dei var smaae. Og bilætet av denne mor stig upp fyre minnet, so som ho strævat fyre deim og byssad og bar deim og vakte uppyver deim, naar dei var sjuke og aldri brydde seg um si eigi helsa og kvila. Og dei unge gutarne vert spake, dei skuva freistningarne fraa seg, dei vert varmhugad med aa tenkja paa mor. Det er smaafuglarne, som hev sunget den vesle hjelpande songen fyre deim.

Elder lat oss tenkja paa harde og stride karar. Dei hev faret illa i trollskulen til livet, dei tvila paa, at det finst nokot godt i verdi, dei snakka

hovne um gudstrui, ho er ein ting, som dei hev lagt etter seg fyre lang tid sidan. Daa høyra dei ein gong brusande orgelmusik. Herlege kor syngja i gripande samljod. Det er som stjernor tindra og glitra, det er som englavengjor susa gjenom romet. Dei kann inkje hjelpa det, dei tek til aa graata. Det er som ei usynleg magt skulde bøygja deim i kne, dei lyt røma ut or kyrkja. Og alle dei kalde paafunn vert sopte burt. Dei kjenner at den evige sjæl er nær. Det er fuglesongen, som vil læra deim aa tvætta den svarte ulli kvit.

Eller dei fara fram ville og lettlynde liksom Bunyan. Daa ser han eit papper liggjande der paa gata. Han plikkar det upp. Det er ei gudleg smaabok, som er slengd der. Han glytter i henne og raakar paa eit ord, som synest sagt nett til honom. Ordet slær ned som ein elding, det skjek honom all igjenom. Han stengjer seg inn paa romet sitt og grundar og vert hugteken. Og ut or denne stilla gjekk han som den Bunyan me kjenna, han som skreiv: „Vandringi til ein kristen" og som vardt kastad i fangehus fyre det, han skreiv. Det var smaafuglarne, som song fyre honom i ordi i denne smaaboki og lærde honom aa tvætta den svarte ulli kvit.

Endaa eit døme. Ein ung, kaut kar, som ser med vanvyrda paa alt i livet, dømer alt som „humbug" aa vera, han møter braadt ei ung kvinna so barnsleg og godtrui, so sjølvgløymande og kjærleg som gjenta i eventyret vaart. Ho *pratar* inkje gudstru, ho *er* gudstru. Det er naturlegt fyre henne aa vera eit Guds barn. Den unge mannen undrast, han skynar inkje slikt aabine. Han freistar prøva, um det inkje skulde gøyma seg nokot iholt elder tilskapt under denne

maska. Men han finn berre ærlegdom. Ho tenkjer berre godt, ho vil berre godt denne unge gjenta. Aa gjera si skylda er berre ei gleda fyre henne, og ho let inkje ille, um andre er urimelege. Denne unge mannen undrast fyrst, so tykkjer han dette er gjævt, so vert han hugteken og so elskar han. Han vert smaatt um senn umskapt i hennar likning. Den unge kvinna hev sjølv vortet smaafuglsongen, som hev lært honom aa tvætta si svarte ull kvit.

Det milde vinn som oftaste lenger fram enn det harde. Soli er sterkare enn vinden. Det duger inkje aa preika og halda hus. Det tryggaste er *vera god utan prat.*

Me finna ofta i eventyri vaare skildringar av slike unge kvinnor, som med si skuldløysa og sjølvgløymande kjærleike faa trollhamen av prinsen, so han vert folk att. Soleides i eventyret Austanfor sol og vestanfor maane.

Det finst vel endaa ei og onnor Solveig, som held Per Gynt fast i si tru, si von og sin kjærleike og dermed vinn honom att. Det vore godt, um det i landet vaart vart myket av slik fuglesong, som kunde syngja ljos og fagnad inn i livet og læra oss kunsti aa verja oss mot trollkjeringskapen, som vil lokka oss upp i det umogelege.

Men vil me læra det, er det inkje nog, at smaafuglarne syngja. Me maa og hava upplatne øyro, som lyda paa songen og retta oss etter honom. Kjeringdotteri fekk og høyra fuglesongen, men ho kjærde seg inkje um honom og rettad seg inkje etter honom. Difyr klarad ho helder inkje arbeidet, men vart jagad or tenesta.

Ho fekk same vilkori som manndotteri, og ho

fekk same tilføre til aa gjera godt som ho, men ho skauv høvet fraa seg og brukte tilføret til aa gjera so myket vondt og so stor skade som mogelegt. Ho kann soleides inkje kjæra seg yver, at ho inkje fekk tilføre nog. Dei fleste folk, ja alle, vil finna tilføre nog til aa utvikla seg i det gode, um dei berre vilde lyda etter og skyna fuglesongen, som dei kann faa høyra paa dei underlegaste stelle, ofta paa botnen av brunnen og i tenesta hjaa trollkjeringar. Men kor ofta maa me inkje klaga med Jesus: kor ofta eg vilde samla borni dine saman liksom ei høna samlar kjuklingarne under vengjorna — og de *vilde inkje.*

Det er inkje alltid det milde, det er ofta det skræmande, som kann verta ein fuglesong for oss, ein fuglesong, som vil aatvara og berga oss. Ein, som hev ervt hugen til drykk til dømes, kann soleides verta uppskakad ved dei forfælande syn, han fær sjaa i ein drikkarheim, at han vert skræmd og dermed bergad ut or forbanningi. Eg hev sjølv upplivt aa sjaa detta. Ein Asworth vart uppfødd millom drikkarar og skjøkor i ein kavroten heim; men sjaa — det forfærdelege, som han vart vitne til mest kvar dag, skok honom soleides upp, at han braut seg igjenom og vart som eit skinande ljos fyre London og verdi, berre hugad paa aa gjera godt.

Ei av dei mange gode raader, som fuglarne gav manndotteri, den gongen ho skulde til aa mjølka dei ustyrlege kyrna, var ogso den, at ho skulde spruta ein liten mjølkestreng til fuglarne, so vilde dei standa kyrre. Det er ofta det, at folk er urolege og misnøgde, av di dei inkje veit, kvat dei skal gjera med stornøgdi si. Lær deim aa spruta ein liten mjølkestreng til smaafuglarne

med vegen, elder um me skal segja det med greide ord, gjer deim viljuge til aa gjera nokot fyre andre, og dei vil straks verta gladare. Eg kjende i Amerika eit rikt parfolk, som klagad seg for, at livet var so tomt for deim. Dei aatte ein fint tilbudd heim, flust av god mat og drykk. Dei sende kvart aar pengegaavor til prestarne, som dei skulde bruka til sælebot paa ymse maatar; men dei var nærpaa aa leidast med livet likevel der i det kalde huset sitt. Ein kjenning av meg talde daa frua til sjølv aa ganga til dei fatige og sjuke og snakka ved deim og hjelpa deim i staden for aa senda hjelpi gjenom andre, so kunde ho nær ved sjaa paa dei forhold, ho vilde lindra. Men ho vart reint førstøkt ved slikt eit forslag. Aa um ho kunde fenget seg til aa spruta ein liten mjølkestreng til dei mange smaafuglarne der med vegen.

So kjem daa den stundi baade fyre manndotteri og kjeringdotteri, daa dei skal velja millom dei tri skrini, det grøne, det raude og det blaae. Kjeringdotteri vel det, som glor mest utanpaa, og det endaa fuglarne aatvarad henne. Men sjaa — skrinet var fullt av ormar og paddor og alt slag styggety, daa dei opnad det.

Manndotteri valde, ettersom fuglarne talde til, det blaae, det som dei hadde sett tri krossar paa. Og sjaa — daa dei opnad kistillen, velt gull ut or honom, so heile grisehuset skin, som være det forgylt.

Dei fleste folk renna etter det som glor, det som ser gildt ut utanpaa, og spyr inkje etter, korleides det er innani. Fine klæde, tom moro, gassing med mat og drykk lokka dei, so dei liva yver evna og gjera baade seg sjølve og grannelaget sitt raae. Sistpaa vert dei leide baade

seg sjølve og andre, naar bikaren med den søte njoting er tømd og berre dranken ligg att paa botnen. Det er liksom makkar og paddor skulde velta seg ut or munnen deira.

Beint imot slike stend daa ho, som vel det blaae skrinet, det som er merkt med krossen til smaafuglarne. Med krossmerket meiner eventyret det som stend i pakt med Gud og med alt som er godt i verdi. Den som traar etter detta som livsløni si, den som vil „samla skattar i himmelen, der korkje mol elder rust kann tæra, og der tjuvar inkje kann brjota gjenom og stela“, som Jesus segjer, ho vel det beste, det som kann pryda endaatil eit grisehus, og som gjerer, at gull dryp or munnen hennar.

Stykmori og kjeringdotteri skumpa manndotteri ned i grisehuset. Dei driva paa med det vonde til det siste. Dei hev no eltad denne stakkars toluge gjenta heile tidi. Og etterpaa driv trollkjeringi paa med aa forfylgja henne. Men det nyttar inkje, som me saag. Endaatil grisehuset forvandlar gjenta til eit hyggjelegt stelle. Og hennar sans for reinleike og hyggje fornegtar seg helder inkje her. For ho nøgjer seg inkje med aa hengja gullstasen, som ho hev tent seg, upp paa veggjerne so som dei er, so han berre gøymer sauren innunder. Nei ho tvættar baade tak og veggjer, fyrr ho hengjer upp gullstasen. Ho, som eig det aandlege gullet, vil inkje nøgja seg med fanteverk. Og ho kann umskapa grisehuset; ho kann skipa det ufjelgaste bol, so det ser ui som den gildaste kongsgard. Ein gløymer armodi og den uvande bunaden, naar berre dei, som liva i huset, skina av aandleg reinleike. Kor ofta hender det inkje, at ein i dei uvandaste forhold kann raaka paa folk med ei adeleg sjæl.

I lidings skulen hev dei lært lydnad og tolsemd liksom gjenta i eventyret. For det maa me inkje springa yver: den harde skulen, som manndotteri lyt ganga gjenom, fyrr ho er verdig til aa faa kistillen med gull i til løn. Fyrst so vil stykmori og dotter hennar plaaga livet or henne, so vil trollkjeringi narra henne upp i det umogelege. Og daa gjenta med full rett hev vunnet skrinet sitt, so elter trollkjeringi henne og vil taka skrinet fraa henne. Og daa kjem det henne til nyttes, at ho hev voret so god, for no slaa dei ring kring henne og vil verja og verna henne alle dei, som ho fyrr hev hjelpt: sauden, kui, apallen og risgjerdet. Den usynlege englevakti kring den, som er god, kann taka ymist skap. Manndotteri held ut og er same audmjuke og toluge sjæli, korleides dei fara aat med henne.

Det høver paa henne dei trøystefulle ordi: „Den som er trufast til enden, han skal faa livsens kruna". Den skulen, som tykkjest oss den strengaste, er ofta han, som utviklar oss best i det gode og som er til størst velsigning fyre oss. Men det er inkje alle, som kann tola denne skulen lika godt. Det er mange, som verta beisklynde og harde. Mannatrui er so ymist lagad. Sume vert utviklad best med sorg og med liding, som staalset viljen deira og aukar deira motstandskraft. Andre krevja gleda og medgang, skal dei verta takksame og arbeidsføre.

Kjeringdotteri fekk same prøvor og tilbod um same hjelp fraa smaafuglom, som manndotteri fekk. Men ho vert berre endaa argare og sintare ved detta. Ho vil ganga sine eigne vonde vegjer. Og det endar med, at det velt makkar og paddor ut or munnen hennar, av di det finst berre makkar og paddor i hjarte-skrinet hennar,

Det er eit framifraa godt bilæte, sette upp mot kvarandre, desse tvo kvinnor: den eine skapande alt ho røyver til gull, so endaa grisebolet skin som ein annan kongsgard, og den andre skapande alt ho røyver til makkar og paddor, so dei endaatil detta ut or munnen hennar.

Gakk ut paa bakgatorna i Kristiania ein kveld, naar myrkelivet tek til derute, og drukne karar raga kring med lause fyrkjor; og du skal faa sjaa og høyra nog av makkar og paddor, som velta ut or munnen paa folk. Dei verste eidar og banningar og liderlege fantord velta ut or hjarte-skrinet deira.

Og likevel hev desse folk ogso havt sine tilbod um aa gjera godt, sine smaafuglar, som hev sunget fyre deim. Dei hev havt skular og lærarar, kann henda ein bra far elder ei bra mor; dei hev høyrt elder upplivt ting, som burde hava drivet deim til ettertanke, um dei berre hadde lydt etter. Men dei hev inkje ansat fuglesongen, ja dei hev gjort beint imot det, som han bad deim gjera.

Det finst inkje raad med slike folk. Dei lyt renna lina ut, til dess dei stupa og sjaa, kor galet dei hev faret aat. Det nyttar inkje aa tvinga deim med nevemagt. Kvar sjæl, som bid, maa velja friviljugt det som kann fremja utviklingi hennar. Men det er fælt aa møta slik naken raaskap, som renn avlaus, som kyter og braskar og vil gjera seg til kar, men som berre lagar pisk til sin eigen rygg, anten straffi kjem som fangahus elder politidom elder brotmannsmerke elder som øydelagd helsa elder samvitsstyng. Eg tykkjer folk skulde vemjast ved aa sjaa paa alle dei paddor og makkar, som velta seg ut or munnen deira; men dei tykkja inkje

det er makkar og paddor kann henda, dei meina gjerna det er gull dei.

Men lat oss taka lærdom av manndotteri, lat oss læra av eventyret aa pynta heimen vaar, um han endaa utantil skulde sjaa ut som eit skrøpelegt grisehus. Saapa og skureklut og vatn hev alle raad til. Og eg hev set den uvandaste stova skina av reinleike og blomar sette i vindaugskvarmen. Og det gullet, som tekkjer veggjerne, og som inkje kongsgarden hev maken til, det er Guds eiget solgull, som fær strøyma inn inkje berre paa dei nakne veggjerne men fyrst og fremst i hjartestova. „Han lærde tolmod av det, han leid", er det sagt um Jesus. Det er det, eventyret vil læra oss, aa faa den guddomlege jamvegti og samljoden i hugen, so han inkje vert skjeken til botnar av livsbylgjom, men berre kaurar litet paa vatsskorpa.

Me hev eit annat folkeeventyr um buskebruri, som er svært lik dette vaart. Det er same blide, jamne, sjølvuppoffrande sjæli, som her vert skildrad. Denne gjenta gjeng so vidt i aa vera beinsam, at ho endaatil kysser dei fæle hovudi, som dukka upp or brunnen, berre fordi dei bed um det, og ho meiner aa gjera deim ei beinka.

I kyrkjesoga finn ein ofta slike folk, som offra seg fyre sjuke, som stella med dei ufysnaste saar og gjera dei ufjelgaste tenestor, berre av di dei er fyllte med Guds kjærleike. Tenk paa slik ein som fader Damien, den katholske presten, som flutte ut paa ei øy, der alle dei spilltsjuke vart sende, og der dei inkje fekk samkvæme med friske folk, berre til aa hjelpa og trøysta desse stakkarane. Der vart han og verande, til han sjølv vart fengd og døydde. Um slike folk kann

ein segja, at dei hev kysst dei fæle hovud, som dukkad upp or brunnen til deim. Og dei hev fenget same løn som buskebruri, den aa skina som dei vænaste i Guds augo, so det dryp gull av deim, berre dei syna seg.

Eg lyt og tenkja paa dei mange kvinnor, eg les um, i ulukkelege heimar, der mannen er forfyllt og fer illa med deim, med' dei er lika toluge og stella fyre dette beistet med rørande kjærleike. Sannelega — dei hev kysst dei motburdsame hovudi, som dukka upp til deim fraa livsens brunn.

Gjev daa me, um me skulde koma i slike tilfelle, kunde fremjast i tolmøde og godleike liksom manndotteri og buskebruri, so det kunde drysja aandlegt gull av oss og.

Kverni, som mel paa havsens botn.

Ein gong i gamle, gamle dagar var det tvo brøder. Den eine var rik, og den andre var fatig. Daa jolekvelden kom, hadde den fatige inkje saadi i huset. Og so gjekk han til bror sin og bad honom um litet til jol i Guds namn. Den rike vart berre arg og sur, for det var inkje fyrste gongen broren var der. Men so sa' han sis'paa: „Vil du gjera det, som eg bed deg um, skal du faa ei fleskeskinka".

Jau det lovad den fatige han skulde gjera og takkad til. „Der er ho, og reis so beint til helvite med deg," sa' den rike og slengde skinka til honom.

„Ja hev eg lovat det, so lyt eg fulla halda det," sa' den fatige. Og so tok han skinka og labbad i vegen.

Han gjekk og han gjekk heile dagen, og i myrkningi kom han til ein stad, der det lyste so gildt. „Her skal du sjaa det er," tenkte mannen med skinka. Ute i vedskaalen stod det ein gamall kall med langt kvitt skjegg. Han hogg joleved. „God kveld!" sa' han med flesket. „God kveld igjen," sa mannen. „Kvar skal den kroppen av so seint?"

„Eg skulde nog til helvite. Du kann vel inkje segja, um eg er paa rett veg?" sa' den fatige.

„Jau det er rett nog, for det er her det," sa' gamlen.

„Naar du kjem inn, so vil alle kaupa skinka di, for flesk er sjeldfengd mat i helvite. Men du skal inkje selja henne, minder du fær den handkverni, som bak døri stend. Naar du so kjem att med henne, so skal eg læra deg aa stilla kverni. Ho er nyttig til litet av kvart ho."

Jau han med skinka takkad for god rettleiding og kakkad paa døri til fanden. Daa han steig inn, gjekk det som gamle kallen hadde spaatt. Alle djevlarne, baade store og smaa, krydde kring honom som maur paa ein makk. Og den eine baud meir enn den andre fyre skinka.

„Baade kjeringi og eg skulde havt henne til jolemat, men sidan de er so forglupne paa henne, so lyt eg vel selja henne," sa' mannen. „Og so kann de gjeva meg den handkverni, som bak døri stend, fyre skinka."

Gamle Eirik vreid seg og vilde naudig gjera det. Han tingad og prutad med mannen; men han var stiv, og so laut fanden ut med kverni.

Daa mannen kom ut i tunet, spurde han vedhoggaren, korleides han skulde stilla kverni. Og

daa han det hadde lært, sa' han takk fyre seg og la' i vegen heim det fortaste han kunde.

Men likevel slo klokka 12 jolenatti, fyrr han naadde heim.

„Men kor i all verdi er du avkomen?“ spurde kjeringi. „Her hev eg setet time etter time og stirt og ventat. Og inkje hev eg aatt so myket som tvo pinnar til aa leggja i kross under jolegryta.“

„Eg kunde inkje koma fyrr, eg hadde nokot aa gaa etter,“ sa mannen. „Men no skal du berre sjaa eit mirakels!“ Og dermed sette han kverni paa bordet og bad henne fyrst mala ljos og so mat og øl og alt som godt var. Og ettersom han sa', mol kverni.

Kjeringi forkrossad seg eine gongen etter den andre og vilde vita, kvar mannen hadde fenget kverni fraa. Men det vilde han inkje ut med. „Du ser, kverni er god,“ sa' han, „og kvernvatnet frys inkje.“ Og dermed so mol han mat og drykk og alle gode ting til joli. Og tridjedagen bad han venerna aat seg, for daa vilde han halda eit gasta lag.

Daa den rike broren saag alt, som i gjestbodsgarden var, vart han baade harm og vill, for han kunde inkje unna bror sin nokot. „Um jolekvelden var han so naudig, at han kom til meg og bad um eitkvart i Guds namn, og no gjerer han lag, som skulde han vera baade greive og konge,“ sa' han. „Kor i heite helvite hev du fenget all rikdomen din ifraa,“ sa' han til broren.

„Bak døri,“ svarad han, som kverni aatte. Han brydde seg inkje um aa leggja rekneskap fyre broren. Men ut paa kvelden, daa han hadde fenget litet i hovudet, kunde han inkje berga seg, daa kom han fram med kverni. Her ser

du den, som hev skaffat meg rikdomen min," sa' han. Og so let han kverni mala baade det eine og det andre.

Daa broren saag det, vilde han endeleg hava kverni. Og langt um lenge fekk han henne; men tri hundrad dalar laut han gjeva imillom, og so skulde den fatige faa hava henne til slaattonni. „I den tidi kann eg mala upp mat fyre mange aar", tenkte mannen.

Daa slaattonni kom, fekk broren kverni; men den andre havde vel agtat seg for aa læra honom aa stilla henne.

Um morgonen bad rikingen kjeringi si aa ganga ut og breida høy etter slaattekararne. Han skulde sjølv laga til dugurds, sa' han. Daa det leid til dugurdsmaal, sette han kverni paa kjøkenbordet. „Mal sild og velling og det baade fort og vel", sa' mannen.

Og kverni til aa mala sild og velling, fyrst alle trog og fat mette og so utyver heile kjøkengolvet. Mannen fiklad og stilte og skulde faa kverni til aa stansa, men korleides han snudde og fingrad, so dreiv kverni paa ho, og snart naadde vellingi so høgt, at mannen var um aa drukna. So reiv han upp stovedøri, men det drygde inkje lenge, fyrr kverni hadde malet full stova og, og det var med naudi at mannen fekk fat i dørklinka nede i vellingflaumen. So sette han ut, men sild og velling etter honom, so det fossad ut yver baade gard og gjorde.

Kjeringi, som var ute og breidde, tykte det drygde lenge, fyrr dugurden vart ferdig. „Eg lyt ganga heim lel, um mannen inkje ropar. Han kann vel inkje stort med aa koka velling stakkar, eg lyt hjelpa honom", tenkte ho.

Slaattefolket ranglad etter, daa dei saag kjeringi

gjekk, men daa dei kom uppetter bakkarne eit stykke, so møtte dei sild og velling og braud fór og slong um kvartannat, og mannen midt i flaumen. „Gud gjeve det var hundrad vomber paa kvar av dykk! Sjaa aat de inkje drukna i dugurdsvellingi," skreik mannen, han sprang, som den vonde var i hælarne paa honom og ned dit, der broren budde. „Tak kverni di att og det paa flekken", skreik han. „Mel ho ein time til, so druknar heile bygdi i sild og velling." Men broren vilde inkje taka kverni, fyrr den andre lovad aa betala 300 dalar til. Det gjorde han, og so stilte broren kverni.

No hadde den fatige baade pengar og kvern. Og daa drygde det inkje lenge, fyrr han fekk seg ein gard myket gildare enn han, som broren aatte. Med kverni mol han upp so myket gull, at han klædde huset med gullplator. Og daa garden laag tett med havkanten, so lyste og skein det langt utyver sjoen. Alle, som siglde framum, skulde no lydast innum og vitja den rike mannen i gullgarden. Og alle skulde dei sjaa den rare kverni, som kunde mala gull.

So kom det ein gong ein skiper og skulde sjaa kverni. Han spurde, um ho kunde mala salt. „Ja det var vel!" Ja daa vilde skiperen hava kverni, ho koste kvat ho vilde, for hadde han henne, so slapp han fara landamillom etter salt. Mannen vilde inkje lata henne til; men skiperen baade tiggad og bad. Og sistpaa selde mannen kverni fyre mange tusund dalar.

Daa skiperen hadde fenget kverni paa ryggen, stanad han inkje lenge, for han var rædd at mannen skulde trega seg. Og so gløymde han aa faa lært, korleides han skulde stilla henne. Daa han var ute paa sjoen komen, fekk han kverni

upp. „No mal salt og det baade fort og vel!" sa' skiperen.

Ja, kverni til aa mala salt, so det berre sprutad. Daa skiperen hadde full last, vilde han stansa kverni, men korleides han fiklad og fingrad, so mol kverni lika radt. Og salthaugen voks høgre og høgre, og sistpaa sokk skipet.

Der stend kverni endaa paa havsens botn og mel og mel den dag i dag. Og difyr er det, at sjøen er so salt.

Dette eventyret er skjemtsamt i formi, men endaa er det som ei skakande botspreika. Det vil skildra den forbanningi, som fylgjer med gullet. Og det er endaa ein ting, som er forvitnelegt med dette eventyret, og det er, at me kan finna det att i Snorre-Edda i segni og songen, som er kallad Grottesongen; men her tred det fram i ein meir vyrdsam skapnad. Vaart eventyr hev skiplat ordleggjingi og gjort segni meir bondsk og ufin. Men grunnlaget er det same i deim baae. I Snorre-Edda fortelst segni soleides:

Kong Frode av Danmark var ein god ven til kong Fjølne i Upsal, som var son til Frey. Ein gong skulde Fjølne fara til gjestebod til Frode, og daa kaupte han med seg tvo sterke og store trælkvinnor av jotunætt. Dei heitte Fenja og Menja, og han gav deim til Frode. Frode sette deim til aa mala paa ei handkvern, som han hadde fenget av ein mann, som heitte Hengjekjeft. Kvernsteinarne var so tunge, at ingen mann i Danmark var god til aa draga deim, endaa dei hadde den eigenskapen, at dei mol fram alt det, som eigarmannen ynskte. Fenja og Menja

orkad aa snu Grotte — soleides nemnde dei kverni — og Frode sette dei til aa mala gull. Han gav deim inkje lenger kvild, enn med' dei kunde kveda ei visa. Daa dei hadde malet eit bil, kvad dei den visa, som kallast Grottesongen, og som me enno kjenna. I dette kvædet ynskte dei, at Frode maatte verta drepen. Og soleides gjekk det. Fyrr natti var lidi, kom sjøkongen Mysing, drap Frode og ranad med seg baade Grotte og dei tvo trælkvinnorna. Ransmannen sette deim til aa mala salt. Og dei mol og mol so lenge, til skipi sokk i Pentlandsfjorden. Etter den tid er det ein kvervel der som sjøen bryt seg ut og inn gjenom augat paa kvernsteinen.

Det som er tyngdepunktet i denne forteljingi er *det*, at daa Frode hev fenget folk til aa snu kverni, vert han gripen av gulltorste og let dei arme trælkvinnorna mala pengar og meir pengar utan aa unna deim kvila og fred. Og han driv paa so lenge, til hemnhugen vert vekkt i desse stakkarom, og dei ynskja, at det skal koma ein, som kann drepa plaagaren. Og han kjem. Men so dreg pengetorsten ogso honom i forderv, til dess baade han og trælkvinnorna og Grotte gjeng til botnar.

Eventyret vaart er meir umstendelegt. Og eventyrdiktaren hev leikat seg med nokre lentor, fyrr det kjem til hovudpunktet, det at eigaren let kverni mala gull og meir gull, so han inkje berre legg seg til ein grust gard, men let husi sine bordklæda med gullplator, so det lyser paa langan leid.

Det syner den svoltne og fatige norske bonden, at det fyrste han ynskjer seg, daa han hev fenget tak i kverni, det er øl og mat. Og so mel han daa fyrst budi mett med flesk og spike-

kjøt og pylsor og annan god stabburskost. Og aattpaa gjerer han eit gasta lag, der dei kann eta og drikka, so myket dei lysta. Aa tenkja paa aa skaffa seg kunnskapar og mala fram gode bøker elder gjera nokot godt fyre sambygdingarne sine, det kann inkje koma i hugen hans. Nei magesekken fyrst og sist — maten, den velsignad maten! Og det syner den tarvelege luft, som eventyrdiktaren andar i, at naar endaatil den *rike* broren skal til aa ynskja seg ein godbit, so vert det inkje til meir enn sild og velling og velling og sild. Men det fær han daa so rikelega, at baade han og all bygdi er nær paa aa drukna i berre sild og velling.

Og naar so desse kverneigarar hev fenget smak paa annat enn berre mat og tek til med aa mala gull, so gjera dei inkje det for aa gjera godt med det, men berre for aa braska og brikja seg. I si faafengd og skryt bordklæda dei husi sine med gullplator.

Men kor kann ein venta betre, naar kverni er hemtad fraa helvite og er ei gaava fraa gamle Eirik sjølv? For her ligg aasen, som eventyret snur seg kring.

Detta aa kunna faa alt, ein peikar paa, berre med aa *ynskja* det og inkje *arbeida* for det, det er ei *forbanning* og inkje ei *velsigning*.

Skal det aa hava pengar i søkk og kav verta til velsigning for ein sjølv og for andre, so maa ein hava kunnskapar og daning, so ein kann sjaa alle dei samfundsveilorna, som ropa etter hjelp og umvøling. Og so lyt ein eiga eit godt hjartelag og kjærleike til medmenneskjor. Hev ein inkje det, so vert kverni, som kann mala gull, berre ei forbanning, vert ei gaava fraa helvite og inkje fraa himmelen.

Eg hev havt eit prov paa det, som er talande nog. Det var ein fatig fiskar paa sørlandet ein stad, som budde i ei gisnad hytta, so regnet silad ned gjenom taket; men han hadde inkje raad til aa faa hytta vølt. Og litet kunde han livnæra seg og sine.

So slumpar han til aa skjerpa nokot thorit — det var den tid, det var slikt jag etter detta paa sørlandet. Og karen tente mange tusund kronor paa detta. Kvat gjerer han so? Du kann vita, han vøler um huset sitt og tettar baaten. Nei takk sa'n. Han stryk til Stockholm, der han aatte nokre skyldfolk, bed deim til middags paa hotel Rydberg og leiger vogner til Djurgården. Og daa han hev ranglat burt siste øyren, stryk han heimetter. Og der sit han i fillehytta si lika fatig og hjelpelaus som fyrr. Sjaa detta er norskt. Gjev ein fatig nordmann braadlegt ein haug med pengar, og han vil i nitti tilfelle ut av hundrad skusla pengarne burt til inkjes elder berre braska med deim, bordklæda huset sitt med gull, so mykket folk maa skrøyta av honom. Sjaa berre paa sjøfolk, som hev fenget hyra si og er slopne i land. Dei slutta inkje med aa drikka og tura og riva i, fyrr siste øyren er gjengen. Ein maa hava daning og hjartelag for aa bruka pengar rett. Annars vert grottekverni berre ei gaava fraa Satan.

Me kann sjaa av eventyret vaart, korleides ho fær magt til aa øydeleggja moralen til denne fatige bonden. Fyrr so var han smaalaaten og nøgd, naar han berre kunde faa litet til jol. Daa han hev fenget tak paa kverni, so tek han straks paa aa snyta bror sin. Fyrst nøyder han av honom 300 dalar og so 300 til, og so vil han leida honom i forderv, daa han inkje lærer honom

aa stilla kverni. Det same spikket driv han sidan med skiperen.

Me hev ei græsk segn um ein konge, som heitte Midas, og som ynskte, at alt, han røyvde med, skulde verta til gull. Og det vart det og. Men han fekk forseint trega paa ynskjet sitt, for endaatil maten og drykken hans vart til gull, fyrr han fekk deim i munnen. Ein kann faa for myket av gull og.

Det er ein svensk diktar, Viktor Rydberg, som um Grottesegni hev skrivet eit av sine veldugaste dikt. Han hev kjent seg uppøst ved ein samfundsurett, som verdi snarare synest auka enn minka, den uretten aa gjera dei smaae og fatige til trælar og tvinga deim til aa snu den tunge kverni, som skal mala gull og meir gull til dei rike. Og so hev han lagat dette diktet, der det gneistar av heilag vreide, og der forbanningi, som fylgjer gulltorsten i hælarne, er maalat med skrikande fargar.

I dette diktet skildrar han kong Frode sitjande i den gilde halli si, kringsett av stas og prakt paa alle sidor og fagnande seg med strengeleik og dansarinnor. Daa kjem kanslaren hans, mammompresten, inn og melder, at dei hev for litet arbeidskraft til aa snu kverni, so framt ho skal kunna mala alt det gullet, som trengst. Hundrad tusund mann slær inkje til. Han lyt faa *træl-kvinnorna* med, og det baade dei unge og dei eldre.

Dette fær han, men det rekk endaa inkje til. Mammonpresten melder, at dei og maa faa *borni*. Frode kvider seg. Han segjer, at borni til trælen treng til aa leika og dansa dei og liksovel som kongen sine. Men presten fortel honom, at det heile trælebølet er nokot lat pakk, som berre stel

og gjerer ugagn, so framt som dei inkje halda deim hardt i tyglen. Kongen gjev seg daa sukkande.

Det tridje bilætet i detta diktet syner oss, korleides gullkverni er vorti ei magt i verdi. Men ettersom gullet fossar inn, aukast og magtgiren og hjarteløysa hjaa kongen. Mammonpresten kjem og skal gjera upp rekneskapen fyre aaret. Me faa daa høyra, at pengekverni hev slitet ut og tynt tri millionar menner det aaret, og at dei no maa taka til *krigen*, so framt dei skal kunna skaffa seg den tilgift i arbeidskraft, som kverni treng.

So skildrar diktet, korleides land vert tekne, og menner, kvinnor og born slæpte burt som fangar. Og no fyrst kann dei gaa i lag med aa setja i verk den draumen, som lenge hev voret paa tale: aa reisa eit tempel fyre mammon, der det skal lava av sylv og gull og glimesteinar. Templet skal vera eit avbilæte av det, som mammontilbedingi krev.

Suleraderna allernedst, dei som bera, skal vera *trælar*. Andlitsbragdi og maatet paa kropparne deira skal syna den plassen, som dei lyt hava i samfundet. Sinarne skal vera strekte, musklarne tande. Med aadrsvulne hender, med tennerne ihopbitne, med vasut skjegg og sveittande haar og med augo gneistande av hat og magtlaus rasing skal dei stydja ryggen sin uppimot veggen.

Andre stokkverket skal *riddarane* bera. Dei skal sitja til hest med sverd i hand.

Tridje stokkverket skal *kyrkja* eiga. Prest skal standa attmed prest lik eit sollyst heilagt gjerde. Og paa toppen av templet skal daa Gud Mam-

mon truna i skap av ei kjempestor bilætstytta, som auser gull ut or yverflødingshornet sitt.

Grottekverni hev no drivet det til aa øydeleggja tie tusund liv um dagen. Men korleides skal ein skaffa mat til alle desse munnar? Daa finn mammonpresten paa den utvegen aa lokka folk, snart med lovnader, som inkje vert haldne, og snart med raa magt burt til vridestongi aat kverni og so gjeva deim litet betaling og slett inkje mat.

Og no rullar diktaren upp eit skakande bilæte av desse kverntrælar, arbeidande under slike vilkor. Me høyra styn og skrik av spott og kval fraa desse arme offerdyr, ei yling, som mest døyver braket av kvernsteinarne og surringi av gullfossen, som utan stans fløymer ut fraa huset til Grotte. Nærmast inn aat den midtre stolpen til kverni er *barnaflokken* bunden. Visnar den vesle kroppen og slaknar han, so susar svipa yver ryggjerne deira. Lipporna skjelva, kinnerna bleikna, taarorna strøyma ned etter vangarne. Men rædsla for piska og otten for aa stupa under føterne aat deim, som koma etter, driv deim fram og atter fram. Men so svimra dei, knei sjangla, dei raga og vert snart trakkad ned under hælarne til deim, som etter koma.

So kjem *kvinnorna* og sistpaa *mennerne*, drivne fram med de piggutte reimarne til futarne. Dei unna deim berre kvila ein gong um aaret, og det er naar den store mammonfesten stend paa. Daa er pengekverni prydd med vimplar, flagd og kransar. Og med hjartelaus spott vert trælarne utklædde med maskeradepynt, og dei måla paa fjæset deira eit flirande Pierrotgrin. Og døyvande dei forbanningsyl, som ropa mot himmelen um hemn, dura trumbor og trompetar i

ein lovsong til pris fyre kong Frode og Mammon.

Dette skakande og harmdirrande diktet er som ei bilætrad til Grottesegni og til vaart eventyr. Det som er forbanningi i vaar tid og i alle tider er torsten etter gull. Han eggjar fram sjølvkjærleiken, han holar ut hjartelivet, han forherdar og gjerer mannen til stein. Det er denne gulltorsten, som hev skapt ein samfundsskipnad, der folk sjaa paa kvarandre som uvener i staden for vener, der ein trakkar ned grannen sin utan aa faa vondt samvit av det, der ein bind kvar, som ein kann faa fat i, fast til vridestongi til Grotte og tvingar honom til aa mala gull og dermed ogso ve og forbanning ut yver jordi.

Me kjenna alle forteinaden i det gamle testamentet um Israelsfolket, som gjorde seg ein gullkalv, daa Moses vart so lenge burte, og so dansad um honom som for eit annat gudebilæte den gongen Moses kom ned fraa berget med steintavlom. Men Moses vart so fjettrad av sorg og vreide, at han kraste sund gullkalven, mol broti til dust og let syndarane drikka gulldusti blandad med vatn.

Sjaa denne forteljingi er inkje skrivi berre til aa aatvara jødefolket men og alle andre. For denne gullkalvedyrkingi er vorti international. Og det merkelege er, at so mange folk tru, at dei tilbeda den same guden, med' det berre er gullkalven, som dei dansa kring, og som eig heile hjartat deira. Og det einaste skil paa vaar tid og paa tidi til det gamle testamente er, som den amerikanske presten Pentecost flirande segjer, at „kalven no hev vakset upp til aa verta ein skapleg ukse“. „Kristendomsguden er gullet,“ segjer den same presten. „Dei hev berre skiplat

stavingi paa namnet til den høgaste. Dei hev stunget l inn i det. I staden for Gud' lesa dei no guld. Og likevel meina dei, at dei tilbeda den høgste skaparen. Templi hans kann du finna paa alle stelle. Folk segja, at dei frygta og elska honom. Dei syngja til Guds pris, men ringlingi av gullpengarne er i røyndi musiken til kristendomen. Folk beda til Gud, men likevel meiner kvar og ein, at pengarne kann svara betre paa bønerna enn Gud kann. Me byggja finfine kyrkjor til Guds æra, men dei bygnader, der den rette gudstrui vert sett i verk, det er krambuderna og fabrikkarne, bankarne og børserna. Det som mannen steller med dei 6 dagarne i vika, det er rette religionen hans og inkje den gudstilbeding, som han gjerer ifraa seg tvo timar paa sundagen.

Denne pengetraa forgjerer inkje berre den fatige bonden i eventyret vaart, men pengetorsten trengjer inn i alle lag av samfundet. Han gjeng som i eventyret heilt ned til botnen. Kven negtar aa taka mot kverni, naar ho byd seg til. For gullhopen sel folk stødt og stendigt si yvertyding, si æra, si sjæl. Pengetraai gjenomsyrer endaatil vaare kjærleiksforhold. Unge folk drøyma um og sjaa seg um etter *rike* unge gjentor. Og dei unge gjentorna sjaa seg um etter *rike* unge menner. Pengetraai vinn paa skilnaden i alder, ja personleg ufysa. Ein kann høyra um dei mest motburdsame egteskap, naar ein av partarne berre eig ein titel elder pengar. „Kor mange pengar eig han? kor mange pengar eig ho?“ — det er spursmaalet, som ein lagar sine egteskap etter. Kor mange finst det inkje, som hev givet avkall paa sin kjærleike berre for aa faa gifta seg inn paa ein grust gard elder faa ein arv. Dyr-

kingi av gullkalven er komi i stellet for dyrkingi av kjærleiken. Pengekverni til Satan er flutt inn i heimarne. Mange unge folk kann inkje gifta seg, av di dei inkje kann skaffa seg slik ei Grottekvern, og kjæresten vil hava baade fine klæde og rik husbunad og moro.

Og sjaa etter i handelsverdi. Kor mange kaupmenner er det vel, som er nøgde med sitt daglege braud og med aa liva hyggjelegt med huslyden sin?

Nei dei vil auka og auka umsetningi, dei vil faa pengekverni til aa mala fleire og fleire pengar.

Men gjerer alt dette strævet folket lukkelegare? Aa nei, det slapp det vel. Forretningsfolk, og daa helst dei rikaste, som skal taumkøyra alle dei ville spekulations-hestarne sine, dei liva jamnast eit gledelaust, slitande slaveliv.

Sume unna seg inkje kvila sundagen ein gong, dei maa og den dagen mala pengar og pengar. Folk binda seg viljugt til vridestongi til Grotte, kann dei so sant skapa ihop gullflaumen aat seg sjølve. Og daa spyr dei inkje etter, um den eine kjem til aa trakka ned den andre. I handel finst inkje brorskap, berre riva fraa kvarandre, underselja kvarandre, narra kundar fraa kvarandre. Det er som dei store pengefolk, forgjorde av gulltorste, inkje vil tola, at dei andre skal faa liva, minder dei vil lata seg surra fast til vridestongi aat kverni deira. Dei skipa kjøtlag og mjøllag og oljelag og kollag, og eg veit inkje alle dei namn, dei hev til alle lagi sine. Skapa dei no alle desse lag av hug til aa hjelpa medmenneskjor til aa arbeida og betra si stilling? Aa nei, var det likt seg? Det er gjort for aa tena sette millionen, naar dei hava dei fem fyrr.

Det er gjort for aa sparka dei andre kjøpmennerne ut, so dei inkje lenger orka aa tevla med deim, inkje meir kann tena braudet i deira næringsgrein. Paa denne maaten er det, at milliardærar skapest. Ja denne pengekverni er ei gaava fraa Satan. Kvat velsigning hev ho vel boret med seg? Det er ein og annan av desse pengegreivar, som ut av si stornøgd kann gjeva burt nokre millionar til gagnsverk fyre landet. Sjølve kann dei litet njota godt av rikdomen, daa dei hev mist helsa si med nerveskakande spekulationar. Og dei hev latet etter seg ein heil flokk av unge ranglefantar, som øyda si tid i den villaste ulivnad, som spreida moralsk rotenskap ned i dei lægre lag i samfundet og forgifta sin by og sitt land.

Naar me lesa i bladom um korleides rikfolket i Amerika liver um sumrarne der i Newport og andre badehotel, so er det som ein lyt krossa fyre seg. Dei tenkja inkje paa annat enn aa finna paa maatar til aa kunna øyda pengar til unyttes. Damorna klæda seg finare enn dronningar. Dei byggja lystbaatar som straalande slott. Dei halda lag so gilde, at keisar Nero inkje hadde det gildare, daa han rasad paa det verste.

Og daa kvinfolket ogso hjaa deim maa hava nokot aa kasta elsken paa, so halda dei fangbikkjor, som kosta 10 000 krunor aaret. Fangbikkja hev ei tenestgjenta, som skal tvætta og kjemba henne og borsta tennerna paa henne og fodra og klæda paa henne. Frua sjølv er ute og luftar dyret ein gong um dagen. Lik alle fine skapningar held bikkja hovudverk og gikt, og difyr halda dei sjukehus til dyr, der dei kann faa gnuing til 4 krunor gongen. Dei senda bikkja til tanndokter, at han skal setja gullfylling i ten-

nerna, naar dei faa tannverk med aa eta for mange søtsaker. Ja dei halda lærarar til deim, som skal temja deim upp til aa gjeva labb paa ein fin maate og setja seg vænt paa sætet. Desse hundelærarar faa meir for timen enn ein musiklærar. Trenga so desse utskjemde og plaagade stakkarane aa liggja paa landet, av di dei ha røynt seg for hardt i vinterstrævet, so hev dei no grunnlagt helsehus fyre hundar, der dei kann drunta fyre 25—50 krunor vika. Og dei som no eiga desse eignaluterne, dei tevla i aa finna paa bisnelege vinterklæde til desse stakkarom. Du kann sjaa hundar klædde i automobilkaapor og med glasaugo. Dei snakka so myket um „dekadanse". Men detta maa de vel kalla „dekadanse" so det munar. Og detta hender, medan tusund paa tusund menneskjor frjosa og svelta, og born døy av vanrøkt. Vil du so inkje kalla Grottekverni, pengekverni, ei gaava fraa Satan, komi lukt ut or helvite?

Det er godt og vel aa smila og segja: „Trur du paa slikt vas? det er berre bladskrønor, som amerikanarane er meistrar i aa setja ihop." Men no er det nyst utkomi ei bok av namngjeven mann, Townsend Martin, som sjølv er rikmann, og som hev livt millom desse milliardærar. Han vissar, at detta, som her er fortalt, hev han sjølv set og røynt. Og han fortel endaatil um middagar, som var gjorde til æra fyre hestar og hundar. Æregjesten, ein hund av ovfint slag, bar eit halsband til 15 000 dollars. Martin fortel um eit kveldslag, der cigarettarne var sveipte i 100 dollarsetlar. Ein rikmann aatte nokre apekattar, som aat paa sylvtallikar og sov i sengjer av filsbein. Denne moroi kostad honom ikring 15 000 dollar. Eit milliardærbarn sov i ei vogga

til 30 000 krunor. Same mannen fortel um ein middag halden i ein hestestall, der hestarne vart godgjorde med champagne. Maa ein inkje kalla slikt Grottekvern-vanvit?

Ein kann forstaa, at folk kann gjeva all si tid og flit til aa mala gull, naar dei kann taka all vinningi sjølve. Det smakar godt aa verta ein kong Frode, som straar ut gull med runde hender og kauper seg magt og stas og alt som vaart hundradaar kann bjoda i kunst og velvære, ja ein som i kraft av gullet kann verta keisar so som Per Gynt drøymde um. Men kvat skal ein segja um alle deim, som *motviljuge* verta offer fyre detta penge-hardstyre, folk, som anten dei so vil det elder ei, berre for mats skuld, maa lata seg surra fast til vridestongi aat Grotte for aa mala fram gull, som dei aldri faa eiga, men som berre gaa til andre? At slik unatur kann finnast det hev skapt denne gapande klufti millom fatig og rik, som Rydberg hev skildrat so skakande i diktet sitt. Og det ser ut til, at dette gilet aldri skal kunna fyllast, fyrr folket vert so pass sam-andsvarlege og kjærlege, at dei slengja pengekverni i havet. Og der kann ho liggja i fred og mala salt, um ho so lyster.

Det er faae ting, som hev gripet meg so aa lesa som eit stykke, eg saag i eit New York blad, den tid eg var i Amerika. Det var ein god mann der, hr. Keyser, som den tid, daa mange var arbeidslause og svalt, freistad aa halda ein matsal open, der fatige folk kunde faa fritt dugurd og kveldsmat. Dei stod i lange rader og ventad i timevis paa, at deira tur skulde koma. Han heldt denne matstova gaaande fraa desember og inn i februar. Daa laut han slutta, av di han inkje hadde fleire pengar. Daa hadde

han skift ut 2 500 matmaal kvar dag. „Det var eit syn, eg aldri gløymer," skriv denne mannen, „denne rad av folk, sume tider ei 1 000 mann, som ventad i kjøld og regn paa, at matromet skulde verta opnat. Laurdagskveld, daa me laut slutta, stod det heile flokkar av svoltne, klent klædde folk der og ventad, med' det kalde regnet silad ned yver deim. Dei hadde inkje tak yver hovudet og ingen ting aa eta.

Inkje hundrad alner fraa den tømde matsalen vaar, heldt dei storlag i eit slott paa den kanten av byen, der folk bur, som minst eiga 75 millionar dollars. I det laget møtte fram hertugar, lordar, greivar, og der var reint ei utstilling av stas og glimesteinar. Husfrua bar eit halsband av demantar, som hadde kostat ¼ million dollars, skreiv avisa. Og laget kostad 20 000 dollars. Rader av vogner stod uppstelite i alle gator kring um. Livréklædde tenarar flaug ut og inn, og feite køyresveinar, klædde i gummislag sat paa kuskebukken. Det som ei vogn kostad, kunde hava voret nog til aa halda matromet vaart uppe ein heil maanad. I slottet derburte var det varmt og godt. Der var strengjespel og vin og gull og glimesteinar og eventyrprakt. Utanfyre i regnet, og so nær, at dansemusikken naadde øyro deira, og den straalande flaum av ljos skein ut yver deim, stod flokken av vonlause skjelvande, utsvelte folk, svikne for den vesle braudmolen og den supa, dei hadde gledt seg til."

Er inkje detta ei skildring, som kann høva til diktet um Grottekverni? At det inkje er komet til folkereising for lang tid sidan er merkelegt. Men den store folkehopen er jamnaste utruleg tolug. Med dauvhug slaa dei seg til tols med

lagnaden sin, let seg trampa ned attmed vridestongi til kapitalistkverni for aa gjeva rom til andre, som og skal mala gull til pengefyrsten og so til takk trakkast ned.

Gakk inn i dei halvrotne gjestehus i New York elder andre storbyar, der den fatigdomen, som strævar med aa vera ærleg, stuvar seg ihop. Sjaa paa desse beinranglar av kvinnfolk, som der sitja i steikjande heite rom — for dei maa alltid halda strjuke- og persejarni varme — sitja der i ei luft, som kunde drepa eit annat menneskje, ei luft, som er ei blanding av kloakgas og matleivingar og lort, for dei hev inkje tid til aa skura og vaska, daa dei maa arbeida 14—16 timar dagen, skal dei tena den matbiten, som varer dagen ut men helder inkje lenger.

Og les du skildringarne fraa fatigkvartali i London, daa er dei slike, at ein kann verta sjuk og tungsint for resten av sitt liv. For ein stirer inn i ein vonlaus avgrunn.

Det ser ut til, at all verdi er umskapt til eit einaste mammonstempel, der pengekverni trunar, og der storhopen, so sant han inkje vil svelta ihel, vert nøydd til aa mala gull til dei rike. Elder kvat segjer du til det, som Brentano fortel i boki um den kristelege socialisme, at dei som stelte med det britiske og utanlendske bibelsellskap betalad so litet til dei unge kvinnorna, som batt biblarne, at dei maatte driva skjøkeforretning attaat, skulde dei kunna klara seg (side 39). Bibelen i den eine hand, skjøkeverk i den andre — er inkje det skrymting og gudsspott so det munar? Dei styrande i bibelsellskapet visste fulla inkje um detta — me lyt vona det i minsto — men dei burde kjent til det. Dei burde kjenna

til, kvat millommennerne fór med, og kor litet dei betalad fyre arbeidet.

Det finst mange varmhjartad menner og kvinnor og samlag, som freista lindra all denne armodsdomen, det er sant. Men strævet deira er som ein drope i havet. Dei tallause streikar og lockouts, som me no plaagast med, er det annat enn krig paa kniven millom gullmylnaren Frode og trælarne hans, som og vil hava sin høvelege part av gullflaumen, som han mel fram.

Aa faa arbeidsløni drivet ned til det minst mogelege, so herrarne kann tena dess meir paa det arbeidet, som andre gjera — det er dessverre endaa den raadande tankegangen. Amerikanarane innførde i si tid kinesarar for aa faa billegare arbeid. Og baade i Danmark og Sverike innkalla dei polakkar til aa reinska ugraset burt fraa sukkernæporna, daa dei kann tinga deim billegare enn sine eigne landsmenner.

Ja dei hev endaatil skrivet i bladom, at ein burde innføra indar, daa dei er viljuge til aa arbeida mest for ingen ting. For ei skam i eit „kristelegt" samfund. Ein lyt minnast diktet til Rydberg, der inkje berre mennerne, men kvinnorna og borni vert piskade av den bleike svolt til aa lata seg surra til vridestongi til gullkverni og so verta nedtrakkade.

Det er haarreisande aa lesa um, korleides born i dei store fabrikbyarne vert nyttade til arbeid, fyrr dei er skikkeleg utvaksne. I staden fyre aa leika seg elder faa læra nokot vert dei innlæste i rom med kvæveleg luft, der dei maa stella dei surrande maskinverk elder pitla traakletraadarne ut or kaapom, som mor deira syr for dei rike fruorna. Det er som den svenske presten Nathan Søderblom skildrad det paa religionskon-

gressen i Stockholm: „Borni i fabrikken, moderi paa eit annat stelle i fabrikken med eit arbeid, som er for klent betalad til aa tena braudet til kona og born“ — det er slagordet til industrialismen.

Imot det lyt kristendomen setja eit annat: borni paa skulen, moderi i heimen, faderen paa verkstaden med eit arbeid, som kann føda huslyden hans, og attaat tilføre til aa njota hyggja i heimen sin. Desse 4 ting: arbeid, løn, kvila, heimhyggja, det laut religionen kunna tryggja arbeidsfolk, um han med godt samvit kann gjeva seg til aa preika fyre deim.“

Det er mange aalvorsame folk, som, lik den amerikanske presten Pentecost, i den tevling som no er grunnlaget i vaar samfundsskipnad, ser roti til alle desse ulukkorna, som pengetorsten skaper. Pentecost skriv soleides: „Det som hev framdrivet gulltorsten og skapt dyrkingi av gullkalven som den einaste Gud, som er verd tilbeding, det er det sociale system, som no raader. Det hev tolt, at dei naturgaavor, som vart etlade *alle*, slike som kol, malm, jord er gjevet som eigedom til *faae*, soleides at kvar manns hovud og hand og hjarta er vendt imot sin næste i fiendskap. Ja det hev umskapt det rike bordet, som naturi hev dukat til alle, og som kunde eiga rom til alle, til eit grisetrog, der sume hev skubbat seg uppi med baae føter, med' størsteparten er skumpad utanfyre.“

Folk trøysta seg med, at denne Grottetrafikk hev medhald av lovi; dei berre fara aat som andre forretningsfolk. Det er difor mange aalvorsame folk, som meina, at det som trengst, er ei umvelting av heile vaart sociale system. Og mange djuptenkjande aander hev brotet hovudet

sitt med aa finna ein skipnad, som kunde vera rettferdig mot kvar einskild mann, paa same tid som han skapte betre livevilkaar fyre alle.

Eg er inkje klok og djuptenkt nok til aa kunna greida ut alle desse flokarne elder døma um, kven som hev rett. Men eg segjer berre: æra vere kvar og ein, som legg seg i selen for aa gjera livet lettare og lukkelegare for dei strævande og sveittande menneskjetrælar. Men eitt maa eg vedgaa: eg trur inkje, at nokor yttre umbot rekk til, so framt inkje ei ny aand, broderkjærleiken, gjenomsyrat alle samfundslag. Brennhug fyre alt, som kann gjera medmenneskjor godt, lyt verta den aandi, som skal gløda gjenom skule og kyrkja og alle uppfostrings verk. Eg kjem i hug, kvat engelsmannen Maurice skriv: „De tru, at umbot, gjorde med lov, er „social reform". Kann de daa umgjera hjartat paa folk med ei avgjerd i stortinget? Kvar ligg utvegen? Han ligg inkje i nokot system elder teori, inkje i nokot parti elder socialt maskinverk men i ei heil umsnuning av hugen. „Gjev meg eit reint hjarta min Gud og ein ny ande" det lyt verta bøneropet til alt folket. Me maa kjenna, at me er medlemer av eit samfund, som hev sams vinning og sams tap."

Dei herlege ordi av Jesus: „alt det, som de hev gjort mot ein av desse mine minste brøder, det hev de og gjort mot meg" dei legg all vegti paa den tanken, at alle menneskjor høyra ihop og er andsvarlege fyre kvarandre.

Kristendomen under alle former skulde alltid treda fram som verjar av rettferd, som stridsmann fyre broderkjærleiken, som forsvar fyre alle lidande. Han bør krasa sund den pengekverni,

som berre vil vera eigedom til nokre faa einstaka folk, som vil misbruka henne til aa mala gull til seg sjølve, med' dei snyta og narra dei andre. Han bør hiva denne kverni fortast mogelegt til havsens botn. Han bør gjera seg til talsmann fyre den grunnsetningi, at kvar menneskja lyt hava rett og tilføre til aa njota heilt frukti av sitt eiget arbeid.

Naar Luther ein stad segjer: „Ein kristen mann spyr inkje etter slike ting som tiende og jordbundenskap. Han let kven som vil det, røva, stela, kua, flaa, riva, eta upp og gjera leven, for han er ein martyr paa jordi" — so er eg inkje heilt samd med Luther i det. Det er sant, at det er betre aa lida urett enn aa gjera urett, det er sant at valdsverk er mot kristeleg tankegang. Men kvar kristen, ja kvar mann og kvinna trass i si gudstru, maa kunna strida for aa faa sin rett paa fredeleg vis. „Er du kallad som træl, so bry deg inkje um det," segjer Paulus til trælarne paa hans tid (1 Kor. 7, 21); „men kann du verta fri, so *vel helder det,*" legg han til.

Lat oss inkje lovprisa det toluge mod, som dyret eig. Lat oss ynskja, at kvar arbeidstræl, um han endaa tolugt maa finna seg i det, som inkje kann vera onnorleides nettupp no, likevel maa arbeida paa aa faa sin fulle rett og betre vilkaar, og inkje meina, at det er ein naade aa faa lov til aa mala gull til andre, med' han sjølv liver armodslegt. Lat oss arbeida paa, at dei ymse arbeidslag ganga ihop so myket som mogelegt er, i fredeleg samdrift og skaffa seg ei pengekvern, som dei inkje maa henta fraa helvite, og som inkje mel gull berre til den eine eigaren; men som kann mala ein fullstor hop

med smaapengar til kvar og ein i samlaget, og som dei vil vera samde um aa snu. Daa kann pengekverni verta til velsigning, naar det er sams andsvar, som styrer henne. Og den pengekverni vil me inkje slengja i havet.

KRISTOFER JANSON:

Framande Eventyr som Taletekster.

Pris 3 kroner.

„Vi maa alle være ham taknemmelig, for der er varige værdier i hans arbeide med eventyrene, slik som han kan fortælle og fortolke. Der er saa meget som Jansons kloke, rike personlighet gir ny glans og saa megen fin livsvurdering han henter ut fra Eventyrland."

S. J. i „Morgenbladet".

„Ingen magtar vel maala eventyrsjæli so fint og vart og rikt i samband med tankar og tru i vaar tid som Kristofer Janson i denne eventyrfilosofien sin. Og sjelden hev det norske maalet bjartare og reinare klang enn her."

Br. i „Den 17de Mai".

Ved Mimes Brønd.

Om vore gamle gudesagn.

Pris 3 kr. 75 øre.

„Janson har paa en glimrende maate behandlet sit emne slik, at læserne vil bli baade fængslet og begeistret. „Ved Mimes Brønd" er ikke mindst en ungdommens bok, en værdig og vakker avslutning paa forfatterens omfattende og rike produktion."

W. i „B. Annoncetidende".



Kristofer
Janson

Norske
Eventyr